


Barnet si stemme i fylkesnemndsvedtak

Marita Brekke Skjelvan



MASTEROPPGAVE

Masterprogram i barnevern

Vår 2011

Det psykologiske fakultet
HEMIL - Senteret

Rettleiar: Ragnild Hollekim

Forord

Det er på ein måte litt uverkeleg at eg no er ferdig med oppgåva, eg sitt her med det ferdige resultatet. Året som verka så uendeleg langt gjekk plutselig så fort. Arbeidet med masteroppgåva har vore spanande og interessant, og eg ser tilbake på eit hektisk og lærerikt år fylt med mange kjensler og opplevingar. Det har til tider vore mykje fortviling, frustrasjon og nedturar undervegs, men mest av alt glede og oppturar.

Det er mange personar som har vore gode støttespelarar dette året. Eg vil særskilt rette ein stor takk til min rettleiar, Ragnhild Hollekim, som har vore til stor hjelp under heile prosessen med oppgåva. Du har vore ei inspirasjonskjelde og hjelpt meg vidare i arbeidet. Utan dine tilbakemeldingar, idear, oppmuntringar, di gode støtte, din motivasjon og svært gode hjelp, ville ikkje oppgåva vore slik den er i dag.

Eg vil også takke familie og vener for all motivasjon, støtte, gode ord og oppmuntrande tilbakemeldingar. Takk til min sambuar for all oppmuntring og støtte, og for at du tok deg tid til å lesa korrektur på heile oppgåva mi. Du har vore til stor hjelp, særleg den siste tida i arbeidet då det til tider var vanskeleg å halda motet oppe.

Mine medstudentar har vore gode å ha, og vi har hjelpt kvarandre vidare. Særleg vil eg takke, Turi. Kva skulle eg gjort utan deg? Vi har samarbeida tett i arbeidet med oppgåva, og gjeve kvarandre gode tips og tilbakemeldingar under heile arbeidsprosessen. For meg har du fungert som ei dra-hjelp, og ein svært god motivator.

Heilt til slutt; Takk til deg kjære bestemor, for at du trudde på meg heile tida og oppmuntra meg til å fortsetje kvar gong eg snakka med deg. Eg klarte det til slutt, og her er det ferdige resultatet.

Sogndal, 19. mai 2011

Marita Brekke Skjelvan

Innholdsliste

| | |
|---|----|
| Samandrag..... | |
| 1.0 Innleiing..... | 1 |
| 1.1 Bakgrunn for val av tema..... | 1 |
| 1.2 Problemstilling..... | 2 |
| 1.3 Oppbygging av oppgåva..... | 3 |
| 2.0 Barnekonvensjonen og Barnevernslova – føringar for barn si deltaking..... | 5 |
| 2.1 Historikk - utviklinga av barnet sine rettar..... | 5 |
| 2.3 Barnekonvensjonen..... | 6 |
| 2.3.1 Prinsippet om barnet sitt beste..... | 7 |
| 2.3.2 Deltakarrettane..... | 8 |
| 2.4 Lov om barnevernstenester..... | 9 |
| 2.4.1 Talsperson..... | 10 |
| 3.0 Fylkesnemnda som avgjerdsorgan..... | 12 |
| 3.1 Fylkesnemnda for sosiale saker..... | 12 |
| 3.2 Fylkesnemndsvedtaket..... | 13 |
| 4.0 Relevante omgrep og teoretiske perspektiv..... | 16 |
| 4.1 Forståing av deltaking som omgrep..... | 16 |
| 4.2 Kvifor skal barn vere deltakar?..... | 17 |
| 4.3 Viktige dilemma kring verkeleggjering av barnet sine rettar..... | 18 |
| 4.3.1 Barn og barndom..... | 18 |
| 4.3.1.1 Ulikt syn på barn..... | 19 |
| 4.3.2 Barn sin tvitydige rettsstatus..... | 20 |
| 4.3.2.1 Å vera ”berar” av ein rett..... | 20 |
| 4.3.2.2 Rettar i konkurranse..... | 22 |
| 4.4 Modellar for å sikre deltaking på ulike nivå..... | 22 |
| 4.4.1 Shier sin modell for deltaking..... | 23 |
| 4.4.2 Skivenes & Strandbu sin prosedyremodell for deltaking..... | 24 |
| 5.0 Relevant forskning..... | 27 |
| 6.0 Metode..... | 32 |
| 6.1 Kunnskapssyn..... | 32 |
| 6.1.1. Sosialkonstruktivistisk og hermeneutisk syn på kunnskap..... | 32 |
| 6.2 Dokumentanalyse som metode..... | 33 |
| 6.2.1 Dokumentanalyse kan vere både kvalitativ og kvantitativ..... | 34 |
| 6.2.2 Mine val innanfor dokumentanalyse..... | 36 |
| 6.3 Utval..... | 38 |
| 6.3.1 Utvalsprosessen..... | 38 |
| 6.3.1.1 Lovdata som system..... | 39 |
| 6.3.1.2 Utveljing av vedtak..... | 39 |
| 6.3.3 Mitt utval..... | 40 |
| 6.4 Analytisk tilnærming..... | 41 |
| 6.4.1 Kategorisering av data..... | 41 |
| 6.5 Validitet, reliabilitet og overføring..... | 42 |

| | |
|--|----|
| 6.5.1 Validitet..... | 43 |
| 6.5.2 Reliabilitet | 44 |
| 6.5.3 Overføring | 45 |
| 6.6 Ethiske refleksjonar..... | 46 |
| 7.0 Presentasjon av funn..... | 48 |
| 7.1 Barnet si stemme i fylkesnemndssaker | 48 |
| 7.2 Kategoriar..... | 49 |
| 7.3.1 Barnet si stemme gjennom talsperson før slutning | 51 |
| 7.3.1.1 Forskjellar i vedtaka | 54 |
| 7.3.2 Barnet si stemme gjennom saka si bakgrunn | 54 |
| 7.3.2.1 Forskjellar i vedtaka | 57 |
| 7.3.3 Barnet si stemme gjennom offentleg part | 57 |
| 7.3.3.1 Forskjellar i vedtaka | 59 |
| 7.3.4 Barnet si stemme gjennom privat part..... | 60 |
| 7.3.4.1 Forskjellar i vedtaka | 61 |
| 7.3.5 Barnet si stemme i fylkesnemnda si slutning..... | 62 |
| 7.3.5.1 Talsperson | 62 |
| 7.3.5.2 Andre | 65 |
| 7.3.5.3 Forskjellar i vedtaka | 66 |
| 8.0 Drøfting | 69 |
| 8.1 Oppsummering av mine hovudfunn..... | 69 |
| 8.2 Kvar fann eg informasjon om barnet si stemme i fylkesnemndsvedtaka?..... | 70 |
| 8.3 Kva informasjon inneheldt barnet si stemme? | 71 |
| 8.4 Kor stor plass var barnet si stemme gitt i fylkesnemndsvedtaka?..... | 75 |
| 9.0 Avslutning | 79 |
| Litteratur..... | 82 |
| Vedlegg 1: | 87 |

Samandrag

Barn har gjennom barnekonvensjonen og norsk lovverk fått egne rettar som blant anna gjev dei rett til å delta og bidra i eiga sak. Artikkel 12 i barnekonvensjonen (1989) heimlar barn sin rett til å bli høyrte i alle avgjerder som vedkjem barn. I lov om barnevernstenester (1992) (bvl) er barn sine deltakarrettar heimla i § 6 – 3. Tema for dette prosjektet er barn og retten til å bli høyrte i fylkesnemndsvedtak om omsorgsovertaking, jfr bvl § 4 – 12. Formålet med dette prosjektet var å undersøkje kvar, korleis og i kva grad barnet si stemme kom til uttrykk i slike vedtak frå fylkesnemnda, om det var forskjellar korleis dette kom til uttrykk i vedtak frå 2002 – 2003 og 2008 – 2009, og kva dette fortel oss om barnet som eige rettssubjekt og viktig aktør i slike saker.

Prosjektet byggjer på ei kvalitativ dokumentanalyse av 22 fylkesnemndsvedtak etter bvl. § 4 – 12, henta frå Lovdata. Materialet inneheld 11 vedtak frå 2002 – 2003 og 11 vedtak frå 2008 – 2009, og omfattar barn mellom 7 og 12 år.

Mine viktigaste funn visar at barnet si stemme kom til uttrykk ein eller fleire gonger i 21 av dei 22 vedtaka som utgjorde materialet mitt. Undersøkinga mi visar likevel at barn si stemme totalt sett er lite synleg i vedtak frå fylkesnemnda jfr. bvl § 4 – 12. I tillegg fann eg få forskjellar med omsyn til kvar, korleis og i kva grad barnet si stemme kom til uttrykk i vedtaka frå 2002 – 2003 og 2008 – 2009. Barn si stemme gjennom talsperson var likevel oftare referert til i vedtaka frå 2008 – 2009 samanlikna med perioden 2002 – 2003. Mine funn indikerer difor at sjølv om barn si stemme gjennom talsperson er blitt noko tydelegare i fylkesnemndsvedtak om omsorgsovertaking jfr. bvl. § 4 – 12, er barn si stemme og aktørstatus generelt lite synleg i desse sakene.

1.0 Innleiing

1.1 Bakgrunn for val av tema

I løpet av masterstudiet hadde vi eit emne som omhandla barn som berarar av juridiske, universelle og menneskelege rettar. I samband med dette auka mi interesse for barn sine rettar, bakgrunnen for at dei har fått rettar og korleis rettane vert praktisert i praksis. Eg har såleis valt tema på grunnlag av interesse og relevans for mitt arbeidsfelt, og synast at masteroppgåva var ein unik mogelegheit til å kunne forske vidare på barn sine rettar. Tema for denne oppgåva er difor barn og retten til å bli høyrte i barnevernssaker. Eg rettar fokus på avgjerdsprosessane i barnevernet, og ser på barnet si stemme i vedtak frå fylkesnemnda, jamfør lov om barnevernstenester (bvl) § 4 – 12.

Barn er ei sårbar gruppe i samfunnet som treng vern både mot overgrep frå myndighetene og mot overgrep frå enkeltindivid (Høstmælingen, 2003). Gjennom barnekonvensjonen og norsk lovverk har barn også fått rettar som gjev dei rett til å delta og bidra i eiga sak, samtidig som dei har rett til vern. Slik har dei fått ein posisjon og rettsleg vern på lik linje med andre grupper i samfunnet som stillar svakare enn andre (Strandbu, 2007a). Etter at FN's barnekonvensjon vart vedteken 20. november 1989, kan ein seie at rettane til barn og unge under 18 år vart meir synlege. I Noreg gjeld dette ikkje minst etter at barnekonvensjonen vart inkorporert i norsk lov 1.oktober 2003. Barnekonvensjonen inneheld ei rekkje rettar, og rettane vert ofte delt i tre hovudtypar og omtalt som dei tre ”p’ar”, *protection*, *provision* og *participation*; rett til vern, yting og deltaking. Det er barn sine deltakarrettar som vert sentrale i mitt prosjekt, og då særskilt barn sin rett til å bli høyrte (Høstmælingen, 2003).

Retten til å delta og å bli høyrte er såleis ein sentral del av barn sine rettar. Korleis sikre barn si deltaking i saker som vedkjem dei, og å la barn bli høyrte i praksis er ein viktig del av barnevernet sitt arbeid. I samband med at barnekonvensjonen var 20 år i 2009 var det mykje diskusjonar kring barn sine rettar, særleg kring barn og deltaking. Ser ein på barn sin rett til deltaking og deira rett til å bli høyrte som er heimla både i barnekonvensjonen sin artikkel 12 og bvl § 6 - 3, har det vist seg å ikkje vore så lett å gjennomføre dette i praksis. Å verkeleggjera barn sine deltakarrettar har vore vanskelegare enn forventa (Stern, 2007; Vis, 2004). Det har kome fram at barn ikkje alltid får nytte seg av desse rettane, og ofte vert det

fatta avgjerder i saker og situasjonar som vedkjem barnet utan deira deltaking og mogelegheit til å ytre sine meiningar (Strandbu, 2007a; Vis & Thomas, 2009). Archard og Skivenes (2009) hevdar at barnevernsarbeidaren verken har tilstrekkeleg forståing for kvifor barn skal delta, og korleis barn bør delta i saker som vedkjem dei.

Tema for dette prosjektet er svært relevant i arbeidet med å tydeleggjere barn som deltakarar. Formålet mitt er særleg å studere barn sine deltakarrettar i avgjerdsprosessar i barnevernet, og kasta lys over i kva grad og på kva måte deira stemme kjem til syne i fylkesnemndsvedtak ifølgje bvl § 4 – 12. Dette er saker som medfører eit svært stort inngrep i barn og foreldre sitt liv. Det er likevel lite forskning som fokuserer på barnet si stemme i fylkesnemndssaker. Forskinga eg har funne på dette området viste at barn si stemme kom lite tydeleg fram i vedtaka, og det vart referert lite til barnet. Barn vart i liten grad framstilt som ein aktør, og deira meining vart i liten grad ivaretatt (Gisholt, 2007; Gjersten, 2009; Skauge, 2010).

I mitt prosjekt ynskjer eg å studere barnet som deltakar i eiga sak, og kor mykje deira stemme kjem til uttrykk i fylkesnemndvedtak. I samband med at det er lite forskning på barnet si stemme i fylkesnemndsvedtak, meiner eg at mi oppgåve har relevans fordi den kan hjelpe til å kaste lys på barnet si stemme i eiga sak, og i avgjerdsprosessen i barnevernet. Oppgåva mi kastar også lys på barnet som eige rettssubjekt og aktør i eiga sak.

1.2 Problemstilling

Tema i oppgåva er som tidlegare nemnd barnet si stemme i barnevernssaker, nærmare bestemt i vedtak om omsorgsovertaking, jfr. bvl. § 4 – 12, frå fylkesnemnda for sosiale saker. Utifrå dette har eg formulert tre forskings spørsmål:

- *Kvar, korleis og i kva grad kjem barn si stemme til uttrykk i vedtak frå fylkesnemnda, jamfør lov om Barnevernstenester § 4 – 12?*
- *Er det forskjell på kvar, korleis og i kva grad barnet si stemme kjem til uttrykk i vedtaka frå perioden 2002 – 2003 og 2008 – 2009?*
- *Kva fortel dette om barnet som eige rettssubjekt og viktig aktør i slike saker?*

Retten til å få uttrykkje si meining etter bvl § 6 – 3, vart i samband med inkorporeringa av barnekonvensjonen seinka ifrå 12 år til sju år. Eg valde å ha eit forskings spørsmål som

omfatta denne lovendringa i § 6 – 3. Ved at eg valde vedtak frå to ulike tidsperiodar, ein periode rett før lovendringa og ein periode fem år seinare, vart det mogeleg for meg å kaste lys over forskingsspørsmåla mine. Eg vil vidare rette fokus på vedtak som omhandlar barn mellom sju og 12 år, sidan det er barn i denne aldersgruppa lovendringane gjaldt. Det eg fann ved hjelp av dei to første forskingsspørsmåla mine vil bruke vidare til å forstå og kaste lys over det tredje forskingsspørsmålet knytt til barnet som eige rettssubjekt og som viktige aktør i eiga sak.

1.3 Oppbygging av oppgåva

Oppgåva inneheld til saman ni kapittel. Etter dette innleiande kapittelet, vil eg i *kapittel 2* vise til barnekonvensjonen og barnevernlova som legg føringar for barn si deltaking, og presentere dei mest relevante lovavgjerdene knytt til barn sine deltakarrettar. I *kapittel 3* vil eg presentere fylkesnemnda som avgjerdsorgan. Det er naudsynt å klarlegge fylkesnemnda som system, då det er barnet si stemme i vedtaka frå fylkesnemnda jfr bvl § 4 – 12, som er hovudfokus i oppgåva. Eg vil også kort gjere greie for korleis eit fylkesnemndsvedtak ser ut.

I kapittel 4 vil relevante omgrep og teoretiske perspektiv i oppgåva bli presentert. Her vil eg kaste lys over kva deltaking tyder, korleis eg forstår dette omgrepet og knytte det til mitt prosjekt. I samband med dette vil eg vise til kvifor barn skal vere deltakar. Deretter vil eg presentere viktige dilemma kring verkeleggjering av barn sine deltakarrettar, og kvifor dette er vanskeleg. Syn på barn og barndom og korleis dette har endra seg, og to ulike teoretiske retningar for korleis ein oppfattar barn er det første dilemma eg presenterer. I forlenginga av dette viser eg til barn sin tvitydige rettsstatus der eg tek for meg dilemma knytt til barn som berar av ein rett, særleg det faktum at det er dei vaksne si makt til å avgjere og gje innhald til deira rettar. Som ei avslutning på barn sin tvitydige rettsstatus, vil eg vise forholdet mellom retten til vern og retten til deltaking. Til slutt i dette kapittelet presenterer eg to prosedyrebaserte modellar for å sikre deltaking på ulike nivå. *Kapittel 5* inneheld anna relevant forskning.

Metode, utval og framgansmåte for analyse vert gjort greie for i *kapittel 6*. *I kapittel 7* presenterer eg funna i undersøkinga mi, og visar kvar, korleis og i kva grad barnet si stemme kjem til uttrykk, samt eventuelle forskjellar mellom periodane 2002 – 2003 og 2008 – 2009. *I kapittel 8* drøftar eg hovudfunn, og vil punktvis gjere greie for desse og kva dette seier oss om

barnet som eige rettssubjekt og viktig aktør i slike saker. Som avslutning på oppgåva vil eg i *kapittel 9* oppsummere prosjektet og vise til mine mest sentrale funn. Heilt til slutt i dette kapittelet vil eg vise til implikasjonar for vidare praksis og forskning.

2.0 Barnekonvensjonen og Barnevernslova – føringar for barn si deltaking

Her vil eg presentera dei mest relevante lovavgjerdene knytt til barn sine deltakarrettar i barnevernet. Dei mest relevante artiklane i barnekonvensjonen er artikkel 3 om barnet sitt beste, og artikkel 12 om barnet sin rett til å bli høyrte. I barnevernslova er dei mest aktuelle avgjerdene heimla i § 4 – 1 om barnet sitt beste, § 4 – 12 om omsorgsovertaking, § 6 – 3 om barnet sine rettार under sakshandsaminga og § 7 – 9 om talspersonsordninga. Før eg presenterer dei mest relevante lovavgjerdene, vil eg gje eit kort historisk oversyn over utviklinga av barn som berar av rettार.

2.1 Historikk - utviklinga av barnet sine rettार

Sidan før FN si verdserklæring om menneskerettar vart vedteken i 1948 har barn sine rettार vore drøfta på internasjonal plan. Genevè - deklarasjonen var den første erklæringa som omfatta barn spesielt, og kom i 1924, 24 år før verdserklæringa om menneskerettane vart vedteken (Høstmælingen, 2003; Prout, 2005; Smith, 2008). I deklarasjonen låg det eit bilde av barn som bar preg av eit modernistisk konsept av barndommen (Prout, 2005), og prinsippa vart difor formulert som kva dei vaksne skal sørge for og vaksne sine pliktar ovanfor barn i staden for kva som gjaldt særskilt for barn. Barnet vart som individ meir tilsidesett. I 1948 vart Genevè - deklarasjonen omgjort og utvida av Generalforsamlinga i FN. Denne utvida utgåva av Genevè - deklarasjonen danna grunnlag for FN deklarasjonen av barn sine rettार, som vart vedteken i 1959 (Høstmælingen, 2003; Liden, 2004; Smith, 2008). Eit tema som gjekk igjen var barnet sitt behov for vern og omsorg, og prinsippa vart her for første gong formulert som rettार for barn.

30 år seinare vart barnekonvensjonen vedteken. Konvensjonen kom som ein meir rettsleg forpliktande tekst enn deklarasjonane som tidlegare omfatta barn (Høstmælingen, 2003). Barnekonvensjonen vart vedteken 20.november 1989 og trådte i kraft 2.september 1990. Noreg ratifiserte konvensjonen 8.januar 1991, og den vart gjort gjeldande frå 7.februar 1991. Barnekonvensjonen kom som eit resultat av endringane i syn på barn, og har ytterlegare tydeleggjort barn som berar av eigne rettार. Den har ein sentral tyding for korleis vi forstår barn og barndom i dag, og den kan seiast å vera ei globalisering av barndommen. Den

representerer bestemte førestillingar om ein god barndom og kva eit barn er, som framstillast som universelle (Kjørholt, 2010, s. 12).

2.3 Barnekonvensjonen

FN si verdserklæring om menneskerettar slår fast i artikkel 1 at: ”Alle mennesker er født frie og med samme menneskeverd og samme menneskerettigheter. De er utstyrt med fornuft og samvittighet og bør handle mot hverandre i brorskapets ånd” (Verdserklæringa om menneskerettighetene, 1948). Menneskerettane gjeld også for barn, men barnekonvensjonen tydeleggjer barnet si stilling som eige rettssubjekt og har nedfelt egne rettar for barn på områder der det er naudsynt for barn å ha ”egne rettar”. Rett til deltaking og medbestemming, rett til å bli høyrte og rett til vern er sentrale områder for barn sine rettar (Smith, 2008). Rettane i barnekonvensjonen vert som nemnt innleiingsvis ofte delt inn i dei tre ”p-ane”, *protection*, *provision* og *participation*; retten til vern, yting og deltaking (Høstmælingen, 2003).

1.oktober 2003 vart barnekonvensjonen inkorporert i norsk lov, som ein del av menneskerettslova av 1999. Ved at den vart gjort til norsk lov skulle det sikre at barnekonvensjonen vart meir gjeldande og synleg i lovverket, og at barn sine interesser vart gjort meir tydelege på fleire områder (Sandberg, 2004). Staten kan no sikre at myndigheiter, enkeltpersonar og organisasjonar følgjer avgjerdene i barnekonvensjonen (Smith, 2008). Då inkorporeringa skjedde auka også rettskildevakta, noko som innebar at det generelt måtte leggjast større vekt på barn sine interesser og synspunkt i alle saker som gjeld barn (Sandberg, 2004). Som eit resultat av at barnekonvensjonen vart gjort til norsk lov og fekk forrang ved motstrid, utgjer den eit viktig grunnlag for barnevernet sitt arbeid.

Barnekonvensjonen inneheld 54 artiklar, og to tilleggsprotokollar som gjeld barn i væpna konflikt og sal av barn og barnepornografi. Konvensjonen legg til grunn at barn har behov for spesielle vernetiltak og særskilt omsorg på grunn av sin fysiske og mentale umodenskap, i tillegg til at den presiserer at alle dei generelle menneskerettane også skal gjelde barn (Høstmælingen, Kjørholt, & Sandberg, 2008). Rettane som er formulerte i konvensjonen er individuelle, formelle, universelle og juridiske rettar (Kjørholt, 2010). Barnekonvensjonen inneheld fire grunnleggande prinsipp; artikkel 2 om ikkje diskriminering, artikkel 3 om barnet sitt beste, artikkel 6 om barnet sin rett til liv og utvikling og artikkel 12 om barnet sin rett til å

bli høyr. Desse prinsippa gjennomsyrrer heile konvensjonen, særleg artikkel 3 om at det skal leggast vekt på kva som er til barnet sitt beste (Høstmælingen, et al., 2008). Det er deltakarrettane som er mest relevant for mitt prosjekt, særleg retten til å bli høyr.

2.3.1 Prinsippet om barnet sitt beste

Prinsippet om barnet sitt beste er det mest sentrale i barnekonvensjonen, og er nedfelt i artikkel 3. Haugli, referert i Kjørholt (2010), visar til at alle avgjerder som omfattar barn skal ta utgangspunkt i kvart enkelt barn sitt behov og føresetnader, og deretter skal ein gjere ei overordna vurderingar av kva som er til det beste for barnet. Omsynet til barnet sitt beste kan sjåast på som eit overordna prinsipp og skal liggje til grunn i *alle handlingar som omhandlar barn*, uansett om det er private eller offentlege velferdsorganisasjonar. Artikkelen er delt i tre. Første del i artikkelen påpeiker at omsynet til barnet sitt beste skal komme i første rekke (Haugli, 2008). Det skal vera eit *grunnleggande omsyn* til barnet sitt beste. Omgrepet får ulikt meiningsinnhald gjennom tid og ulike kulturelle kontekstar, der kjønn, etnisk tilhøyre og sosial klasse også er sentrale faktorar som er med på å avgjere korleis barnet sitt beste vert oppfatta. Det er i stor grad eit relativt omgrep som er avhengig av tolking innanfor ein gitt sosial, kulturell og politisk kontekst (Kjørholt, 2010, s. 17). Artikkelen gjev ikkje ei tydeleg forklaring på kva som er barnet sitt beste.

Eit grunnleggande element i artikkel 3, er ifølge Haugli (2008), også respekt for barnet sitt menneskeverd og integritet. Del 2 pålegg staten å *sikre barnet naudsynt vern og omsorg*, og er også ein sentral del i forståinga av barnet sitt beste. Samtidig skal det takast omsyn til rettane og pliktane til foreldre og andre som har eit juridisk ansvar for barnet (Haugli, 2008). Den siste delen i artikkelen forpliktar staten til å sikre at *institusjonar og tenester følgjer dei standardane som er satt*. Med institusjonar meiner ein både offentlege og private, som til dømes skular, barnehagar, fosterheimar.

Forholdet mellom artikkel 3 og artikkel 12 om barnet sin rett til å bli høyr, er svært viktig. Barn sin rett til å bli høyr og barnet sitt beste må sjåast i samanheng med kvarandre, og Sandberg (2010) visar til at det er nær forbinding mellom desse rettane (s. 65). FN's barnekomitè, som er barnekonvensjonen sitt tilsynsorgan, har utarbeida General Comments (GC) (2009) til artikkel 12, *the right of the child to be heard*. I følgje den, kan ikkje artikkel 3 brukast på riktig måte utan at framgangsmåten i artikkel 12 vert respektert og følgt.

2.3.2 Deltakarrettane

Deltakarrettane i barnekonvensjonen er dei mest sentrale for mitt prosjekt, og vert viktige då eg skal finne ut kvar, korleis og i kva grad barnet si stemme kjem til uttrykk i fylkesnemndssaker jfr. bvl. § 4 – 12, om dette har forandra seg etter at barnekonvensjonen vart inkorporert i norsk lov, og kva dette seier oss om barnet som eige rettssubjekt og viktig aktør i slike saker. Desse rettane omhandlar rett til å gje uttrykk for si meining, ytringsfridom, tanke -, samvit – og religionsfridom og organisasjonsfridom (Qvortrup, 2010).

Deltakarrettane er nedfelt i artikkel 12, 13, 14, 15 og 17 i barnekonvensjonen. Det er artikkel 12, retten til å bli høyr, som vert mest relevant av deltakarrettane i mitt prosjekt.

FNs barnekomitè påpeiker at barn sin rett til å bli høyr skal gjennomsyre lovverket etter ei eventuell inkorporering (Stern, 2007). Vidare visar Stern (2007) til at komiteen poengterte i 2006 at erkjenninga av at barn skal bli høyr og har rett til å delta, er til fordel både for barnet, familien og samfunnet rundt. I GC (2009) rettleiar FNs barnekomitè statane med omsyn til korleis artikkelen skal forståast. Dei understrekar at artikkel 12 visar den legale og sosiale status til barn. På den eine sida er barn underlagt dei vaksne sin autoritet, medan dei på den andre sida er eit subjekt med rettar. Barnet har rett til å uttale seg, men inga plikt og barnet vel sjølv om det vil uttale seg eller ikkje. Sjølv om barnet ikkje er hovudperson i alle saker som vedkjem det, skal retten til å bli høyr gjelde i alle saker som vedkjem barnet (Sandberg, 2008).

Artikkel 12 er delt i to delar, første og andre ledd. Første ledd visar til at *barn som er i stand til å danne egne synspunkt* skal få uttrykke seg *fritt*. Dette gjeld alle forhold som gjeld barnet (Sandberg, 2008). Det er ikkje gitt noko nedre aldersgrense i artikkelen, og barn sine synspunkt skal difor vektast i samsvar med deira alder og modning. Retten til å bli høyr må sjåast i forhold til kvart enkelt barn og deira føresetnad (Sandberg, 2008).

Andre ledd i artikkel 12 påpeiker retten til å bli særleg høyr i *rettsleg og administrativ sakshandsaming* som omhandlar barnet. Dette er juridiske prosessar, som til dømes omsorgsovertaking i regi av barnevernstenesta, som er ein sentral del av mi oppgåve (Wille, 2008). Ved at ledd to startar med *for dette formål*, visar det at ledd ein og to heng saman (Sandberg, 2008). Ledd to må tolkast utifrå ledd ein, alder og modning. Artikkel 12 vert i norsk barnevern lovgjevnad sikra gjennom § 6-3 om barn sine rettar gjennom

sakshandsaminga. Paragrafen skal «spegle» det barnekonvensjonen seier om barn sin rett til å delta og å bli høyrte. Barnevernlova vert difor også relevant for mitt prosjekt.

2.4 Lov om barnevernstenester

Barnevernlova frå 1992 erstatta den gamle lova frå 1953. Med den nye barnevernslova ønskte ein å styrke rettssikkerheita i barnevernet (Stang, 2007). Ivaretaking av barnet sine interesser og rettar vart betra i den nye lova, og kom no direkte til uttrykk i § 4 – 1 om barnet sitt beste (Stang, 2007). Her vart det påpeikt at det skal *leggjast avgjerande vekt på barnet sitt beste*. Prinsippet gjennomsyrrer lova, og paragrafen visar at barnet sitt beste er eit overordna prinsipp, og det skal vere med i vurderinga av alle dei ulike typar tiltak etter lova (Ofstad & Skar, 2009).

Fylkesnemndsvedtaka som utgjer datagrunnlaget mitt i oppgåva baserer seg på vedtak fatta etter § 4 – 12 i bvl. § 4 – 12 omhandlar vedtak om å overta omsorga for eit barn.

Paragrafen listar opp ulike vilkår for kva som må liggja til grunn for at det kan fattast vedtak om omsorgsovertaking. Lova skiljar mellom notid og framtidsvurderingar. På den eine sida må barnet faktisk leve under forhold som er skadelege, dette vert regulert etter § 4 – 12 a, b og c. Framtidsvurderinga vert gjort etter § 4 – 12 d (Ofstad & Skar, 2009). Ein kan overta omsorga for eit barn dersom det er *alvorlege manglar* ved den *daglege omsorga* barnet får. Her er det den aktuelle situasjonen til barnet som er grunnlag for dei vurderingane som skal takast.

Dersom foreldra ikkje sørgjer for eit *sjukt, funksjonshemma eller spesielt hjelpetrengande barn* kan ein også fatte vedtak om omsorgsovertaking etter bvl. § 4 - 12. Det tredje vilkåret som kan liggja til grunn for å overta omsorga for eit barn er dersom barnet blir *mishandla eller utsett for alvorlege overgrep* i heimen. Når dette vilkåret er tilstades vil normalt sett også vilkåra etter a og b ligga til grunn. Ofstad & Skar (2009) påpeiker at sidan mishandling av barn er så alvorleg har det fått eigen plass i paragrafen. Det siste vilkåret er dersom det ligg føre skaderisiko på sikt, og dersom det er *overvegande sannsynleg* at barnet si helse og utvikling kan bli skadd. Omsorgsovertaking er eit stort inngrep og avgrensing i foreldreansvaret, ved at foreldra vert fråtekne den daglege omsorga for barnet (Ofstad & Skar, 2009). Ei omsorgsovertaking bør vera siste moglegheit etter at hjelpetiltak etter bvl. § 4 – 4 har vorte prøvd ut utan betring i forholda (Ofstad & Skar, 2009).

Barnet sin rett til å uttale seg jfr bvl § 6 - 3 er særleg relevant i samband med mitt prosjekt. Her kjem det til uttrykk at barn som har fylt sju år, og yngre barn dersom dei er i stand til å danne egne synspunkt, skal bli *informert* og få *anledning til å uttale seg*. Dette gjeld saker som vedkjem barnet, og barnet si meining skal tilleggst vekt i samsvar med barnet sin *alder og modning*. Barn som er fylt 15 år og som forstår kva saken gjeld, er etter § 6 – 3 eigen part i saken. I 2003 vart retten til deltaking i § 6 – 3 seinka ifrå 12 år til sju år. Barne – og familiedepartementet påpeikte i sitt høyringsbrev i samband med inkorporeringa av barnekonvensjonen i norsk lov, at 12 år synast å verte for høgt i barnevernssaker. Dette fordi at avgjerdene som vert fatta i stor grad grip inn i barna sin kvardag (Justis – og Politidepartementet, 2003). Dei la til grunn at ved å endre § 6 – 3, vart artikkel 12 i barnekonvensjonen også betre synleggjort. Ved at ein setter ei nedre grense sikrar ein at flest moglege barn vert høyrte. Samtidig får barn under denne grensa etter ei vurdering, tilgang og moglegheit til å uttale seg. Eit av forskingsspørsmåla mine omfattar endringa av § 6 – 3, der eg vil sjå etter om det er nokre endringar i kvar, korleis og i kva grad barnet si stemme kjem til uttrykk etter at lova vart endra.

2.4.1 Talsperson

Fylkesnemnda kan oppnemne talsperson for barnet, og talspersonsordninga er heimla i bvl. § 7 – 9. Denne lyder slik; “Fylkesnemnda kan oppnevne en egen talsperson for barnet i saker som skal behandles for nemnda. Departementet kan gi forskrifter om den nærmere gjennomføring av ordningen”.

Ordninga med talsperson kom inn i lov om barnevernstenester 1.januar 1994 etter ei lovendring i 1993 (Fylkesnemnda for Sosiale saker, 2009; Holgersen & Tellefsen, 2003). Kommenterar til forskrifta frå 22.desember 1993: *Forskrift om barnets talsperson i saker som skal behandles i fylkesnemnda*, påpeikte at talsperson først og fremst ville vere aktuelt i saker som gjaldt alvorlege inngrep, som til dømes omsorgsovertaking etter bvl § 4 - 12 (Rundskriv, 2000). Det er leiaren i fylkesnemnda som må vurdere behovet for talsperson i kvart enkelt tilfelle. I følge NOU 2000:12, om barnevernet i Noreg, viser Barne- , Likestillings – og Inkluderingsdepartementet (2000) til at tanken bak ei slik ordning var å sikre at barnet si eiga meining vart kjend for fylkesnemnda, og å styrke barnet sin rettsikkerheit. Barnevernstenesta skal i sitt saksframlegg til fylkesnemnda om omsorgsovertaking opplyse om barnet ynskjer

talsperson (Høyland, 2003; Ofstad & Skar, 2009). Deretter er det opp til fylkesnemnda å avgjere om det skal oppnemnst talsperson eller ikkje.

Hovudoppgåva til talspersonen er å snakke med barnet og formidle barnet sitt synspunkt vidare til nemnda (Tjomsland, 2003). Talspersonen kan gje verdifull kunnskap til nemnda om korleis barnet tenkjer og korleis det eigentleg har det (Larsen, 2004). Meininga med ei slik ordning er ifølge NOU 2000:12 at den skal sikre at barnet si eiga meining skal komme fram også i saker der barnet sjølv ikkje er eigen part (Barne-, Likestillings- og Inkluderingsdepartementet, 2000). Det er inga plikt for barnet å nytte seg av talsperson, men det er eit tilbod og barnet skal informerast om tilbodet om talsperson på førehand (Holgersen & Tellefsen, 2003).

3.0 Fylkesnemnda som avgjerdsorgan

3.1 Fylkesnemnda for sosiale saker

Fylkesnemnda for sosiale saker vart etablert 1. januar 1993, og det er i dag 12 fylkesnemnder som dekkjer alle fylka i landet. Endringa og etableringa av dei nye nemndene vart gjort i samband med lov om barnevernstenester av 17. juli 1992. Fylkesnemndene har i seinare tid blitt delt inn i fire ulike regionar, med *ein* leiar for kvar region som har eit administrativt ansvar; region aust (Østfold, Buskerud og Vestfold, Oppland og Hedmark, Telemark), region vest (Aust – og Vest – Agder, Rogaland, Hordaland og Sogn og Fjordane, Møre og Romsdal), region nord (Sør – og Nord – Trøndelag, Nordland, Troms og Finnmark) og region Oslo og Akershus (Barne-, Likestillings – og Inkluderingsdepartementet, 2010)

Det gamle avgjerdsorganet var helse- og sosialstyret i kommunen eller underutval av dette styret. Dei behandla blant anna tvangsvedtak etter den gamle barnevernsloven (Barne-, Likestillings- og Inkluderingsdepartementet, 2000, s.187). Kritikken mot det gamle avgjerdsorganet dreia seg blant anna om at barnevernet fekk ei dobbeltrolle ved å vere eit hjelpeorgan og samtidig avgjere tvangssaker, mangelfull saksbehandling, svak klageordning, svak fagleg kompetanse i den tidlegare nemnda og at barn sine interesser vart i liten grad høyrte (Falck, 2000; Tjomsland, 2003). Formålet med opprettinga av fylkesnemndene var å styrkje rettstryggleiken i barnevernssaker. Dei var meint å sikra ein meir effektiv barnevernteneste.

Fylkesnemnda behandlar blant anna saker som dreier seg om omsorgsovertaking og andre tvangsvedtak, vedtak om tiltak for barn og unge med åtferdsvanskar, tilbakeføringssaker etter omsorgsovertaking og saker om samværsspørsmål (Barne- og Familiedepartementet, 2002; Tjomsland, 2003). I 2009 var det 4032 saker oppe til behandling i fylkesnemnda. Dette er ein liten nedgong ifrå 2008, då det var 4132 saker oppe i nemnda (Fylkesnemndene for Barnevern og Sosiale saker, 2009), men ei stor auke i forhold til det året fylkesnemnda vart oppretta. Då var det 1945 saker oppe til behandling (Grinde, 2000).

Ved opprettinga av fylkesnemndene var saksbehandlingsreglane heimla i bvl § 7-1 og sosialtenestelova (1991) kapittel 9. Det var få reglar og dei var lite detaljerte, og måtte i stor grad utfyllast av andre paragrafar i barnevernlova og sosialtenestelova (Høyland, 2003). Frå 1. januar 2008 vart reglane for saksbehandling i fylkesnemnda nedfelt i lov om

barnevernstenester kapittel 7. Kapittelet omhandlar tydelege retningslinjer for saksbehandling, og legg føringar for korleis saksbehandlinga skal gå føre seg. Reglane vart no omarbeidd og meir detaljerte enn tidlegare. Det vart lagt opp til ei meir aktiv saksstyring med vekt på saksførebuing og litt kortare forhandlingsmøte (Ofstad & Skar, 2009). Ein av grunnane til ei slik endring var at hovudtyngda av sakene som vart behandla i nemnda er saker etter barnevernslova. Forvaltningslova (1967) vert nytta på områder der det ikkje er gitt særlege reglar etter bvl kap. 7, jfr bvl § 6 – 1. Når det til dømes skal avgjerast kven som er parter i saker for fylkesnemnda vert forvaltningslova nytta (Ofstad & Skar, 2009).

Nemnda er samansett av ein leiar, to sakkyndige og to medlemmer frå det alminnelege utval (Falck, 2000; Tjomsland, 2003). Dersom partane er einige om det, kan fylkesnemnda bestemme at saka skal avgjerast under forenkla behandling. Forenkla behandling går føre seg utan at partane er tilstades og utan høyring av vitne (Grinde, 2000). Desse sakene vert fremja for ei mindre nemnd, med berre ein sakkyndig og ein ifrå det alminnelege utval.

Barneverntenesta er som oftast dei som fremjar sak for fylkesnemnda som den offentlege parten. Privat part som forslaget gjeld, er som oftast foreldra til det gjeldande barnet. Dersom barnet er over 15 år vert det part i eiga sak, og har partsrettar etter bvl § 6 – 3. Dersom barnet er under 15 år, kan fylkesnemnda utnemne eigen talsperson for barnet etter bvl § 7 – 9, som vist til i førre kapittel under 2.4.1. Talspersonsordninga er særleg relevant for meg i samband med tydeleggjering av barnet si stemme i fylkesnemndsvedtak.

3.2 Fylkesnemndsvedtaket

Når fylkesnemnda skal fatte ei slutning skal det også forfattast eit skriftleg vedtak. Det var desse skriftlege vedtaka som utgjorde materialet i undersøkinga mi. Etter at nemnda har teke ei avgjerd, skriv leiaren av nemnda eit utkast på bakgrunn av stemmegjevnaden (Tjomsland, 2003). Deretter vert utkast til vedtak gått igjennom av nemnda ved ei seinare anledning, der resten av nemnda får komma med innspel før det endelege skriftlege vedtaket er klart. Målet med vedtaket er at det skal gje ei framstilling av bakgrunnen for saka, gjengi dei ulike partane sine forslag og påstandar, samt gjere greie for det saksforhold og lovgrunnlaget vedtaket byggjer på. Dette skal tilslutt munne ut i ein konklusjon (Tjomsland, 2003). Først vil eg tydeleggjere kva som ligg i omgrepa vedtak og slutning. Vedtak refererer seg til heile dokumentet nemnda har skriva og omhandlar heile den aktuelle saka. Til slutt i vedtaket kjem nemnda med ei slutning, altså ei avgjerd i saka. I slutninga inngår òg nemnda si

oppsumming av det som kjem fram ifrå dei ulike partane, og det viktigaste nemnda legg til grunn for si avgjerd.

Øvst på alle vedtak står instansen som har behandla saka, til dømes fylkesnemnda for sosiale saker Agder. Deretter kjem datoen når saka var oppe i nemnda, og dokument / publikasjonsnummer. Det er også eit lite samandrag av kva vedtaket dreiar seg om. Til slutt øvst på vedtaket, er det oppført saksgang, partar og forfattaren av det gjeldande vedtaket. Sjølve vedtaket vert innleia med kven saka gjeld, og kva lov som ligg til grunn:

Saken gjelder G kommunes begjæring om omsorgsovertakelse med hensyn til A, f. *.*.97, med hjemmel i lov om barnevernstjenester § 4-12a, plassering i fosterhjem etter lovens § § 4-14 a, jfr. § 4-15 og fastsettelse av samværsordning i forhold til barnets biologiske foreldre etter § 4-19 (Vedtak 11: FNV-2007-194-MRO).

Deretter vert partane presentert, som oftast er det kommunal part (barneverntenesta) og privat part (mor og far, eller enten eller). Det vert i den innleiande delen vist til dato for oversending til handsaming i nemnda. Kva som har gått føre seg i nemnda, partsforklaring og tal på vitne, vert også presentert.

Sjølve saka vert presentert under ”saka si bakgrunn” / ”bakgrunn for saka”. Her refererer nemnda til barneverntenesta si framstilling av saka, der denne delen blir ei oppsummering av kva vedtaket gjeld og korleis forholda er. Deretter kjem dei ulike partane sine påstandar. Rekkefølga på kven som vert presentert først avhenger av kven som har fremja saka opp for nemnda. I dei vedtaka eg har nytta meg av, som dreiar seg om omsorgsovertaking jfr. bvl. § 4-12, er det kommunal part som har fremja sak og deira påstandar vert difor presentert først. Påstandane er ofte gjort gjeldande via partane sine advokatar eller prosessfullmektig. Dersom begge foreldra er partar, og dei ikkje lenger bur saman, er dei representerte i kvar sin del med kvar sin advokat. Gjeld saka barn over 15 år er dei sjølv part i saka, jfr. bvl. § 6-3, og står som privat part saman med foreldra. Tilslutt under begge partar si forklaring kjem påstanda i saka, som til dømes kan sjå slik ut;

X kommune ved advokatfullmektig 1 har nedlagt slik påstand:

1. Barnevernstjenesten i X overtar omsorgen for Barn 1, født **.**.99.
2. Barn 1 plasseres i fosterhjem.
3. Mor skal ha ett dagssamvær a 6timer en gang i måneden.

Mor ved advokatfullmektig 2 har nedlagt slik påstand:

Barnvernstjenesten begjæring tas ikke til følge (Vedtak 4: FNV-2008-281-ROG).

Etter alle partar sine påstandar kjem nemnda si slutning. Her kjem nemnda sitt syn på saka fram eller det nemnda skal merke seg. Nemnda oppsummerar det viktigaste dei meiner har kome fram under parts – og vitneforklaringane, og det som nemnda ser på som mest relevant i saka. Nemnda vurderer forhold som plasseringsalternativ og varigheit av samvær. Det vert også vist til nemnda si grunngjeving for avgjerda dei har tatt. Slutninga vert avslutta med kva som blir utfallet i saka, omsorgsovertaking eller ikkje omsorgsovertaking. Avgjerda vert presentert slik;

Slutning:

1. M kommune, Barnevernstjenesten overtar omsorgen for C, født *.*96, jf barnevernloven § 4-12 første ledd bokstav a.
2. C plasseres i godkjent fosterhjem, jf barnevernloven § 4-14 bokstav a.
3. C skal ha samvær med sine foreldre syv helger i året, fra fredag ettermiddag til søndag kveld, og syv dager i sommerferien hvert år.

(Vedtak 9: FNV-2008-77-MRO).

4.0 Relevante omgrep og teoretiske perspektiv

Mine forskningsspørsmål for dette prosjektet er; kvar, korleis og i kva grad barnet si stemme kjem til uttrykk i vedtak fatta av fylkesnemnda jfr. bvl. § 4 – 12, om det er forskjell i korleis dette kjem til uttrykk i vedtak frå 2002 – 2003 og 2008 – 2009, og kva dette fortel oss om barnet som eige rettssubjekt og viktig aktør i slike saker. Først vil eg gjere greie for omgrepet deltaking, og kva det tyder i min samanheng. Deretter vil eg presentere kvifor barn skal vere deltakar, før eg visar til ulike dilemma kring verkeleggjeringa av barnet sine rettar. Desse består av syn på barn og barndom og korleis dette har endra seg, to ulike teoretiske retningar for korleis ein oppfattar barn og barnet sin tvitydige rettsstatus. Her vil eg også ta med korleis ein kan forstå det å vera ”berar” av ein rett og rettar i konkurranse. Tilslutt presenterer eg Shier (2001) og Skivenes & Strandbu (2006) sine modellar for deltaking. Modellane visar ulik grad av deltaking på ulike nivå og kan fungere som hjelpemiddel for å sikre deltaking i avgjerdsprosessar.

4.1 Forståing av deltaking som omgrep

Deltaking kan på generell basis vera å ta del i ein aktivitet eller meir konkret å ta del i ein avgjerdsprosess (Thomas, 2007). I GC nr. 12, påpeiker FNs barnekomité at deltaking vert brukt for å skildre pågåande prosessar og inneber deling av informasjon og dialog mellom barn og vaksne basert på gjensidig respekt (GC, 2009). Utifrå dette kan ein sjå at deltakarrettane omfattar eit vidt spekter. Kva retten til deltaking eigentleg inneber er ikkje eintydig formulert, og det er heller ikkje vist til korleis retten skal konkretiserast og praktiserast i ulike samanhengar (Kjørholt, 2010).

Utifrå artikkel 12 si inndeling har FNs barnekomité i GC delt retten til deltaking i to; på den eine sida er barn aktive deltakarar i familien, skulen og samfunnet elles og på den andre sida har barnet rett til å bli høyrte under sakshandsaminga i domstolane og forvaltninga (GC, 2009). Del to i denne inndelinga, om barnet sin rett til å bli høyrte under sakshandsaminga i domstolar og forvaltning, tek utgangspunkt i barnekonvensjonen sin artikkel 12 sitt andre ledd. Del to visar til at barnet skal få anledning til å bli høyrte og dermed uttrykkje si meining. Det ”å bli høyrte” vil seie at barnet får seie si meining, og dette er noko som kan skje og kome til uttrykk på ulike måtar. Denne inndelinga visar at det gjeld ikkje berre påverknad og medbestemming i avgjerdsprosessar slik som til dømes i barnevernet og i fylkesnemnda, men deltaking

omhandlar også retten til å bli inkludert som aktive deltakarar på andre arenaer (Kjørholt, 2010).

Deltaking vert i min samanheng brukt om barn sin rett til deltaking i barnevernet og å bli høyrte i saker som vedkjem dei. Det er difor for mitt formål omsynsmessig å tenkje retten til deltaking og retten til å bli høyrte som rett til å ta del i ein avgjerdsprosess. Heilt konkret vert deltaking brukt i samband med fylkesnemndsvedtak, der eg skal sjå på kvar, korleis og i kva grad barnet si stemme kjem til uttrykk i saker behandla her i følgje bvl § 4 – 12. Deretter vil eg sjå om det er forskjell etter at barn sine rettar under sakshandsaminga jfr bvl. § 6 – 3 vart seinka ifrå 12 til sju år i 2003, og kva dette fortel om barnet som eige rettssubjekt og aktør. Mi forståing av deltaking er difor knytt til barnekonvensjonen sin artikkel 12 del to om barn sin rett til å bli høyrte i administrative avgjerdsprosessar og bvl. § 6 – 3, som regulerer rettar knytt til sakshandsaming og måten deltaking blir forstått utifrå dette. Eg brukar difor Skivenes & Strandbu (2006) sin måte å definere deltaking på; ”Interaction with others that is concerned with identifying the meaning of that which comes to expression. Individuals are taken seriously and have influence, whereby others take up their expressions for consideration and discussion” (s. 14).

4.2 Kvifor skal barn vere deltakar?

Barn si deltaking kan seiast å ha mange funksjonar, og det er viktig at barn er med å bidra i saker som vedkjem dei. Eit av det mest sentrale argumentet for at barn skal vere deltakar kan seiast å vere fordi det er nedfelt i lova og at det er ein lovmessig rett (Skivenes, 2007).

Barnekonvensjonen og norsk lovverk, som i min samanheng er barnevernlova, gjev barn rett til å vere med å delta. Deira synspunkt og meining skal etter lovverket vektast saman med alder og modning, og utifrå det som er nedfelt i lova skal barn vere deltakarar. Dette er ein rett dei har som barn.

Barn si deltaking kan også vera nyttig for samfunnet på andre måtar (Kjørholt, 2010). I forlenginga av dette, påpeiker Kjørholt (2010) at barn si deltaking kan bidra til demokratiske haldningar, ferdigheiter og kunnskapar som samfunnet kan ha nytte av. Barn sit inne med kunnskap vaksne ikkje har, særskilt om det å vere barn og unge. Barna sit inne med informasjon som kan gje kunnskap om korleis noko opplevast for dei (Skivenes, 2007). Som

aktive medborgarar i samfunnet kan barn ta del i reelle demokratiske prosessar og styrke det lokale demokratiet (Barne – og Likestillingsdepartementet, 2006; Liden, 2004)).

Eit anna sentralt argument er anerkjenning. Kjørholt (2010) viser til at ”å anerkjenne barn som samfunnsborgere dypest sett handler om respekt for barns likeverdighet med hensyn til menneskeverd, og en rett til å bli inkludert i samfunnet som kompetente bidragsytare” (s. 19). Ved at barnet får delta kan det føle seg anerkjent og akseptert. Barn får slik vere med å bidra og bli inkludert som deltakar i samfunnet. I samband med anerkjenning kan ein og snakka om kompetanse. Det å la barn delta gjev dei kompetanse til å etter kvart kunne handle meir sjølvstendig og bli i betre stand til å ta eigne val i deira liv.

4.3 Viktige dilemma kring verkeleggjering av barnet sine rettar

I denne delen vil eg presentere ein del viktige utfordringar og dilemma knytt til verkeleggjering av barn sine rettar på ulike nivå.

4.3.1 Barn og barndom

Ein viktig del i forståinga av kva som ligg til grunn for utviklinga av barn sine deltakarrettar er syn på barn og barndom, og korleis dette har endra seg. Historisk sett ligg det eit syn på barn som rettslause, foreldra sin eigedom og som underlagt foreldra si makt. Barnet var reint og uskuldig, og det skulle vernast frå alt vondt (Opdal, 2002). Barn vart sett på som ufullstendige, svake, lite sosiale og avhengige av andre (Prout, 2005). Eit slikt syn på barn har endra seg, og i nyare tid, nærmare bestemt ”vår tid”, vert barnet sett på som sjølvstendig med rett til eigen barndom. Endringa i synet på barn som individ og som gruppe, og syn på barndom som eit eige stadium, har skjedd i takt med dei store samfunnsmessige endringane som kom i samband med industrialiseringa og framveksten av velferdsstaten på slutten 1800-talet og i løpet av 1900-talet (Stang, 2007). Barndom vart i samband med industrialiseringa definert som ein eigen epoke i barnet sitt liv, ved at barn gradvis vart tydeleggjort som ei eiga gruppe i samfunnet (Stang, 2007).

I samband med godkjenninga av menneskerettane vaks det fram eit syn på barn som eit menneske som på eigne vegne kan gjere bestemte krav gjeldande (Opdal, 2002). Endringa i synet på barn har skjedd gradvis og 1900 – talet er sagt til å vera ”barnet sitt århundre”, og barn har aldri vore så høgt profilert som då. Ved at barn har fått rett til medbestemming og å

vera aktiv part i avgjerder som gjeld dei, kan ein seie at dei har fått status som subjekt, og vert sett på som individ med rettar som alle andre. Eit syn på barn som kompetent er noko som har kome enda meir tydelegare fram etter at barnekonvensjonen vart innført, og seinare også inkorporert i norsk lov. Barn sin status som subjekt og sjølvstendig individ har hatt tyding for at barn i dag kan seiast å ha fått status som medborgar med medborgarskap. Ved at barn har fått status som medborgar inneber at dei skal ha påverknad og delta i eit demokrati (Liden, 2004). Dette inneber også at dei sosiale og politiske rettane som bidreg til lik fordeling av godar og sikrar alle same mogelegheita til å påverke samfunnsutviklinga, vert meir vektlagde (Kjørholt, 2010; Liden, 2004). Barn blir såleis ein del av eit allment meiningsskifte og får dermed tilhøyrse og lojalitet til ulike institusjonar i samfunnet (Liden, 2004). Dette kan gjelde både heime og skulen, så vel som i andre samanhengar.

4.3.1.1 Ulikt syn på barn

Korleis vaksne oppfattar barn er styrande for i kva grad dei får høve til å realisera deltakarrettane sine. Ein kan seie at det er to teoretiske retningar som kan liggja til grunn for korleis ein oppfattar og ser på barn (som deltakar); barnefrigjerarane (*children's liberationists*) og barnebeskyttarane (*the "caretaker" thesis*) (Archard, 2004). Retningane illustrerer to ulike syn på barn som får følgjer for korleis og i kva grad barn får realisert sine rettar som deltakar og korleis og i kva grad barn vert oppfatta som individ, anten som subjekt / aktør eller objekt. Barnefrigjerarane ser på barnet som kompetent og at barn i hovudsak skal ha dei same rettane som vaksne, medan barnebeskyttarane i større grad ser på barnet som eit individ som treng vern av deira omsorgspersonar og med færre rettar, særleg deltakarrettar (Archard, 2004).

Children's liberationists meiner at ei deling innanfor ein barn – og vaksenverden har noko med undertrykking og diskriminering å gjere (Archard, 2004). I *the "caretaker" thesis* var ein meir oppteken av kvifor barn ikkje bør ta sjølvstendige avgjerder, og korleis deira omsorgspersonar bør rettleiast i å ta avgjerder for dei (Archard, 2004). Dei rettar fokus på barn som emosjonelt ustabile, og ser på barnet som eit individ som treng vern. For å tydeleggjere deira syn, kan ein seie at dei tenkjer på sjølvbestemming som for viktig til at det skal overlatast til barnet aleine. Det er i barna si interesse å ikkje avgjere sjølv. Dei er uklare i kor mykje sjølvbestemming barn skal nektast, og dei trekkjer meir i retning mot ei avgrensing i retten til å la barnet avgjere sjølv. Oppsummert kan ein seie at *the "caretaker" thesis*

argumenterer mot liberalistane, men for å nekte barn retten til å ta avgjerder sjølv (Archard, 2004).

Ulikt syn på barn, kva dei er og kva dei treng kan føra til ulikt syn på kva slags typar rettar som skal leggjast mest vekt på (Opdal, 2002). Om det er retten til deltaking eller retten til vern som skal vera i fokus. Opdal (2002) skiljar vidare i sitt arbeid mellom eit paternalistisk syn, der barn er sårbare og avhengige, og eit frigjerande syn der barn er aktør med rett til å fatte egne avgjerder. Barnefrigjerarane oppfattar deltakarrettane i konvensjonen som at det gir barnet rett og makt til å fatte egne avgjerder (Opdal, 2002). Det paternalistiske synet heng saman med det beskyttande synet (*the "caretaker" thesis*) som Archard (2004) presenterte, og dei legg vekt på vernerettar som eit grunnleggande prinsipp. Måten ein ser barn på kan vera avgjerande i arbeidet, enten om ein ser på dei mest som aktør og subjekt i sitt eige liv eller som eit individ som i hovudsak har behov for vern ifrå andre. Ein kan utifrå dette seie at kva syn ein har på barn og barndom kan seiast å vera styrande for i kva grad barnet får gjort bestemte krav gjeldande. I utvidinga av dette kjem ein over på barn sin tvitydige rettsstatus, slik dette kjem fram både i barnekonvensjonen og i barnevernlova. Barn blir sett på som aktørar med rett til deltaking, samtidig som dei har rett til vern av sine omsorgspersonar.

4.3.2 Barn sin tvitydige rettsstatus

Stang (2007) påpeiker at det ikkje kan sjåast på som særleg kontroversielt å gje barn sjølvstendige rettar, men at det ofte er usemje når det kjem til spørsmålet om kva slags område barn sine rettar konkret skal omfatte, kva rettane skal innebere og korleis dei skal utøvast og overvakast. Avgjerdene i barnekonvensjonen kan utifrå dette seiast å vera eit resultat av to konkurrerande forståingar av korleis ein oppfattar barn, jamfør førre del i dette kapitlet. På den eine sida er dei avhengige og sårbare vesen som er avhengig av andre menneske og deira omsorg, medan dei på den andre sida er autonome, sjølvstendige og kompetente individ (Liden, 2004).

4.3.2.1 Å vera "berar" av ein rett

Barnekonvensjonen tydeleggjer barn som "berarar" av rettar, og dei er innehavar av alle rettane i konvensjonen. Å vera "berar" av ein rett tyder mellom anna at retten er knytt til individet og kan ikkje overprøvast av andre (Opdal, 2002). Opdal (2002) legg fram dilemmaet

knytt til at barn har rettar, men at dei knapt kan definerast som berar av rettar fordi det overlatast til dei vaksne, dei med meir makt, til å definere eller gje eit innhald til rettane. Det er dei vaksne som avgjer og vurderer korleis rettane skal forståast og verkeleggjerast. Stern (2006) påpeiker i si avhandling om retten til deltaking at; "It's all a question of power" (s. 254). Utøvinga i barn sin rettar legg Stern (2006) til dei vaksne som har makt til å avgjere og utøve ei handling. Barn har rettane, men får i liten grad vere med på å gje innhald til desse rettane.

Problemet med å få tydeleggjort barn sine deltakarrettar etter artikkel 12 i barnekonvensjonen, kan utifrå dette seiast i stor grad å handle om maktrelasjonen mellom vaksne og barn (Stern, 2007). Retten til deltaking, og dei andre rettane i konvensjonen kan stadig overprøvast av andre. Barn har rettar som sjølvstendig individ, men slutningsmyndigheita ligg hos foreldra eller statlege instansar som til dømes barnevernet (Liden, 2004). Ved at vaksne er tilagt så mykje makt ovanfor barn, har dei makt til å definere kva rettane eigentleg tyder og korleis desse rettane skal komme til uttrykk. Makt frå vaksne er eit innebygd dilemma i verkeleggjering av barn sine rettar, og kan illustrerast med omgrepet "alder og modning", som er lagd inn som ei avvegingsnorm i barnekonvensjonen og barnevernlova.

Barnet sin alder fungerer som ein peikepinn på om dei får ytre si meining og barnet si forståing må vurderast individuelt utifrå alder, medan modning visar barnet si evne til å forstå og uttrykkje sitt eige syn på ein fornuftig og uavhengig måte (Sandberg, 2010, s. 64). Det som ligg til grunn for at barnet skal få uttrykkje seg er at barnet må ha evne til å meine noko om det saka gjeld, og barnet må klare å danne eigne synspunkt uavhengig av andre (Sandberg, 2008). Barnekonvensjonen og barnevernlova påpeiker med grunnlag i dette at alder og modning regulerer kor mykje vekt barnet si meining skal tilleggast. Det er også her andre som skal avgjere utifrå barnet sin alder og modning kor mykje vekt deira meining skal få i avgjerder, og dei vaksne si makt vert tydeleg også i denne samanhengen. Ser ein dette i samband med det som er fokus for dette prosjektet, barnet si stemme i fylkesnemndsvedtak, vert makta til å avgjere lagt til fylkesnemnda. Det er nemnda som avgjer og vurderer kor mykje vekt barnet si meining skal få, og dei avgjer dette med utgangspunkt i barnet sin alder og modning. Noko anna som kan liggje til grunn og som kan hindre barn si deltaking, er forholdet mellom retten til vern og retten til deltaking. Det er knytt til at vaksne har makt til å avgjere og retten til vern kan gå framføre retten barn har til å delta, og vil bli presentert i neste del.

4.3.2.2 Rettar i konkurranse

I barnekonvensjonen er alle rettar likestilte, og dei må difor vurderast og vektast opp mot kvarandre. Rettane i barnekonvensjonen kan difor bli ståande i eit konfliktforhold til kvarandre. Deltakarrettane er heimla i barnekonvensjonen sine artikkelar 12, 13, 14, 15 og 17 (Kjørholt, 2010; Qvortrup, 2010), medan vernerettane er heimla i barnekonvensjonen sine artikkelar 6, 7, 8 og 9 (Høstmælingen, 2003; Opdal, 2002). Vernerettane dekkjer forhold som rett til liv, identitet og omsorg. Barn har rett på vern, men dei har også rett til å bli høyrte og få uttrykkje si meining (Opdal, 2002).

Deltakarrettane representerer barn som aktør eller subjekt, medan vernerettane representerer barn som objekt eller ”pasientar” (Archard, 2004). Balansegangen mellom det å vere ein aktør og eit individ som har rett til vern er viktig. Det kan også vere vanskeleg å kombinere desse to rettane. Alle barn har rett til vern med tanke på overgrep ifrå foreldre og samfunnet kring barnet, samtidig har dei rett til å vere med på å ta avgjerder i sitt eige liv og saker som vedkjem dei (Høstmælingen, 2003).

Sjølv om barn er berar av rettar er dei framleis sårbare vesen og ikkje i stand til å meistre alle farane som kan true. Barn treng vern i frå vaksne med makt og myndigheit som kan ta avgjerder som gjeld barna. Retten til vern er eit menneskeleg behov og ein kan ikkje lausrive barn sin rett til vern ifrå dei vaksne. Dei vaksne kan hindre dei farane som kan oppstå, og vernet barnet mot desse. Samstundes vert det stilt krav om rett til å delta, der barnet sjølv får ta tilpassa avgjerder og etterleve desse (Opdal, 2002). I omsorgssaker skal fylkesnemnda vurdere kva som er best i den aktuelle situasjonen. Retten til vern vil då ofte måtte gå føre det barnet sjølv meiner, når barnet sitt syn står i motsetnad til barnet sine interesser. Det er her konfliktforholdet mellom rettane i konvensjonen kan oppstå, der dei prøver å foreine rettar som er vanskeleg å foreine (Opdal, 2002). Dette synleggjer dilemma kring barn som berar av rettar og deira tvitydige rettsstatus, og tydeleggjer at dei i stor grad er underlagt vaksne si makt og myndigheit.

4.4 Modellar for å sikre deltaking på ulike nivå

Det er utvikla fleire modellar som er meint til å sikra og hjelpe til at barn får delta. Som ein sentral del av retten til deltaking vil eg vise til to modellar for deltaking som er relevante for meg, og som kan nyttast som eit hjelpemiddel til å forstå og verkeleggjera barn sine

deltakarrettar (Shier, 2001; Skivenes & Strandbu, 2006). Det er deltaking i sjølve avgjerdsprosessen desse modellane er utvikla for, noko som gjer dei interessant og relevant i mitt prosjekt. Eg vil først vise Shier sin modell og deretter ta føre meg Skivenes & Strandbu sin modell.

4.4.1 Shier sin modell for deltaking

Shier (2001) presenterer ein modell for deltaking, og delar deltaking inn i fem nivå. Han visar at modellen kan vera eit hjelpemiddel for å gjera seg bevisst på kva nivå for deltaking som er omsynsmessig i ulike samanhengar. Ser ein dette i ein barnevernsamanheng, kan det vere omsynsmessig å kartlegge kva nivå ein er på utifrå kva sak ein jobbar med. Knytt til mitt prosjekt som gjeld vedtak i fylkesnemnda som dreiar seg om omsorgsovertaking, kan modellen nyttast som eit hjelpemiddel for å kartlegge kva nivå for deltaking ein bør vere på i ein slik samanheng. Shier sine nivå for deltaking, som også vert kalla vegar til deltaking, er;

1. Barn skal høyrast
2. Barn skal få støtte til uttrykkje seg
3. Barn sine synspunkt skal takast med
4. Barn skal få vere med i avgjerdsprosessen
5. Barn skal få delt makt og ansvar i avgjerder

(Shier, 2001, s. 110).

Han påpeikar at alle individ og større organisasjonar kan ha ulik grad av engasjement i prosessen mot myndiggjering og deltaking. Modellen prøvar å avklare dette ved å identifisere tre stadium av engasjement på kvart nivå, som gjentek seg i alle dei fem nivåa. Desse er *opening*, *opportunity* og *obligation* (Shier, 2001). Kvart nivå i modellen inneheld enkle spørsmål. Det er eit spørsmål for kvart stadium på kvart nivå. Til saman inneheld modellen 15 spørsmål som fungerer som verktøy for planlegging og deltaking. Ved å svare på det gjeldande spørsmålet kan ein fastslå kvar ein er, og enkelt identifisere neste steg ”på vegen” mot å auke nivået for deltaking.

På nivå ein, *barn skal høyrast*, uttrykkjer barnet seg. Høyringa på dette nivået oppstår når barnet sjølv tek initiativ til å uttrykkje sitt synspunkt til ein vaksen som høyrer på. Barnet vert ikkje høyrte før det gjev uttrykk for sine synspunkt og meiningar. Barn skal i neste nivå få *støtte og hjelp av vaksne til å uttrykkje seg*. Her deltek dei vaksne aktivt og bidrar med ulike

idear og aktivitetar som skal hjelpe barna til å fortelje. Nivå to er forskjellig ifrå nivå ein ved at dei vaksne deltek aktivt i samhandlinga og støtter barnet i å uttrykkje seg, medan i nivå ein måtte barna sjølv ta initiativ for å starte samhandlinga. Det er ingen garanti for at deira synspunkt vil ha innverknad på avgjerdene som skal takast (Shier, 2001).

Shier (2001) påpeiker at nivå tre, *barn sine synspunkt skal takast med*, er nivået for deltaking som er obligatorisk for alle som har vedtatt eller slutta seg til barnekonvensjonen. Artikkel 12, som er forklart nærmare under barnekonvensjonen i kapittel 2, styrar barn sin rett til deltaking og gjev barn rett til å uttrykkje seg. Det at barn sine synspunkt skal takast med, vil ikkje dermed sei at avgjerdene skal gjerast i samsvar med det barnet ynskjer og at dei vaksne er bundne til å gjera slik barnet vil ha det. Barnet sin meining er berre ein del av mange ulike faktorar som skal takast med i ei avgjerd.

Nivå fire, *barnet skal få vere med i avgjerdsprosessen*, går lenger enn barnekonvensjonen og visar barnet som ein aktiv deltakar i avgjerdsprosessen. Barna er utifrå modellen direkte involvert når det skal fattast ei avgjerd. På nivå fire kan barna vere aktive deltakarar, men utan å ha noko makt over dei avgjerdene som vert fatta. Nivå fem går lenger enn nivå fire og gjev barn delt makt og ansvar i avgjerder. For full oppnåing av deltaking på dette nivået vert det stilt krav til dei vaksne om å dele makta dei har. Med dette meiner Shier at dei vaksne gjev litt av makta si til barnet.

Meininga med modellen var å laga eit hjelpemiddel som skulle vera til hjelp for å sikra barn ein mogelegheit til å kunne uttrykke sine meiningar. Barna skal likevel ikkje pressast til ansvar dei ikkje vil ha (Shier, 2001). Den visar ulik grad for deltaking, og kva som må til for at ein skal oppnå deltaking på ulike nivå. Modellen kan bida til å sikre at barnet får delta og uttrykkje sine meiningar. Det er særskild nivå tre og fire som kan sjåast på som relevant til mitt prosjekt, då dei rettar seg mot barnekonvensjonen sin artikkel 12 og barnet i ein avgjerdsprosess.

4.4.2 Skivenes & Strandbu sin prosedyremodell for deltaking

Basert på Habermas (1990) sine teoriar og si eiga forskning på barn si deltaking i avgjerdsprosessar har Skivenes & Strandbu (2006) utvikla ein modell med fire prosedyrar for deltaking. Deira modell byggjer på Shier (2001) sin modell og dei visar ein litt annan måte å

inkludere barn som deltakar på enn det han gjer på nivå tre og fire. Det er særleg i punkt fire at dei utvidar med omsyn til Shier sine nivå, noko som vert særleg relevant for mitt prosjekt. Eg vil tydeleggjera forskjellen nærmare, litt seinare i denne delen når eg presenterer punkt fire meir inngåande. Dei fire ulike prosedyrane for deltaking er som følgjer:

1. Barn må få mogelegheita til å forme si eiga mening - informasjon og hjelp til meningsdanning
2. Barn må få mogelegheit til å uttrykkje sitt synspunkt i avgjerdsprosessen
3. Barn sine argument må takast på alvor og bli inkludert i avgjerdene som skal bli tatt
4. Barn må bli informert etter ei avgjerd om kva resultatet vart og kva det tyder - etterspel der barn får vere med å reflektere og vurdere

(Skivenes & Strandbu, 2006, s. 16).

Desse prosedyrane er etter Skivenes & Strandbu (2006) si mening presise og fleksible slik at det vert mogeleg å inkludere barn med ulike behov og interesser i ulike situasjonar. Dei fire prosedyrane kan bli sett på som avgjerande for å sikre barn som deltakarar i ulike situasjonar der det skal fattast ei avgjerd. Prosedyrane kan fungere som retningslinjer for deltaking, og er ikkje tilstrekkeleg aleine utan deltakarane sine innspel og eigne vilkår.

Føresetnaden for at barn skal få danne si eiga mening er at det har blitt informert om hendinga på førehand, og at dei blir gjeven tilstrekkeleg informasjon tilpassa deira alder. I samband med dette må barnet også få informasjon om mogelege konsekvensar av avgjerda, både for dei sjølve og andre. Dermed må barnet vidare bli spurd om si mening og korleis barnet sjølv ynskjer at desse skal bli presentert i den pågåande diskusjonen. Her kan barnet få velje om det vil snakke sjølv, eller om det ynskjer ein person som skal snakke på vegne av seg (Skivenes & Strandbu, 2006). Barnet sine argument må takast på alvor og bli inkludert i dei følgjande avgjerdene. Dersom det er grunn til å ekskludere barnet si interesse og ynskje, må det forklarast grundig. Dette vert eit viktig drøftingstema for meg, og er noko eg vil tydeleggjera nærmare i drøftingskapittelet, del 8.3.

I motsetnad til Shier (2001) har Skivenes & Strandbu (2006) teke med informasjon til barn etter ei avgjerd som eit siste nivå og eigen del i denne prosedyrebaserte modellen. Nivået inneber at barnet skal få informasjon om avgjerda som er fatta, og skal få mogelegheita til å spørje spørsmål etterpå. Shier påpeiker under nivå tre i hans modell, at barn sine synspunkt skal takast med, at det er ein god praksis å gje barn tilbakemelding på avgjerda som er fatta. Det er naudsynt å la barna få vite kvifor akkurat denne avgjerda vart fatta. Han går ikkje

nærmere inn på dette, og det her hovudskilnaden på modellane ligg. Skivenes & Strandbu (2006) har utvida og tydeleggjort at barn skal få informasjon om kva resultatet vart, og deretter få vere med å reflektere og vurdere avgjerda.

5.0 Relevant forskning

Først vil eg presentere tidlegare forskning som tek utgangspunkt i barn si deltaking i fylkesnemnda, noko som ligg nærast knytt til prosjektet mitt. Fordi det ikkje fins så mykje spesifikk forskning på dette, presenterer eg og ein del forskning som omhandlar barn si deltaking i barnevernsaker meir generelt. Eg presenterer også Stern (2006) si undersøking om barn si rett til deltaking i teori og praksis, fordi eg meiner denne undersøkinga har relevans for mitt prosjekt.

Gisholt (2007) såg i si doktoravhandling på barn sin rett til å bli høyrte i vedtak om omsorgsovertaking etter bvl. § 4 – 12 og § 4 – 8, 2. og 3.ledd, vedtatt av fylkesnemnda for sosiale saker. Utgangspunktet var barnet sine rettar etter barnekonvensjonen og barnevernlova, med fokus på barn sin rett til å bli høyrte. Formålet var å finne ut korleis barnet sin rett til å uttale seg vart ivaretatt av fylkesnemnda, og korleis fylkesnemnda vekta og brukte barnet si meining i vedtaka. For å belyse dette gjennomførte ho ei analyse av 70 fylkesnemndsvedtak ifrå perioden 16.04.2004 – 11.05.2006. Vedtaka omhandla til saman 97 barn, og vedtaka var henta ifrå Lovdata. Resultata i undersøkinga viser at barn sine synspunkt og ynskjer kom til uttrykk i 36 av dei 70 vedtaka. I dei 36 vedtaka var det til saman 49 barn. Innhaldet i barna sine synspunkt og ynskjer var varierende. Nokre av barna uttalte seg om sjølve omsorgsovertakinga medan nokre barn uttalte seg om dei faktiske forholda knytt til saka. Barna vart høyrte av talsperson, prosessfullmektig (dersom barnet var eigen part) eller ved at eit medlem av nemnda snakka med barnet sjølv. I sakene der barnet har uttalt seg om omsorgsspørsmålet vert barnet si meining brukt som eit moment i vurderinga av barnet sitt beste. Gisholt fann at fylkesnemndene er flinke til å trekke fram faktorar som styrkar eller svekkar vekta av barnet sine uttalingar. Vidare fann ho at nemndene stort sett foretar ei konkret vurdering av barnet si meining i den enkelte sak. Ho konkluderer utifrå dette at barnet si meining er eit moment som inngår i vurderinga. Det har likevel avgrensa gjennomslagskraft aleine.

Oppedal (1997) har gjennomført ei omfattande undersøking der han såg om barn vart sett og høyrte i akuttvedtak jfr. dei seks akuttheimlane i bvl. , som er § 4 – 6, 1. og 2. ledd, § 4 – 9, jfr § 4 – 8, 1. og 2. ledd og § 4 – 25, jfr § 4 – 24, 1. og 2. ledd . Undersøkinga var ein del av eit større prosjekt, som retta fokus på om lovvernet er tilfredsstillande nok når barn vert utsett for akutt omsorgssvikt. Målet var å vurdere om dei akutte vedtaka samsvarar med

inngrepskriteria i loven, og om reglane for saksbehandling vart etterfølgt. Materialet Oppedal nytta var saksdokument for alle midlertidige tvangsvedtak i første halvår av 1994, som vart sendt til fylkesnemnda for godkjenning. Til saman var dette 245 vedtak. I tillegg nytta han 11 frivillige vedtak frå same periode. Heile materialet, som utgjorde det han kallar for saksundersøkinga, inneheldt 256 saker med til saman 297 barn. Han fann at barnet sin situasjon i liten grad vart belyst i dokumenta, og deira akutte reaksjonar vart gitt liten merksemd i det vidare arbeidet med saka. For mitt formål er det eg vil visa til no av særleg interesse. Oppedal fann at i dei fleste sakene i undersøkinga var ikkje barnet si meining notert i saksdokumenta. Det kan likevel synast som om at talet på barn som vart høyrte aukar i tråd med barnet sin alder. Analysen til Oppedal visar vidare ein tendens til at barnet si meining vart lagt vekt på når dei var einige med vedtaket. I 65 % av sakene var dette tilfelle. I 20 % av sakene vart det lagt avgjerande vekt på barnet si meining. Han konkluderar med at i dei sakene barnet si meining ikkje var notert, kan det synast som om at barnet si meining ikkje var viktig for avgjerda som skulle takast (Oppedal, 1997)

Ei masteroppgåve som er relevant i samband med mitt prosjekt er Gjertsen (2009) si avhandling, ” *Se på den ungen!: en kvalitativ studie i syn på barn i saker om omsorgsovertakelser*”. Formålet i undersøkinga var å kaste lys over syn på barn i saker om omsorgsovertaking jfr. bvl § 4 – 12. Hovudfokuset var litt på sida av mitt fokus, men eit av forskingsspørsmåla omhandla i kva grad barnet si deltaking kom til uttrykk i avgjerdsprosessane og korleis deira synspunkt vart vektlagt. Ho har, som meg, nytta dokumentanalyse som metode, og analysert tre fylkesnemndssaker og tre dommar ifrå tingretten der omsorgsovertakinga vart oppheva etter klage frå privat part. Samstundes har ho også intervjuet ein fylkesnemndsleiar og ein dommar i tingretten. Undersøkinga hennar visar at barnet si stemme i liten grad kom til uttrykk i vurderingane, og at barn sine rettar til å delta og å bli høyrte i eiga sak viste seg å vera fråverande i stor grad. Ho fann at barnet som kompetent aktør og rettssubjekt kom i liten grad fram, og barnet vart lite synleg i saksdokumenta.

Skauge (2010) har i si masteroppgåve, ” *er det noen som ser meg?*”, undersøkt barnet si stemme i barnevernssaker. Ho ville finne ut om barnet vart høyrte i si eiga sak, og såg etter endringar i førekomstar av barn si deltaking i eigne barnevernssaker. Fokuset i undersøkinga var i kva grad barnet si stemme kom fram i barnevernet sine saksdokument, og om endringane har skjedd i retning av større deltaking frå barna. Ein annan sentral del av oppgåva

var å sjå etter om barnevernsarbeidaren snakka med barna og om det kom fram i saksdokumenta at barnet sine synspunkt vart lagt vekt på i ein avgjerdsprosess. For å kaste lys over dette har ho gjort ei kvantitativ innhaldsanalyse av saksmappene til 100 barn mellom sju og 12 år, høvesvis 50 mapper frå 2000 og 50 mapper frå 2009. Ho har sett etter barnevernet si skildring av barna og deira behov, referert til barna sine utsegn og gjennom samtalar med barn. Ved sidan av innhaldsanalyse har Skauge også nytta eit kvalitativ fokusgruppeintervju av seks barnevernsarbeidarar, der ho presenterte hovudfunna frå gjennomgangen av saksmappene. Ho fant at barnet si stemme kom mindre til syne i sakene frå 2009 samanlikna med 2000, og i omtrent 70 % av sakene kunne ein ikkje sjå direkte kontakt mellom saksbehandlar og barn. I 2000 var dette talet 41,3 %. Sjølv om barnet si stemme i saksmappene kom mindre til syne i sakene frå 2009 og synast å vere mindre inkludert i eiga sak, visar funna til Skauge at barnet og deira behov vart meir omtalt i desse saksmappene. Gjennom fokusgruppeintervjuet vart dette stadfesta og det kom til uttrykk at barnevernsarbeidarane opplevde at dei snakka meir med barn enn tidlegare, men at barnet si stemme vart i liten grad synleg i saksmappene.

Eit anna prosjekt som ser på barn si deltaking i barnevernet er Strandbu (2007a) si avhandling om *"Barns deltaking og barneperspektivet i familierådsmodellen"*. Formålet var å undersøkje korleis barn vart involvert i familieråd, og kva førestillingar om barnet sitt behov for skjerming og involvering låg til grunn for deltakinga i familieråd. Strandbu nytta intervju og observasjon som metode. Ho gjennomførte 45 intervju av foreldre, barn mellom sju og 16 år og støttepersonar som hadde delteke på familieråd, og observerte sju familieråd. Ho intervjuar sju av dei ni borna i undersøkinga, då to av dei ikkje ville snakke med forskaren. Resultatet til Strandbu viser at særleg dei minste barna fekk lite informasjon og vart i mindre grad høyrte når det skulle fattast ei avgjerd. Dei eldste barna syntes å ha ein følelse av avmakt, særleg i saker der det var interesse motsetnad mellom vaksne og barn. Ho konkluderte med at det kan vere vanskeleg å seie at familierådsmodellen er til barnet sitt beste, utan å på ein betre måte sikre barnet sin rett til deltaking. Det er difor naudsynt at barn sin rett til å bli høyrte får større fokus enn det har hatt så langt, påpeiker Strandbu (2007a).

Omre & Schjelderup (2009) har også gjennomført ei undersøking om barn si deltaking i familieråd. Dei retta fokus på barn som brukarar og deltakarar i avgjerder i barnevernet. Formålet med undersøkinga var knytt til barna si oppleving og deltaking i eiga sak i barnevernet. Omre & Schjelderup søkjer etter barn si eiga forståing av kvardagen dei lever i,

og forståinga av det å skulle delta i avgjerder for å finne gode løysningar på problema. Undersøkinga deira var ei caseanalyse der dei følgde 11 barn gjennom eit år. For å hente inn empiri har dei kombinert intervju med barna, observasjonar i familieråda og dokumentanalyse av dokument til kvart familieråd. Barna i undersøkinga var barn i barnevernet mellom sju og 15 år, som var med i ein familierådsprosess i perioden 2004 – 2006. Funna deira visar at barna sin kompetanse og innsikt gjekk lenger enn det som vart etterspurt av barnevernet. Ingen av barna som deltok tykte dei deltok for mykje eller at det var spesielt vanskeleg å delta. Det kom fram i undersøkinga at sjølv om barna deltok, vart deira eige ynskje om framtida i avgrensa grad oppfatta av barnevernet. Omre & Schjelderup (2009) konkluderer at barnevernet i liten grad oppretthaldt barnet si deltaking gjennom heile saka (s. 257).

Vis & Thomas (2009) har også undersøkt barn si deltaking i norske barnevernssaker. Formålet deira var å undersøkje barn mellom sju og 12 år si deltaking i avgjerdsprosessar i barnevernet. Vis & Thomas ynskte å vurdere resultata av innsatsen som vart gjort for å inkludere barna i avgjerdsprosessen. 64 saksbehandlarar vart med i eit treningsprogram der dei skulle snakke med barn. Etter seks månadar rapporterte 16 saksbehandlarar til saman 43 saker, der dei hadde snakka med barna og lagt til rette for deira deltaking i avgjerdsprosessen. I rapportane vart det brukt eit spørjeskjema der leiarane vart spurd om å rapportere følgjande: karakteristikk av saka, deltakingsprosessen og utfallet i saka der barnet var med som deltakar. Undersøkinga visar at sjølv om barn tek del i avgjerdsprosessen har det nødvendigvis ikkje noko tyding for utfallet i saka. Barna hadde sjeldan innflytelse på saka si framgang og utfall. Vis & Thomas visar til at det er ingen likskapstrekk mellom å snakke med barn og det å gje barn reel deltaking i avgjerdsprosessar som gjeld dei.

Archard & Skivenes (2009) har undersøkt korleis sosialarbeidarar i England og Noreg oppfattar barn si deltaking. Archard & Skivenes har gjennomført opne intervju med 53 sosialarbeidarar frå Noreg og England. Dette var ein del av ei større undersøking som tok føre seg korleis sosialarbeidarar i England og Noreg grunngav sine vurderingar i barnevernssaker. Fokuset i undersøkinga er retta mot korleis informantane forstår barn som deltakarar, dei dilemma deltaking kan føre til og sosialarbeidaren sine tankar om når og korleis barna deltok. Undersøkinga deira visar at det er ulike syn på barn og barn som deltakar, uavhengig om det er i England eller i Noreg. Med dette meinast at det er ulike oppfattingar av kvifor barnet skal høyrast, og det vert gjeve ulike grunnar til det som til dømes; det er barnet sitt liv, det er barna

sin rett til å uttale seg, det dreier seg om barna som individ og det dreiar seg om respekt for barna.

Det siste prosjektet eg vil vise til er Stern (2006) si doktoravhandling, om barn sin rett til deltaking i teori og praksis i barnekonvensjonen og andre internasjonale menneskerettar. Prosjektet omhandlar barnekonvensjonen sin artikkel 12, som i hovudsak styrer barn sin rett til deltaking. Stern nytta dokumentanalyse som metode, og studien har fleire formål;

1. Sjå nærmare på og tydeleggjere viktigheita av retten til deltaking i eit demokratisk samfunn.
2. Bidra til ei betre forståing av barn sin rett til deltaking
3. Å klarlegge korleis artikkel 12 vart implementert og korleis implementeringa kan bli meir effektiv og kva som hindrar dette

Ho nyttar eit breitt spekter av analysemateriale som relatererte seg til barn sin rett til deltaking for å få svar på sine spørsmål. Dokumenta var til dømes rettsdokument som gjeld barn, politiske dokument, handlingsplanar og rapportar frå statlege og ikkje-statlege organ. Gjennom analysen fann ho at problemet ikkje låg i ulike kulturar, men blant dei vaksne sine haldningar ovanfor barn, særskilt kring barn si deltaking. Med dette meiner ho at det er dei vaksne som har makt til å avgjere, og dette er det viktigaste hinderet for barn si deltaking. Utifrå dette konkluderar ho med at, "It's all a question of power" (s. 254). Ho påpeikar at utfordringa ligg i å prøve å forandre vaksne sine haldningar til barn og deltaking.

6.0 Metode

I denne delen vil eg presentere metode, utval, samt tilnærming til analyse av materialet. Først vil eg vise kvar eg har plassert meg innanfor vitskapsteori og syn på kunnskap. Deretter vil eg gjere greie for dokumentanalyse, som er den metoden eg har valt i mitt prosjekt og kva val eg har gjort innanfor denne metoden. Det vil bli gitt ein kort presentasjon av utvalsmetode og korleis eg har gått fram når eg har trekt utvalet mitt. Deretter vil eg vise kva tilnærming eg har nytta til analyse av materialet. Eg vil forklare kva eg har gjort for å sikra validitet, reliabilitet og overføring på best mogeleg måte i oppgåva. Avslutningsvis i denne delen vil eg vise til forskningsetiske vurderingar som er aktuelle for meg.

6.1 Kunnskapssyn

Eit forskingsparadigme set rammene for forskaren sitt arbeid og inneheld eit sett av reglar og normer for det vitskapelege arbeidet (Gilje & Grimen, 1993; Ponterotto, 2005). Paradigme dreiar seg om noko som er innforstått, noko vi er samde om, eit premissgrunnlag for tankar og prioriteringar (Befring, 2007, s. 223). Det inneheld slik ei grunnleggande referanseramme eller ei oppfatting av røyndommen. Kva forskingsparadigme ein plasserar seg innanfor pregar ofte val av metode i eit forskingsprosjekt. Ein plasserar seg innanfor ulike paradigme etter kva syn ein har på kunnskap. Ei oppfatting av korleis fenomen heng saman er sentralt innanfor ulike paradigme og ein ser verda utifrå ulik ståstad avhengig av kor ein plasserer seg (Kjeldstadli, 1999). Dei ulike tilnærmingane til vitskapen er slik ofte styrt av ulike forskingsparadigmer.

6.1.1 Sosialkonstruktivistisk og hermeneutisk syn på kunnskap

Eg har valt eit sosialkonstruktivistisk syn på kunnskap som utgangspunkt for mitt prosjekt. Her tek ein utgangspunkt i ei oppfatting av at det er mogeleg å konstruere fleire røyndommar. Burr (1996) forklarar at ” social constructionism insist that we take a critical stance towards our taken-for-granted ways of understanding the world (including ourselves)” (s. 3). Med dette meiner ho at innanfor eit slikt syn på kunnskap må ein også ha ei kritisk haldning til eigen måte å forstå verda på. Kunnskap innanfor ei slik tilnærming vert sett på som konstruert av mennesket, der det vert skapt ei felles forståing mellom forskar og informant (Hatch, 2002; Ponterotto, 2005). I min samanheng nytta eg eit sosialkonstruktivistisk syn for å forstå konstruksjonar av kva barn sine rettar tyder, særskilt forståinga av barn sin rett til å bli høyr

og forståinga av dette i fylkesnemndsvedtak. Ved at eg valde vedtak frå to tidsperiodar, kunne eg nytte eit slikt syn for å forstå konstruksjonar av barnet si stemme i tid og kontekst.

Hermeneutikk dreiar seg om forståing, meining og refleksjon over ulike fenomen. Ein rettar søkelyset på meiningsinnhald som ei sentral tilnærming, og ein er oppteken av det som er relativt (Befring, 2007). Som Halvorsen (2008) påpeiker er ein ikkje oppteken av årsakssamanhengar, men ein er ute etter å forstå eller tolke ei handling ved hjelp av å undersøkje kva intensjonar som ligg bak den aktuelle handlinga (s. 23). I min samanheng såg eg etter kvar, korleis og i kva grad barnet si stemme kom til uttrykk i fylkesnemndsvedtaka, om det var forskjell i to ulike tidsperiodar, og kva dette kunne seie oss når det gjaldt synet på barn som eige rettssubjekt og som viktig aktør i slike saker. Det er naudsynt med ein fortolkingsprosess av eit fenomen for å oppnå ei heilskapeleg forståing. Meininga av ein del kan berre forståast dersom den vert brukt i samanheng med ein heilskap. Ein snakkar om ein hermeneutisk sirkel der delar forståast utifrå heilskap, og heilskap utifrå delar (Alvesson & Sköldberg, 1994). Ein samankoplar delar av heilskapen ved å nytte ulik kunnskap og bind det saman slik at det vert ny og betre kunnskap til den allereie studerte delen. Ein er ute etter ei indre meining og ei heilskapeleg forståing (Halvorsen, 2008).

6.2 Dokumentanalyse som metode

I mi undersøking tok eg i bruk analyse av tekst og dokument i form av ei dokumentanalyse som metode for innhenting av data. Dokument er, saman med aktørar som ein kan følgje og observere og respondentar (informantar), ei av tre hovudtypar mogelege informasjonskjelder i samfunnsvitskapelege metodar som Grønmo (2004) presenterer. Dokumentanalyse vert også omtalt som innhaldsanalyse. Eg føretrekkjer å nytte dokumentanalyse, og kjem til å nytte det gjennom heile oppgåva. Dokumentanalyse vert definert på ulike måtar, og det vert forstått ulikt. Ein av definisjonane Krippendorff (2004) presenterer er; "Content analysis is a research technique for making a replicable and valid inferences from texts (or other meaningful matter) to the contexts of their use" (Krippendorff, 2004, s. 18). I følgje han er dokumentanalyse ein teknikk, noko som er eit anna ord enn metode i denne samanheng. Definisjonen visar at det er ein teknikk for å finne erstattelege, pålitelege og gyldige slutningar gjennom tekstar som er relevante for formålet med undersøkinga. Berg (2007) visar også til dokumentanalyse som ein teknikk, og visar til ein definisjonen på dokumentanalyse henta ifrå Leedy & Ormrod (2005) og Neuendorf (2002); "Content analysis is a careful, detailed, systematic examination and

interpretation of a particular body of material in an effort to identify patterns, themes, biases, and meanings” (s. 304). Dokumentanalyse vert utifrå dette forstått som ei grundig, systematisk og detaljert undersøking og tolking av eit bestemt fenomen der ein forsøker å identifisere mønster, tema og tydingar av det aktuelle fenomenet.

Dokumentanalyse inneber systematisk lesing og tolking av ei viss mengd tilgjengelege tekstar eller anna som kan gje rom for tolking (Krippendorff, 2004). Ein kodar, klassifiserar og kategoriserar data. Ved å utføre ei slik analyse reproduserer ein innhaldet og gjer gyldige slutningar av ein tekst. Dei norske metodebøkene forstår dokumentanalyse på same måte, og visar til dokumentanalyse som ei systematisk analyse av dokument, bilete eller videoar med omsyn til å belyse konkrete problemstillingar (Grønmo, 2004; Halvorsen, 2008).

Rammeverket innanfor dokumentanalyse er fastsett av ulike komponentar som danner grunnlaget for ei undersøking. Eg vel å presentere desse kort her, ettersom eg vil komma attende til nokre av desse komponentane då eg visar til kva val eg har teke innanfor dokumentanalyse. Rammeverket er meint til å dekkje ulike formål, og kan seiast å vere gode retningslinjer i arbeidet med ei dokumentanalyse. *Tekst* er ein viktig del av dokumentanalyse, og er data som analytikaren har tilgjengeleg for å kunne starte eit analytisk arbeid. *Forskingsspørsmål* er analytikaren sitt utgangspunkt, der målet er å få svar på spørsmåla gjennom tolkingar av teksten. Innanfor dokumentanalyse forklarar *konteksten* kva analytikaren gjer med tekstane. Ser ein det i lys av mi undersøking var mi meining med teksten å visa kva som kom fram i fylkesnemndsvedtak når det gjaldt barnet si stemme. *Slutningar* er ein sentral komponent og vert sett på som svar på problemstillinga / forskingsspørsmåla. Den siste viktige komponenten for rammeverket kring dokumentanalyse er *bevis på validitet* (Krippendorff, 2004).

6.2.1 Dokumentanalyse kan vere både kvalitativ og kvantitativ

Grønmo (2004) påpeiker at same fenomen kan ha både kvalitative og kvantitative aspekt, og at eit fenomen kan studerast ved hjelp av begge metodar. Kvalitativ og kvantitativ som omgrep, visar til eigenskapar ved data som vert samla inn og analysert. I utgangspunktet er kvantitative data målbare og kan uttrykkast som tal eller andre termar for mengde, medan data som vert uttrykt i form av tekst eller verbale utsegn og som ikkje er tall-festbare,

karakteriserast i utgangspunktet som kvalitative (Befring, 2007; Grønmo, 2004; Halvorsen, 2008).

Med utgangspunkt i forskingsspørsmåla mine og syn på kunnskap, valde eg ein metode som på best mogeleg måte kunne gje meg den kunnskapen eg var ute etter.

Undersøkingsopplegget og metodisk tilnærming bør veljast etter at ein har formulert ei problemstilling (Halvorsen, 2008; Johannessen, Tuft, & Kristoffersen, 2010).

Problemstillinga er styrande for kva metode ein vel. Ei eksplorerande problemstilling der ein ynskjer å gå i djupna av eit fenomen krev ein metode der ein får fram mange nyansar på få einingar. Til ei slik type innsamling tilhøyrer ein kvalitativ metode. Dersom undersøkinga baserer seg på ei hypotesetestande problemstilling der ein ynskjer å gå i breidda på eit fenomen og undersøkje mange einingar, bør ein velje kvantitativ metode (Johannessen, et al., 2010). I mitt prosjekt retta eg fokus på barn og retten til å bli høyrte i barnevernssaker. Eg har formulert eksplorerande problemstillingar der eg ynskde å finne ut kvar, korleis og i kva grad barnet si stemme kom til uttrykk fatta av fylkesnemnda for sosiale saker, og om det var forskjellar i vedtak frå 2002 -2003 og 2008 - 2009. Kva dette fortel oss om barnet som eige rettssubjekt og viktig aktør i ein svært avgjerande setting i barnet sitt liv, vert eit sentralt drøftingspunkt som omhandlar det tredje forskingsspørsmålet mitt. Difor valde eg i hovudsak kvalitativ dokumentanalyse som metode i mitt prosjekt.

Kvalitativ metode tek utgangspunkt i data der informanten sine meiningar og sjølvforståing, intensjonar og haldningar kan vere sentrale (Befring, 2007). Dette inneber at det er opplevingane til verkelege menneske i verkelege situasjonar som er objekta for studien.

I mitt prosjekt var det vedtaket og slutningane fylkesnemnda fatta eg studerte, og som var objekta for min studie. Utifrå dette kunne eg danne meg ei forståing av korleis barn sin rett til å bli høyrte kjem til uttrykk i slike saker. I kvalitative studiar prøvar ein å fange opp perspektiv som ulike aktørar brukar som grunnlag for deira handlingar i spesielle sosiale situasjonar (Hatch, 2002).

Hovudskilje mellom kvalitative og kvantitative data dreiar seg, som vist til tidlegare, om informasjonen vert uttrykt i form av tal eller ord. Det er også mogeleg at ein tel i kvalitativ metode, samstundes som at ein held seg til tekst i kvantitativ metode (Grønmo, 2004; Halvorsen, 2008). Sjølv om eg valde ei kvalitativ dokumentanalyse som metode i mitt prosjekt, har eg ikkje utelukka det kvantitative heilt. Mitt prosjekt får ein kvantitativ

innfallsvinkel ved at eg også tel førekomstar av fenomen. Eg har til dømes talt kor mange gonger det vert referert til barnet si stemme i dei ulike delane i vedtaka, kor mange vedtak som har talsperson og kor mange barn det var i mi valde aldersgruppe sju og 12 år.

6.2.2 Mine val innanfor dokumentanalyse

Krippendorff (2004) visar til tre innfallsvinklar ein kan ta utgangspunkt i når ein skal gjennomføre ei dokumentanalyse. *Tekst-dreven analyse* startar med ei mengd tekst som grunnlag og er motivert utifrå dei tekstar ein har tilgjengelege. Dersom ein vel ei *problem-dreven analyse* bygger ein på epistemologiske spørsmål eller problem om fenomen, hendingar eller prosessar som forskar meiner tekstar kan gje svar på. Motivasjonen for ei slik analyse er spørsmål om fenomen der det ikkje finnast nokre gode svar. Det siste utgangspunktet er *metode-dreven analyse* som er basert på eit ynskje om å bruke ein viss metode (Krippendorff, 2004). Sidan eg på førehand hadde klargjort formålet med prosjektet og forskingsspørsmåla mine, vart ei problem-dreven analyse føremålsteneleg i mi undersøking.

I mitt tilfelle starta eg med tre konkrete forskingsspørsmål som danna grunnlag for analysen min, og gav meg konkrete retningslinjer for kva eg skulle leite etter i tekstane, og deretter tolke og analysere. Forskingsspørsmål er ein viktig del og nøkkelen til eit vellukka forskingsdesign (Grønmo, 2004; Halvorsen, 2008; Krippendorff, 2004). Måla er å få svar på spørsmåla gjennom tolking av teksten. Ved at ein startar med desse kan ein sikre effektivitet i undersøkinga og ein får eit empirisk fotfeste. Eg valde å formulere tre spørsmål som kunne gje meg fleire tenkelege svar på det eg lurte på kring barnet si stemme i fylkesnemndssaker. Ved at eg hadde konkrete spørsmål å halde meg til, gav dette ei retning til kva materialet eg skulle nytte og eg brukte difor mindre tid på å samle dei relevante tekstane. Prosessen med å samle inn tekst og å få svar på spørsmåla blir på denne måten meir effektivt (Krippendorff, 2004). I ei problem-dreven analyse søkjer ein etter å finne ut om noko konkret. Mitt mål var å rette fokus på barn sin rett til å bli høyrte i avgjerdsprosessen i barnevernssaker. Dette er eit konkret og samfunnsaktuelt tema.

Etter å ha formulert forskingsspørsmåla lokaliserte eg relevante tekstar som kunne gje meg svar på det eg lurte på. Ein startar først med eit utval av tekstar som er tilgjengelege for å kunne starte ei empirisk undersøking. Når ein les igjennom materialet noterer ein seg kva som kan vere relevante kategoriar og tema for å kunne sortere funna ein finn (Berg, 2007). I mitt

tilfelle lokaliserte eg ulike vedtak frå fylkesnemnda som låg tilgjengelege på Lovdata. Eg valde å nytte meg av fylkesnemndsvedtak fatta av fylkesnemnda for sosiale saker som gjaldt omsorgsovertaking etter bvl. § 4-12.

Slutningar vert sett på som svar på forskingsspørsmåla i undersøkinga, og er ein av dei grunnleggande delane i gjennomføringa av ei dokumentanalyse saman med tekst og forskingsspørsmål. Slutningar er ofte gøymd i menneskelege prosessar når ein skal foreta koding i dokumentanalyse (Krippendorff, 2004). I forsking er det tre ulike måtar å tilnærme seg slutningar på; induktiv, deduktiv og abduktiv slutning. Ved ei induktiv tilnærming startar ein utan noko teoretisk utgangspunkt, der ein startar med å samle inn data der føremålet er å finne fram til ulike mønster som kan gjerast om til teori. Ein startar med eit utgangspunkt der teksten skal fortelje deg alt, og går ifrå empiri til teori. Dersom ein har ei deduktiv tilnærming har ein klart på førehand kva ein skal sjå etter, og går ifrå teori til empiri. Det er teoriar som ligg til grunn for den empiriske forskinga (Grønmo, 2004; Johannessen, et al., 2010). I ei abduktiv tilnærming har ein som forskar nokolunde klart for seg kva ein skal sjå etter med klare formulerte forskingsspørsmål, men ein er også open for at teksten kan fortelje noko meir. Innanfor dokumentanalyse er ei abduktiv tilnærming den mest brukte (Krippendorff, 2004). Når eg skulle gjere mine slutningar i analysen nytta eg difor ei abduktiv tilnærming ved at eg hadde nokre teoretiske framstillingar om kva eg kunne finne og hadde formulert tre forskingsspørsmål som fortalde meg kva eg var ute etter, men eg var framleis open for at vedtaka kunne fortelje meg noko meir og annleis enn det eg forventa.

For å oppsummere mine val innanfor dokumentanalyse valde eg å gjennomføre ei kvalitativ analyse med utgangspunkt i ei problem-dreven tilnærming, for å skaffe meg kunnskap om barnet si stemme i fylkesnemndsvedtak. Analysen min var motivert utifrå to konkrete forskingsspørsmål som danna grunnlaget for kva eg skulle sjå etter og kva tekst eg skulle nytte og kvar eg skulle finne dei. For å fatte mine slutningar i analysen nytta eg ei abduktiv tilnærming. Å foreta utvalet i ei undersøking kan vera ein tidkrevjande prosess og bør gjerast på ein systematisk måte. I neste del vil eg gjera greie for mitt utval og korleis eg gjekk fram når eg trekte utvalet for mitt prosjekt.

6.3 Utval

Utvalet i ei undersøking er utsnittet av populasjonen eller universet som vi undersøker (Befring, 2007; Grønmo, 2004; Halvorsen, 2008). Å nå ein heil populasjon er ofte for omfattande, slik at ein må gjere eit utval av populasjonen som ein skal undersøkje nærmare. Denne informasjonen dannar grunnlag for kunnskap som kan seiast å vere gyldig for heile utvalet, berre dersom utvalet er representativt. Det er dette Grønmo (2004) kallar utvalsundersøkingar. I mi undersøking kan ein seie at populasjonen er alle vedtak fatta etter barnevernslova § 4 – 12, og som gjeld barn ifrå sju – 12 år i perioden 2002 – 2009. Krippendorff (2004) nyttar *sampling* som omgrep for utval og innsamling av tekst i dokumentanalyse, og påpeiker at utvalsproblem ikkje oppstår dersom analytikaren kan svare på sitt forskingsspørsmål ved hjelp av dei relevante tekstane.

Utval er fasen etter utforming av forskingsdesign og forskingsspørsmål, men før fasen som inneber analyse og tolking av det innsamla materialet. Sjølv om utvalet vert gjort undervegs i arbeidsprosessen, er det naudsynt i ein tidleg fase å gjere seg opp ei meining om kva som er aktuelt utval og kor stort utvalet skal vere (Halvorsen, 2008). I utvikling av forskingsspørsmål avgrensar ein også kva forhold som skal studerast, og dermed er det lagt ein peikepinn for kva utvalet blir. Tydelegheita i avgrensinga avhenger av kor presise forskingsspørsmåla er (Grønmo, 2004). I mitt prosjekt har eg formulert tre tydelege og konkrete forskingsspørsmål; kvar, korleis og i kva grad kjem barnet si stemme til uttrykk i vedtak frå fylkesnemnda, jfr. bvl. § 4-12, om det er forskjell i kvar, korleis og i kva grad barnet si stemme kjem til uttrykk i vedtaka frå 2002 – 2003 og 2008 – 2009, og kva dette fortel oss om barnet som eige rettssubjekt og viktig aktør i slike saker. Desse spørsmåla visar kva som vart utvalet mitt for prosjektet; fylkesnemndsvedtak etter bvl. § 4-12. Sjølv om forskingsspørsmåla er tydeleg formulert, må ein likevel spesifisere utvalet ytterligare og kva einingar ein er ute etter.

6.3.1 Utvalsprosessen

Først vil eg forklare lovdatasystemet, som er den basen eg har henta materialet mitt ifrå. Deretter vil eg vise til korleis eg gjekk fram etter eg hadde lokalisert vedtaka mine, og korleis eg fann vedtaka som til slutt utgjorde analysematerialet mitt.

6.3.1.1 Lovdata som system

Fylkesnemndssakene som eg har nytta som analysematerial i oppgåva har eg henta ifrå www.lovdata.no. Lovdata er ein stiftelse som vart oppretta av Justisdepartementet og Det juridiske fakultet i Oslo i 1981. Formålet er å opprette, halde vedlike og drive system som inneheld rettsleg informasjon (Lovdata, 2010). Etter å ha vore i kontakt med Lovdata, kan dei fortelje at dei i utgangspunktet skal få kvar femte sak frå kvar fylkesnemndsleiar. Det er ikkje alltid slik at Lovdata får saker kontinuerlig frå alle nemndene. Det er nokre nemnder som sender omtrent kvar femte sak, medan det er nokre nemnder dei mottek nesten ingen saker ifrå. Nemndene avgjer sjølv kva saker som vert send til Lovdata, og det er også nemndene som anonymiserer vedtaka. Lovdata kontrollerer deretter at vedtaka er godt nok anonymisert når dei vert mottekne, og legg inn lovtilvising slik at det vert lettare for offentlegheita å finne det ein leitar etter

Vedtak som er tilgjengeleg på lovdata er såleis berre eit utval av dei vedtaka som vart fatta. Det er dessutan allereie i utgangspunktet eit noko skeivt utval med tanke på at ikkje alle sakene som skal leggjast ut (kvar femte sak) vert lagt ut. Dette er noko eg må ta omsyn til i mi undersøking, og det er vidare viktig å påpeike at min empiri berre er basert på det oppsummerande vedtaket som er tilgjengeleg på lovdata. Eg har ikkje noko bakgrunnsinformasjon om saka utover dette. Det eg vil finne ut om kvar, korleis og i kva grad barnet si stemme kjem til uttrykk i fylkesnemndsvedtak, om det er forskjellar i vedtaka frå dei to valde tidsperiodane, og kva dette fortel oss om barnet som eige rettssubjekt og aktør i slike saker, er basert på den informasjonen som eg les utifrå vedtaka. Vedtaka mine er utdrag, og det som fylkesnemnda meiner er mest vesentleg å trekkje fram som grunnlag for avgjersla.

6.3.1.2 Utveljing av vedtak

Kvalitative studiar baserer seg på såkalla strategiske utval, der ein vel informantar som har dei eigenskapane eller den kunnskapen du som forskar er ute etter jamfør den formulerte problemstillinga eller forskingsspørsmålet (Thagaard, 2003). I lys av mitt prosjekt vel eg fylkesnemndsvedtak som utval sidan det var vedtaka som kunne gje meg svar på det eg ville finne ut noko om. Saman med strategisk utval av dei vedtaka eg hadde tilgjengeleg innanfor perioden 2002 – 2003 og 2008 – 2009, har eg gjort eit tilfeldig utval (*random sampling*) (Krippendorff, 2004) av dei vedtaka eg hadde tilgjengeleg. Når ein gjennomfører eit tilfeldig utval listar ein opp alle dei aktuelle einingane, og trekkjer deretter utvalet. I eit tilfeldig utval

skal alle dei aktuelle einingane ha like stort sannsyn for å komme med i utvalet (Halvorsen, 2008; Krippendorff, 2004).

Då eg starta utvalsprosessen søkte eg etter alle vedtaka som omhandla omsorgsovertaking inne på Lovdata. Eg skreiv inn "omsorgsovertakelse" i søkefeltet, valde barnevernslova § 4 - 12 og fekk opp 371 treff. Etter at eg har gjort utvalet mitt er det lagt ut fleire vedtak på Lovdata. Talet på vedtak totalt kan difor vera annleis no enn då eg starta utvalsprosessen min. Deretter skreiv eg ut lista med alle vedtaka frå mine tidsperiodar; 2002, 2003, 2008 og 2009, og valde ut dei som vedtaka som inneheldt barn mellom sju og 12 år. Eg sat igjen med ni aktuelle saker frå 2009, 15 frå 2008, 12 saker frå 2003 og 15 saker frå 2002, sortert etter vedtaksnummer. For å få eit nokolunde "riktig" og jamt utval valde eg å ha 22 vedtak til saman, der 11 var frå 2008 – 2009 og dei resterande 11 frå 2002 – 2003. Når eg skulle trekkje ut dei aktuelle vedtaka laga eg meg ei utvalsrekke der X var vedtaket eg skulle nytte og Y var dei eg valde bort. Utvalsrekka mi vart difor sjåande ut slik; X, Y, X, Y, Y, X, Y, X, Y, Y... Dette vart gjort for å dekkje alle vedtaka som var aktuelle for utvalet.

I 2009 var det derimot litt mindre saker enn i dei andre periodane, og utvalsrekka ovanfor hadde ført til ei skeivdeling og for få saker. Difor endra eg utvalsrekka til å gjelde annakvar vedtak for 2009, og rekke vart slik; X, Y, X, Y, X, Y, X... Etter å ha gjort dette stod eg igjen med fem vedtak frå 2009, seks ifrå 2008, fem ifrå 2003 og seks ifrå 2002. Eg las ikkje igjennom vedtaka på førehand og vedtaka vart difor ikkje påverka av min kjennskap til dei. Då eg valde ut vedtaka visste eg ikkje kva dei ville fortelje meg om korleis og i kva grad barnet si stemme kjem til uttrykk, og om det er nokre forskjellar i dei to valde periodane.

6.3.3 Mitt utval

Avslutningsvis i denne delen vil eg kort presentere det aktuelle utvalet mitt, som utgjorde analyse materialet. Etter å ha samla inn alle vedtaka systematisk, laga eg ei oversikt og fann ut kva som kjenneteikna materialet mitt. Materialet eg har nytta i denne oppgåva innebar som vist til ovanfor 22 vedtak fatta av fylkesnemnda for sosiale saker som omhandla omsorgsovertaking jfr bvl § 4 – 12. Aldersgruppa som eg valde, og som var aktuell for meg var barn mellom sju og 12 år. Til saman var det 39 barn fordelt på 22 vedtak. Sju av desse borna var under sju år eller over 12 år. I alle vedtaka var det born som fall inn under mi gruppe, men i fem saker var det sju søsken som var under sju eller over 12 år.

Nedanfor har eg laga ei oversikt som visar tal born i vedtaka mine, sortert etter alder og årstal. Utifrå oversikta kan ein sjå at det er flest born i perioden 2002 – 2003. Det er også flest born som kjem innanfor mi aldersgruppe i denne perioden.

| Alder | Alle vedtak | 2009 | 2008 | 2003 | 2002 |
|------------------|-------------|--------|--------|---------|---------|
| 0 – 7 år | 5 | 1 | 1 | 0 | 3 |
| 7 – 12 år | 32 | 8 | 7 | 9 | 8 |
| Over 12 år | 2 | 0 | 1 | 1 | 0 |
| Til saman | 39 born | 9 born | 9 born | 10 born | 11 born |

6.4 Analytisk tilnærming

Analyse av data inneber kategorisering av den innsamla informasjonen der målet er å skildre og vise kva ein har funne. Ein skal vise kva som karakteriserer dei ulike data i undersøkinga (Halvorsen, 2008). Analysen i ei dokumentanalyse er til dømes når ein grupperer informasjonen ein finn i ulike typar av informasjon utifrå kva dei representerer eller uttrykkjer (Halvorsen, 2008). Eg vil i denne delen vise korleis eg har gått fram når eg har analysert materialet mitt og utarbeidd kategoriar. Kategoriane mine vert nærmare presentert som ei innleiing til presentasjon av resultat.

6.4.1 Kategorisering av data

Kategorisering er ein del av analysen og er med å bidra til at problemstillinga vert betre opplyst (Grønmo, 2004). Innhaldet i dei aktuelle tekstane vert vurdert i forhold til kvarandre. Det dannar grunnlag for å identifisere felles trekk mellom ulike tekstelement og deretter gruppere desse saman i kategoriar. I arbeidet med utviklinga av kategoriar var utgangspunktet korleis eg skulle få fram det som kom til uttrykk for barnet si stemme på best mogeleg måte.

For å bli kjend med materialet mitt las eg først igjennom heile vedtaket for å få ei oppfatning av kva som kom fram av barnet si stemme. Ved første gjennomlesing såg eg berre på det som kom fram gjennom talsperson. Eg såg vekk ifrå uttrykk som til dømes ”barnet har fortalt at

foreldrene krangler mye”. For å få mest mogeleg empiri valde eg ved andre gjennomlesing å identifisera alt som kom fram av barnet si stemme ifrå alle partar, men gjekk framleis vekk i frå vurderingar av barnet. Det eg leita etter som uttrykk for barnet si stemme var: barnet har fortalt, formidla, synest, gitt uttrykk for osv. Kva eg definerer som barnet si stemme og ikkje tek med som barnet si stemme vert forklart nærmare i resultatdelen. Etter å ha lese gjennom alle vedtaka og sortert informasjonen utifrå kvar, korleis og i kva grad barnet si stemme kom til uttrykk, valde eg å ha med barnet i stemme i heile vedtaket og ikkje berre barnet si stemme i nemnda si slutning.

Eg kategoriserte informasjonen inn i to ulike nivå; barnet si stemme før slutning og barnet si stemme i slutninga. Utifrå dette vart kategoriane mine slik:

1. Barnet si stemme gjennom talsperson før slutning
2. Barnet si stemme gjennom sakens bakgrunn
3. Barnet si stemme gjennom offentleg part
4. Barnet si stemme gjennom privat part
5. Barnet si stemme i fylkesnemnda sine slutningar

Etter at eg har utvikla kategoriar, såg eg etter *trender, mønster og forskjellar* i vedtaka. Dette er noko Krippendorff (2004) påpeikar som sentrale element innanfor ein slik metode.

Samla sett såg eg etter trendar og endringar i omfang og måten det vart referert til barnet si stemme i fylkesnemndsvedtaka, om det var noko bestemt mønster på korleis barnet si stemme kom til uttrykk og om det var forskjellar i kor mykje barnet si stemme kom til uttrykk på tvers av tidsperiodar.

6.5 Validitet, reliabilitet og overføring

I forskning er ein oppteken av at data skal ha så god kvalitet som mogeleg. God kvalitet er ein avgjerande føresetnad for å komma fram til resultat som er gode og haldbare (Grønmo, 2004). Det vert stilt krav om at prosjekt er gyldige og pålitelege. I tillegg er det eit mål at resultatata skal ha ein overføringsverdi til andre personar og situasjonar. I denne delen vil eg vise til kva eg har gjort for å sikre dette i oppgåva mi.

6.5.1 Validitet

Validitet kan forklarast som gyldigheita av eit utsegn eller ein konklusjon i eit forskingsprosjekt (Befring, 2007; Kvale & Brinkman, 2009). ”Måler du det du trur du måler?”, kan vera rettleiingss spørsmål som er til god hjelp under ein slik prosess. Resultatet i eit prosjekt skal vera gyldig og relevant for den problemstillinga ein ynskjer å finne svar på. Ein kan seie at validitet difor omhandlar om undersøkinga er nøyaktig, riktig og sann (Robson, 2002). Validiteten i ei oppgåve er høg dersom undersøkingssopplegget og datainnsamlinga resulterer i data som er relevante for problemstillinga (Grønmo, 2004, s. 221).

For å forbetre validiteten i oppgåva har eg prøvd å utvikle eit undersøkingssopplegg med ulike kategoriar som sikra at eg fanga opp all informasjon som var relevant for å kunne svare på kvar, korleis og i kva grad barnet si stemme kom til uttrykk i alle deler fylkesnemndsvedtaka, om det var forskjellar i vedtaka, og kva dette fortel oss om barnet som eige rettssubjekt og viktig aktør i slike saker. Eg har samla all informasjon som kom til uttrykk under kvar kategori som refererte seg til barnet si stemme. For å tydeleggjera det eg fann av barnet si stemme tematiserte eg informasjonen etter innhald, og på denne måten har eg prøvd å auka gyldigheita av resultatata eg fann. For å auke validiteten i oppgåva las eg igjennom vedtaka fleire gonger og eg las vedtaka spesifikt og grundig. Ved at eg har vore nøyaktig i arbeidet mitt og jobba systematisk med mine funn, har eg forsøkt på best mogeleg måte å sikra validiteten i oppgåva mi.

Noko som er med på å påverke validiteten i ei undersøking er dei kjeldene ein nyttar. Før ein tek i bruk aktuelle kjelder i ei undersøking må ein alltid ta kritiske vurderingar til kjeldene. Å gjere ei kjeldekritisk vurdering vil seie at ein vurderar kjeldene grundig og bruker kjeldene på ein forsvarleg måte (Grønmo, 2004). For å auke validiteten i oppgåva mi har eg gjort ei slik vurdering av fylkesnemndsvedtaka, som er dei dokumenta eg nyttar. Grønmo (2004) seier det er viktig å vurdere kjeldene sin tilgjengelegheit, relevans, autensitet og truverde for å sikra validitet innanfor dokumentanalyse. Vedtaka eg nyttar i oppgåva ligg tilgjengelege på Lovdata, og kan reknast som sikre kjelder. Sidan dei er tilgjengelege for allmennheita bidreg det til å sikre truverdigheita i kjeldene mine, og dette er med på å styrke validiteten i undersøkinga mi. Fylkesnemndsvedtaka eg har nytta i undersøkinga kan seiast å vere relevante for mitt prosjekt, på grunnlag av at det er denne type vedtak som kan hjelpe meg å

kaste lys over barnet si stemme i fylkesnemndsvedtaka, og det kastar lys over det eg faktisk skal sjå på. Ved at vedtaka er relevante for mitt formål, kan dette vere med å auke validiteten i oppgåva mi. Vedtaka er skrive av ein dommar, og sikrar dermed at dei er autentiske (Grønmo, 2004) eller ekte, som igjen kan vere med på å styrka validiteten i oppgåva.

Noko som kan påverke validiteten i undersøkinga er mi eiga forforståing. Min bakgrunn som barnevernspedagog kan påverke måten eg designar prosjektet mitt på ved at eg har kjennskap til feltet og ei viss formeining om kva kunnskapshola i barnevernet kan vere. Undervegs i arbeidet har eg heile tida vore bevist på mi eiga forforståing om det eg veit om barn sine deltakarrettar og dei eksisterande utfordringane kring dette. Eg har prøvd å vore mest mogeleg nøytral når eg har leita etter kva eg har funne om barnet si stemme i fylkesnemndsvedtaka, og ikkje la dette styre mitt fokus.

6.5.2 Reliabilitet

Reliabilitet er resultatata i undersøkinga sin konsistens og truverde (Kvale & Brinkman, 2009; Robson, 2002). Det dreiar seg om undersøkinga og resultatata er pålitelege eller ikkje. ”Kan ein tru på det ein har funne ut?”. Når eg skal vurdere reliabiliteten i mi oppgåve må eg sjå på om det eg har funne ut er truverdig eller ikkje og om ein kan tru på det eg har funne ut i forhold til barnet si stemme i fylkesnemndsvedtaka. Reliabiliteten i ei oppgåve er høg dersom undersøkingsopplegget og datainnsamlinga gjev pålitelege data (Grønmo, 2004, s. 220)

For å auke pålitelegheita av resultatet mitt har eg i forkant sortert og samla inn all informasjon systematisk, og markert alle utsegn med vedtaksnummer og sortert etter kvar kategori. Eg har dokumentert kva vedtak eg har vist til når eg har framstilt resultatet, og eg har nytta fotnotar og referert til vedtaksnamn og nummer etter kvart einaste utsegn eg visar til. Dette dannar grunnlag og gjer det mogeleg for andre å etterprøve, og eg sikrar dette ved å prøve å vere påliteleg i det eg visar til. Vedtaka som eg nyttar ligg, som vist til under validitet, tilgjengeleg på Lovdata. Ved at dei er tilgjengeleg for offentlegheita, kan dette også vere med å styrke resultatet sin pålitelegheit og gjer det mogeleg for andre å sjekke resultatet mitt på bakgrunn av det arbeidet eg har gjort.

Gjennomgangen av relevant forskning i kapittel 5 syner at i fleire liknande prosjekt har ein funne liknande resultat som det eg fann. Dette er også med på å auke reliabiliteten av mine

funn. Ei kjerne ved reliabilitetsomgrepet er om andre kan finne det same som meg. Dette er ikkje mogeleg då kunnskap i kvalitativ forskning oppstår på grunnlag av forskaren si eiga tolking og erfaring, og ein søker etter å forstå meningsinnhaldet i fenomen slik dei vert opplevd for dei som er involvert (Forskningsetiskekomiteer, 2006). Spørsmålet er likevel på trass av slike avgrensingar, om noko av det eg har funne likevel er overførbart. Eg meiner at mine funn på grunnlag av dette kan overførast, og eg vil i neste del visa til dette.

6.5.3 Overføring

Overføring tyder at det ein har funne og slik ein forstår resultata i ei undersøking kan vere gjeldande i andre samanhengar, og om kunnskapen kan overførast (Johannessen, Tufte, & Kristoffersen, 2006; Thagaard, 2003). I forlenginga av dette seier Johannesen et. al (2006) at, ”en undersøkelses overførbarhet dreier seg om hvorvidt en lykkes i å etablere beskrivelser, begreper, fortolkninger og forklaringar som er nyttige i andre sammenhenger” (s. 201).

Overføring tilsvarar omgrepet generalisering, som vert mest brukt i kvantitative samanhengar (Thagaard, 2003). Sidan mi studie er basert på ein kvalitativ metode, nyttar eg overføring i denne samanhengen.

Sidan mitt utval ikkje er representativt, og utgjer ein liten del av alle vedtaka jfr. bvl § 4 - 12 som vert fatta av fylkesnemnda, gjenspeilar ikkje mine funn noko som kan seiast å vera gjeldande for alle vedtaka som nemnda fattar. Omtrent kvart femte vedtak som vert fatta i fylkesnemnda vert lagt ut på Lovdata (i realiteten veit me at dette ikkje er systematisk fulgt opp), og dei vedtaka som var aktuelle for meg utgjorde til saman 52 vedtak. 22 av desse vedtaka trakk eg ut til mitt utval. Resultatet mitt kan likevel ha ein overføringsverdi ved at det kan gje ein peikepinn på korleis barnet si stemme kjem til uttrykk i vedtaka og korleis dette kan sjå ut i vedtaka. Oppgåva mi kan difor bidra med kunnskap om korleis barnet si stemme kjem til uttrykk og kva bilete dette gjev av barnet som rettssubjekt og viktig aktør i slike saker. Analyse materialet mitt utgjorde nesten 40 % av alle vedtaka som er publiserte på Lovdata. Dette er, som ein ser, ein stor del av det tilgjengelege materialet, og er også noko som kan vere med på å styrke overføringsverdien av resultata i oppgåva mi.

6.6 Etiske refleksjonar

All forskingsarbeid skal ha eit etisk grunnlag og prosjektet skal gjennomførast etter særskilte forskningsetiske retningslinjer. Johannessen, et al. (2006) skriv at; ”Etikk dreier seg om prinsipper, regler og retningslinjer for vurdering om handlinger er riktige eller gale” (s. 91). Forskingsetikk er visjonen til den gode kunnskap, og visar til eit sett med verdiar, normer og ordningar som bidreg til å konstituere og regulere vitenskapleg verksemd (Forskingsetiskekomiteer, 2006).

I arbeidet med prosjektet mitt, må eg som forskar halde meg til dei etiske retningslinjene for god forskningsetikk. Forskingsetiske retningslinjer skal bidra til refleksjon over mine etiske oppfatningar og haldningar. Retningslinjene skal hjelpe meg som forskar til å verta bevisst mine eigne normkonfliktar, styrke godt skjønn og bidra til å ta godt grunngeve val (Forskingsetiskekomiteer, 2006). Dette vil sei at eg ved å halde meg til retningslinjene gjennom arbeidet med fylkesnemndsvedtaka, reflekterer kritisk over det eg finn som uttrykk for barnet si stemme og mi eiga oppfatning av dette. Undervegs i arbeidet mitt grunngeve eg vala mine godt.

Generelt for all forskning stillar god forskningsetikk krav til at forskaren er ærleg og open for eigne feil i arbeidet, samstundes som han er upartisk. Det er viktig at eg er bevisst på mi eiga rolle som forskar når eg skal gjennomføre forskingsprosjektet mitt. Forskaren sin integritet har mykje å seie for kvaliteten på kunnskapen og etiske konklusjonar i forskning. Forskaren sin integritet handlar om kunnskap, erfaring, ærlegdom og rettferd (Kvale & Brinkman, 2009).

Når det gjeld dokumentanalyse snakkar ein i hovudsak om god forskingspraksis og at forskar er etterrettleg og nøyaktig. God forskingspraksis inneber at forskingsformål ikkje bryt med allmenn moral, etikk og respekt for individet sin vørdnad (Forskingsetiskekomiteer, 2006). Eg tok i bruk dette då eg arbeida med fylkesnemndsvedtaka, og jobba utifrå at eg respekterte det som vedtaka inneheld, tok vare på informasjonen som kom til uttrykk på best moglege måte og prøvde å forstå det som kom til uttrykk. Etterrettleg vert i forskning brukt som eit sett av ulike normer for forskning. Det vert knytt saman med transparens, å vere uavhengig og bevisst sitt samfunnsansvar (Forskingsetiskekomiteer, 2006). For å vere etterretteleg i mitt arbeid, har eg prøvd å vera mest moglege transparent, og dokumentert godt til kva vedtak eg presenterer i framstillinga av arbeidet. Eg gjer det synleg for lesaren å sjå kva vedtak eg

refererer til ved å vere grundig i arbeidet. Mykje av mine etiske refleksjonar ovanfor heng til dels saman med det eg har gjort for auka validiteten og reliabiliteten i prosjektet mitt.

7.0 Presentasjon av funn

I denne delen vil eg presentere resultatane i undersøkinga mi, og vise til kva eg har funne om kvar, korleis og i kva grad barnet si stemme kjem til uttrykk etter barnekonvensjonen sin artikkel 12 og bvl § 6 – 3, i vedtak frå fylkesnemnda om omsorgsovertaking jfr. bvl § 4 - 12, og om det er forskjell i vedtak frå 2002 – 2003 og 2008 – 2009. Dette dannar igjen grunnlaget for å svare på kva dette fortel oss om barn eige rettssubjekt og viktig aktør i slike saker, noko som kaste lys over i neste kapittel. Først vil eg gjere for kva eg har definert som barnet si stemme i fylkesnemndssaker, før eg visar korleis eg har kategorisert og tematisert funn knytt til det første forskingsspørsmålet mitt. Tilslutt i kvar kategori, ser eg om eg fann forskjellar mellom dei to valde tidsperiodane mine (2002 – 2003 og 2008 – 2009), som var det andre forskingsspørsmålet mitt. Analyse materialet mitt inneheldt 22 fylkesnemndsvedtak om omsorgsovertaking etter bvl § 4 – 12.

7.1 Barnet si stemme i fylkesnemndssaker

I vedtaka er det ulike stemmer og skildringar av barna som skal hjelpe til med å få saka godt belyst. I oppgåva definerer eg barnet si stemme som når det er referert til eit utsegn barnet har formidla direkte i nemnda, til dømes ved at dommar eller andre medlemmar av nemnda har snakka med barnet eller det som er formidla gjennom talsperson, barneverntenesta, privat part, samarbeidspartnarar (lærer, lege, andre vitne etc.). Barnet si stemme kjem på denne måten til uttrykk som ”barnet har sagt, formidla, fortalt, uttalt eller liknande”. Ein annan måte barnet si stemme ofte kjem til uttrykk på i vedtaka er ”barnet har gitt uttrykk for” eller liknande uttrykk som refererer til noko barnet har sagt. Dette vel eg å ta med som barnet si stemme fordi det kan tolkast som direkte uttrykk for noko barnet har formidla om sin eigen situasjon og eige ynskje. Det er slik barnet si stemme kjem til uttrykk i fylkesnemndssaker, og eg er klar over at barnet si stemme vil mest alltid vera presentert av andre. Det vil difor alltid vera ein fare for omfortolking eller tilpassing av budskapet.

Det eg ikkje definerer som barnet si stemme er vurderingar og skildringar av barnet gjort av andre. Gjennom vurderingar og skildringar kjem det fram mykje informasjon om det gjeldande barnet, men er, slik eg ser det, meir uttrykk for korleis andre ser og opplever barnet. Difor vel eg å ikkje ta med dette som ein del av barnet si stemme i mi oppgåve.

Eit døme på kva eg inkluderer som barnet si stemme er; ”C er en intelligent gutt og har ved flere samtaler gitt uttrykk for at han ikke har det greit hjemme” (vedtak 9: FNV-2008-440-OSL). Dette inkluderer eg ikkje som barnet si stemme; ”Barn 3 beskrives i dag som en trist jente med dårlig selvbilde” (Vedtak nr 3: FNV-2009-74-ROG) og ”Om jente er det rapportert at hun ser ut til å ha det bra om dagen. Hun har ikke lengre det samme behovet for å holde oversikt. Hun er i godt humør og arbeider godt med skolesaker” (Vedtak nr 18: FNV-2002-139-OST).

7.2 Kategoriar

Når ein skal utforme kategoriar vurderar ein innhaldet i tekstane og tolkar dei i forhold til problemstillinga, og vurderar innhaldet i forhold til kvarandre. Dette dannar grunnlag for å identifisere fellestrekk mellom ulike element og gruppere elementa i ulike kategoriar (Grønmo, 2004). Kategoriane må vera forankra i dei data dei kjem ifrå (Berg, 2007). Når eg utarbeida mine kategoriar tok eg utgangspunkt i forskingsspørsmåla mine. Eg retta fokus på kvar i fylkesnemnda barnet si stemme kom til uttrykk, korleis det kom til uttrykk og kven som gav uttrykk for barnet si stemme. På denne måten delte eg empirien min inn i ulike kategoriar med ulike delkategoriar, som kunne gje meg svar på mine forskingsspørsmål.

Overordna kan ein seie at barnet si stemme, med utgangspunkt i slik fylkesnemndsvedtak er oppbygd, kan delast inn i to ulike nivå; barnet si stemme før slutning og barnet si stemme i slutninga. Utifrå dette vart kategoriane mine sjåande slik ut:

1. Barnet si stemme gjennom talsperson før slutning
2. Barnet si stemme gjennom saka si bakgrunn
3. Barnet si stemme gjennom offentleg part
4. Barnet si stemme gjennom privat part
5. Barnet si stemme i fylkesnemnda sine slutningar
 - a. Talsperson
 - b. Andre (skule, lege, SFO etc)

Kategori 1, 2, 3 og 4 inneheld barnet si stemme før slutninga, medan kategori 5 inneheld barnet si stemme i sjølv slutninga. Ei slik inndeling valde eg fordi medan første del av vedtaket er ein gjennomgang av saka si bakgrunn og den informasjonen som vert presentert

frå partar og liknande, er slutninga ein gjennomgang og presentasjon av det viktigaste fylkesnemnda sjølv finn å leggja til grunn for sitt vedtak. Eg har vald talsperson som eigen kategori, fordi dette i følgje bvl § 7 – 9 er det viktigaste talerøyet til barn under 15 år i slike saker. Eg har identifisert barnet si stemme i alle vedtaka, og tydeleggjort og ivaretatt barnet si stemme i dei ulike delane av vedtaket. Sidan både saka si bakgrunn og fylkesnemnda si slutning nødvendigvis i stor grad baserer seg på offentleg og privat part sine opplysningar i saka, vil det tidvis vera overlapping når det vert vist til barnet si stemme. Trass overlapping, har eg likevel vald å gjera det slik fordi ein del av mine forskingsspørsmål var å synleggjera alle stadene i vedtaket der barnet si stemme var referert til i fylkesnemndsvedtak.

Etter at eg har identifisert alt som kom fram av barnet si stemme i lys av definisjon presentert ovanfor, der eg trakk ut det som gav uttrykk for noko barnet sjølv har sagt eller fortalt, har eg tematisert informasjonen i vedtaka inn i fire ulike typar for informasjon. Dei fire typar informasjon er:

1. Barnet gjev uttrykk for sine ynskjer. I hovudsak gjeld det ynskjer om kvar dei vil bu og kven dei vil bu med, men i nokre høve gjeld det også omfang av samvær.
2. Barnet fortel om hendingar og opplevingar det har hatt heime, som til dømes om kringling mellom foreldra, mor eller far slår, rusmisbruk i heimen.
3. Uttrykk for ei kjensle eller behov barnet har hatt (som til dømes då guten fortel at han var svolten og jenta fortel at ho var redd.)
4. Ei handling barnet gjer eller har vore med på, som til dømes at barnet ser film hos ein klassekamerat eller at barnet har forsove seg.

Når eg analyserer det eg har funne som uttrykk for barnet si stemme kjem eg til å nytte den tematiserte informasjonen eg har presentert ovanfor. Kva slags type informasjon som kjem fram, og kven som formidlar denne type informasjon skal eg visa nedanfor der eg skal gå igjennom kvar kategori og presentera det eg har funne. Etter kvar kategori vil eg oppsummere og vise til kva eg les utifrå den informasjonen eg finn. Avslutningsvis etter kvar kategori vil eg vise til om eg finn forskjellar i vedtaka frå 2002 – 2003 og 2008 – 2009.

7.3.1 Barnet si stemme gjennom talsperson før slutning

Av dei 22 vedtaka i utvalet mitt var det 15 saker med talsperson. I eit av desse vedtaka (nr.12: FNV-2003-292-ROG) var det oppnemnd talsperson, men barnet si stemme kom ikkje til uttrykk gjennom talsperson. Difor vart det til saman 14 vedtak der det kom fram informasjon frå talsperson. Som ei lita oversikt innleiingsvis i denne delen, kan ein fordela saker med talsperson slik, over min valde tidsperiode (2002 – 2003 og 2008 – 2009):

- I vedtaka frå 2009 var det oppnemnt talsperson i alle dei fem sakene.
- I vedtaka frå 2008 var det to vedtak der det ikkje var talsperson, der borna var fem, åtte og 11 år. Medan i dei resterande fire var det oppnemnt talsperson, der alle borna var mellom sju – 12 år. Det var totalt seks vedtak frå 2008.
- I vedtaka frå 2003 var det to vedtak som ikkje hadde talsperson, medan det var tre saker med talsperson. I vedtaka som ikkje hadde talsperson var alle dei fire borna under 12 år. Det var totalt fem vedtak frå 2003.
- I vedtaka frå 2002 var det tre vedtak utan talsperson og alle borna var under 12 år, utanom eit vedtak der barnet var 12. I dei resterande tre vedtaka var det oppnemnd talsperson. Det var totalt seks vedtak frå 2002.

I seks av dei 14 sakene kom det fram informasjon frå talsperson før nemnda si slutning. Informasjonen som kom fram gjennom talspersonen før slutning inneheldt i stor grad barnet sine ynskjer i ulike former, og om kjensler barnet har / har hatt. Det eg i hovudsak fann var at typiske ynskjer det vart referert til var barnet sitt ynskje om kvar det ville bu. Det var tre vedtak der det var referert til talspersonen i kommunal part sin del¹;

At Gutt 1 selv ser det som nødvendig å bo et annet sted, fremstår av den samtalen hans talsperson hadde med ham i beredskapshjemmet. Hans uttalelser kan ikke forstås annerledes enn at han ønsker å bo hos mor, men ikke før hun er blitt ”frisk” (Gutt 1s benevnelse) (vedtak 2: FNV-2009-159-AGD).

Ovanfor vart det vist til noko barnet såg på som naudsynt, og det vart påpeikt at det var talspersonen han har sagt dette til. Neste sitat viser ikkje direkte til noko barna har sagt, men det vert vist til at barna har uttalt seg om kvar dei ynskjer å bu og at det kjem fram via talsperson; ”*Det forhold at de to barna har uttalt seg forskjellig til talsperson om hvor de*

¹ Vedtak 2: FNV-2009-159-AGD, Vedtak 15: FNV-2003-105-ROG, Vedtak 17: FNV-2002-144-AGD

ønsker å bo, mener barnevernstjenesten må kunne forklares ut fra den aldersforskjellen det er på de to barna” (vedtak 15: FNV-2003-105-ROG).

Barnet sitt ynskje formidla av talsperson kom også til uttrykk på denne måten; *”Talspersonen redegjorde for at C gav uttrykk for at hun ikke ønsket å være på M fordi det var for mange små barn. Talspersonen uttalte også at C ikke er negativ til å bli plassert i fosterhjem”* (Vedtak 17: FNV-2002-144-AGD).

I vedtak 5, 17 og 22 var det referert til talsperson under privat part²; *”Barna har sagt tydelig til talsperson at de vil bo hos mor”* (Vedtak 5: FNV-2008-217-OPP). Dette fortel oss noko om kva barnet ynskjer og vil. Neste utsegn kom til uttrykk i samband med at mor var sambuar i ein periode frå 1989 – 1996. Dette visar ei kjensle barnet har hatt, om at ho følte at dette var gode år; *”Ifølge talspersonen sa C at dette var noen gode år – da familien var glade i hverandre”* (vedtak 17: FNV-2002-144-AGD).

Det siste utsegnet som kom fram under privat part og som vart referert til ifrå talspersonen, visar til at barn skal takast med på råd, og at barnet skal vera klar over situasjonen;

”Etter barnevernloven § 6-3 skal et barn taes med på råd. Det forutsetter imidlertid at barnet er klar over situasjonen og hva alternativene er. Etter det som har kommet fram har han gitt uttrykk for forskjellige oppfatninger. Når han snakket med talspersonen synes han ikke å ha vært klar over hva slags sak som egentlig skulle behandles i fylkesnemnda” (vedtak 22: FNV-2002-5-TEL).

Det var også eit vedtak i materialet mitt som hadde eigen del med *”barna har uttalt”* før nemnda si slutning. Her vart det vist til kva barna har sagt til talspersonen som nemnda har oppnemnt, vedtak 18: FNV-2002-139-OST;

Barna har uttalt:

Fylkesnemnda oppnevnte en talsperson for barna. Talspersonen snakket med alle 3 sammen i deres fosterhjem den 07.10.02.

Alle 3 barna oppgir å like seg på skolen. Jente og Lillebror ønsker å fortsette på denne skolen også fremover. Storebror skal begynne på ungdomsskole høsten 2003, og ønsker å begynne på stedets ungdomsskole.

Barna gir uttrykk for at de har det godt i fosterhjemmet. De sa til talspersonen at fosterforeldrene er snille og hjelper dem med lekser. Fosterfamilien har et torp i Sverige som de ofte besøker, og de hadde

² Vedtak 5: FNV-2008-217-OPP, vedtak 17: FNV-2002-144-AGD, vedtak 22: FNV-2002-5-TEL

en fin ferie sammen i Danmark denne sommeren. Barna sa at de også liker å besøke sin avlastningsfamilie annenhver helg.

I forhold til denne saken, fortalte barna talspersonen at det var viktig for dem at de også i fremtiden bor sammen « (*selv om de krangler mye...!*) ». De ønsker helst å bo hos mamma og vil være lei seg dersom dette ikke går. Subsidiært ønsker de å bo hos pappa, men de anser ikke dette som aktuelt så lenge pappa bor på rus institusjon. Det vil først kunne bli aktuelt etter at pappa har fått seg eget hus.

For det tilfellet at de fortsatt skal bo i fosterhjemmet, ønsker barna å besøke mamma en gang pr. uke som nå. De ønsker å ha samvær med pappa en gang annenhver uke.

Her får vi eit grundig bilete av kva barna har formidla og kva som er viktig for barna, utover informasjon om kvar dei vil bu. Barna si stemme kjem godt til uttrykk. Informasjonen som kjem fram her visar barna sine ynskje om kvar dei helst vil bu. Dei fortel om trivsel, og dette gjev uttrykk for kjensler barna har, om korleis dei har det og kva dei tenkjer om situasjonen slik den er. Nemnda hentar ikkje opp att barnet si stemme i slutninga i dette vedtaket.

Det var som sagt ovanfor til saman 14 vedtak som inneheldt barnet si stemme gjennom talsperson. I seks av vedtaka kom barnet si stemme til uttrykk før slutning. Ovanfor har eg vist til sju utsegn gjennom talsperson før slutning. I eit av vedtaka (vedtak 17: FNV-2002-144-AGD) kom barnet si stemme gjennom talsperson fram to gonger. Eg fann informasjon frå talsperson under offentleg part og privat part, og har vist til alle stader ovanfor. Barnet si stemme inneheldt informasjon om eit ynskje eller meining. Det er det barnet ynskjer og meiner om situasjonen sin, kva som skal skje vidare og kvar dei vil bu som er hovudinnhaldet i det talspersonen formidlar.

Det kom såleis totalt sett ikkje så mykje fram av barnet si stemme gjennom talsperson før slutning. Barnet si stemme var vist gjennom korte og konkrete utsegn, men ein kan samstundes sjå tydeleg kva som vart formidla av barnet si stemme. Nemnda har i eit vedtak (vedtak 18: FNV-2002-139-OST) presentert barnet si stemme gjennom talsperson i eigen del før sjølve slutninga. Dette var det einaste vedtaket i materialet mitt der barnet si stemme kom til uttrykk i eigen del og som var merka med "*barna har uttalt*". Dette er eit eksempel på eit mykje meir heilskapeleg bilde av barnet si stemme. Eit viktig funn her er at det vert referert til barnet si stemme gjennom talsperson før slutning i berre seks saker.

7.3.1.1 Forskjellar i vedtaka

Eg fann at av dei seks vedtaka i heile perioden var det to vedtak frå 2008 – 2009 og fire vedtak frå 2002 – 2003 som inneheldt barnet si stemme gjennom talsperson før slutning³. I mitt materiale kom difor barnet si stemme oftare til uttrykk i vedtaka frå 2002 – 2003. Det var lite forskjellar i informasjonen som kom til uttrykk. Som tidlegare nemnd var det eit vedtak som skilde seg ut med omsyn til at nemnda gav barnet si stemme eige avsnitt i vedtaket, samt at det var veldig informasjonsrikt (vedtak 18: FNV-2002-139-OST).

7.3.2 Barnet si stemme gjennom saka si bakgrunn

Informasjonen som kjem til uttrykk i saka si bakgrunn er basert på barneverntenesta sitt saksframlegg. Ein del av utsegna som vart refererte som uttrykk som barnet si stemme kom fram gjennom noko til dømes skulen, legen eller personalet på SFO har formidla, og gjennom barneverntenesta sjølv. I 12 av dei 22 vedtaka kom barnet si stemme fram i saka si bakgrunn⁴. Samla sett så inneheldt barnet si stemme i saka si bakgrunn også opplevingar og hendingar i heimen (til dømes krangling, valdsepisodar og rusmisbruk), og om barnet sitt eige ynskje om kva det ville. Barna sine ynskjer dreidde seg i hovudsak om kvar dei ville bu og at barnet ville ha meir kontakt med andre utanom familien og heimen. Nokre av utsegna inneheldt uttrykk for kjensler eller behov barnet hadde. Dømer på dette er kroppslege kjensler som til dømes trivsel i heimen.

Mykje av det som kom til uttrykk gjennom saka si bakgrunn, innebar som vist til ovanfor informasjon om opplevingar og hendingar barnet har opplevd i heimen. Noko av dette vart presentert slik, og kom til uttrykk gjennom barneverntenesta i saka si bakgrunn; *”Gutt 1 fortalte i samtale med kurator at moren drakk Baylis og hadde noe annet oppi. Videre at han har sett moren sette sprøyte i armen”* (Vedtak 2: FNV-2009-159-OSL) og *”Episoden med faren hadde vært voldsom, og C forteller at det var masse blod på kjøkkenet etterpå. Han forteller videre at faren også slo/sparket han”* (Vedtak 16: FNV-2002-166-AGD). Ein annan

³ 2008 – 2009; vedtak 2: FNV-2009-125-AGD, vedtak 5: FNV-2008-217-OPP. 2002 – 2003; vedtak 15: FNV-2003-105-ROG, vedtak 17: FNV-2002-144-AGD, vedtak 18: FNV-2002-139-OST, vedtak 22: FNV-2002-5-TEL

⁴ vedtak 2: FNV-2009-159-AGD, vedtak 3: FNV-2009-74-ROG, vedtak 5: FNV-2008-217-OPP, vedtak 7: FNV-2008-184-AGD, vedtak 9: FNV-2008-77-MRO, vedtak 10: FNV-2007-203-MRO, vedtak 11: FNV-2007-194-MRO, vedtak 14: FNV-2003-112-TRL, vedtak 16: FNV-2002-166-AGD, vedtak 17: FNV-2002-144-AGD, vedtak 18: FNV-2002-139-OST, vedtak 21: FNV-2002-56-OSL

måte det kom til uttrykk på var; *”C sier han har opplevd å bli innesperret på rommet til han blir ferdig, uten å få med mat og drikke”* (vedtak 9: FNV-2008-77-MRO).

Nemnda trakk også fram i saka si bakgrunn det skule – SFO – klassestyrar hadde formidla av det barnet har fortalt om noko det har opplevd eller vore vitne til i heimen; *”Barn 1 har fortalt på skolen at foreldrene krangler mye, og at hun da velger å gå ut”* (Vedtak 3: FNV-2009-74-ROG) og *”I refererat fra samarbeidsmøtet den 28.05.2003 kom det frem at B hadde fortalt klassestyreren at ”pappa slår og mamma klyper” og at B ikke spiser frokost om morgenen”* (Vedtak 14: FNV-2003-112-TRL). I eit av vedtaka kom slike utsegn til uttrykk to stader under saka si bakgrunn, der barnet fortalde om hendingar og opplevingar i heimen. Hendingane kom til uttrykk i samband med observasjonar skulen hadde gjort, og deretter at barnet fortel kva som førte til den nemnde åtferda; *”I løpet av skoleåret 2000/2001 merket skolen igjen endringar i As atferd. Hun var ifølge skolen svært ofte trett og nedfor, spesielt etter helger og ferier, og hun fortalte ved flere anledningar at moren og samboeren var fulle”* (vedtak 21: FNV-2002-56-OSL). I det siste utsegnet som kom fram i same vedtak, vart det vist til ein samtale der barnet fortalte om noko som skjedde heime;

Den 09.03.01 fortalte A klassestyreren at *”D drikker og er full. Han er så sint på mamma. Mamma blir redd og sitter helt stille i sofaen. Jeg blir kjemperedd. Da er jeg bare på rommet mitt, og jeg tør ikke gå ut derfra selv om jeg må på do* (Vedtak 21: FNV-2002-56-OSL).

Barnet si stemme i saka si bakgrunn inneheldt også ynskjer og meiningar om kva det ville. Barneverntenesta formidla barnet sitt ynskje på denne måten, og det kom til uttrykk fleire gonger i same vedtak; *”C har sagt at det hadde vært fint om han kunne få ha mer kontakt med kompiser”* (vedtak 9: FNV-2008-77-MRO) og *”A vil fortsatt ikke hjem til moren. Hun vil ikke hjem før moren er blitt frisk”* (vedtak 21: FNV-2002-56-OSL). Sidan det var referert til same ynskje fleire gonger ifrå barneverntenesta (særskild i vedtak 21), valde eg å visa til eit utsegn ifrå kvart vedtak. Barnet sitt ynskje kom også til uttrykk slik, og vart formidla gjennom skulen;

A hadde fortalt at det nok en gang hadde vært bråk hjemme i helgen. Moren og samboeren kranglet. Hun fortalte at hun hadde vært våken hele natten for å trøste moren, som ville ta livet av seg.... Jenta ville ikke hjem (Vedtak nr 21: FNV-2002-56-OSL).

Nemnda presenterte også barnet sitt ynskje på denne måten; *”Ho har hatt litt samvær m/far, men vil ikkje til han no lenger”* (vedtak 10: FNV-2007-203-MRO). I det siste utsegnet eg vil vise til, kom barnet sitt ynskje til uttrykk på denne måten; *”A har sagt til farmor i sommer at han kunne fått det bedre der enn hos far”* (vedtak 11: FNV-2007-194-MRO).

Informasjonen som kom fram i saka si bakgrunn viste også til kjensler eller behov barnet har hatt og som det har gitt uttrykk for; *”Gutten var skitten og ustelt og fortalte at han var sulten”* (Vedtak 2: FNV-2009-159-AGD) og *”Jente 2 fortalte at hun var redd”* (vedtak 5: FNV-2008-217-OPP). I nokre av utsegna der barnet fortalte om ei kjensle eller eit behov, forklarte barnet også kva som låg til grunn for dette; *”C har selv sagt at han blir sliten av foreldrenes konflikter og at dette fører til søvnvansker og mange forsovelser om morgenen slik at han kommer for sent på skolen”* (Vedtak 9: FNV-2008-77-MRO) og *”Vinteren – 01/ - 02 flyttet D i et par måneder ut sammen med en kjæreste fra rusmiljøet, og da sa mor og C det var roligere hjemme”* (vedtak 17: FNV-2002-144-AGD).

I eit av vedtaka refererte saka si bakgrunn til noko barnet formidla gjennom lege, og det kom til uttrykk slik; *”C er en intelligent gutt og har ved flere samtaler gitt uttrykk for at han ikke har det greit hjemme”* (vedtak 9: FNV-2008-77-MRO). Informasjonen som gav uttrykk for barnet sine kjensler, refererte også til spesifikke kroppslege kjensler barnet har fortalt om; *”I en udatert uttalelse fremgår det at hun særlig etter jul 2000 klaget på kvalme – vondt i halsen - vondt i hodet – vondt i leddene”* (vedtak 18: FNV-2002-139-OST).

Ei handling barnet har gjort eller har vore med på kom til uttrykk i to vedtak, og nemnda presenterte det slik;

Bekymringen knyttet seg til manglende hjelp til personlig hygiene, mangel på rene og passende klær og sko, blåmerker som hun ikke ville fortelle om og hun hadde fortalt at hun hadde vært hos en klassekamerat og sett sex-filmer (vedtak 5: FNV-2008-217-OPP).

”Selv fortalte hun at årsaken til dette var at ingen hadde vekket henne” (vedtak 7: FNV-2008-184-AGD). Det siste utsegnet kom fram i samband med ei bekymringsmelding frå skule til barneverntenesta om at jenta kom ofte for seint på skulen. Utsegnet visar kva jenta sa var årsaka til at ho kom for seint på skulen.

Oppsummert under punktet barnet si stemme i saka si bakgrunn ser eg at barnet si stemme kjem til uttrykk i 12 av mine 22 vedtak. Det viktigaste eg finn her er at barnet si stemme hovudsakleg kjem til uttrykk som noko barnet har sett og opplevd i heimen, noko som gjev oss eit lite innblikk i korleis barnet har det heime. Det inneber valdsepisodar, rusmisbruk blant foreldra og krangling mellom foreldra. Dette er informasjon som seier oss noko om korleis barnet har det, og fortel blant anna om hendingar som barnet har vore vitne til. Barnet si stemme vert ofte formidla i korte og konkrete utsegn, og ein kan sjå tydeleg kva innhaldet i barna sine uttrykk er. Barnet si stemme utgjer ein liten del av saka si bakgrunn. Utifrå det eg har vist til og funna eg har gjort i denne kategorien, kan ein seie at barnet si stemme kjem til uttrykk.

7.3.2.1 Forskjellar i vedtaka

Eg fann at av dei 12 vedtaka som hadde referanse til barnet si stemme i saka si bakgrunn var det sju vedtak frå 2008 – 2009 og fem vedtak frå 2002 – 2003 ⁵. Dette var ein skilnad på to vedtak. Det kom 18 utsegn til uttrykk i vedtaka frå 2008 – 2009, medan det kom fram 14 utsegn i vedtaka frå 2002 – 2003. I vedtaka frå 2008 – 2009 kom barnet si stemme i stor grad til uttrykk i form av ynskjer, opplevingar og hendingar ifrå heimen og om ei kjensle barnet har hatt. Dette var også det same som kom fram i vedtaka frå 2002 – 2003. Den viktigaste forskjellen eg fann var at fylkesnemnda noko oftare refererte til barnet si stemme gjennom saka si bakgrunn no enn før.

7.3.3 Barnet si stemme gjennom offentleg part

Offentleg part er dei som oftast fremjar saka til fylkesnemnda, og er representerte ved barneverntenesta / advokat. I sju av dei 22 vedtaka var det referert til barnet si stemme i offentleg part⁶. Informasjonen som kom fram her var mykje av same type som kom fram under førre kategori; om barnet sitt eige ynskje og om opplevingar og hendingar i heimen. Det viktigaste eg ser er at barnet sine ynskjer om sjølve omsorgsspørsmålet, kjem meir fram

⁵ 2008 – 2009: vedtak 2: FNV-2009-159-AGD, vedtak 3: FNV-2009-74-ROG, vedtak 5: FNV-2008-217-OPP, vedtak 7: FNV-2008-184-AGD, vedtak 9: FNV-2008-77-MRO, vedtak 10: FNV-2007-203-MRO, vedtak 11: FNV-2007-194-MRO

2002 – 2003: vedtak 14: FNV-2003-112-TRL, vedtak 16: FNV-2002-166-AGD, vedtak 17: FNV-2002-144-AGD, vedtak 18: FNV-2002-139-OST, vedtak 21: FNV-2002-56-OSL

⁶ Vedtak 3: FNV-2009-74-ROG, vedtak 4: FNV-2008-281-ROG, vedtak 6: FNV-2008-184-ROG, vedtak 7: FNV-2008-184-ROG, vedtak 12: FNV-2003-292-ROG, vedtak 14: FNV-2003-112-TRL og vedtak 21: FNV-2002-56-OSL

gjennom offentlig part enn i saka si bakgrunn, og at det er mindre opplysningar knytt til for eksempel rusopplevingar og krangling i heimen her, enn samanlikna med i saka si bakgrunn. Barnet si stemme uttrykt som ynskjer om kva det vil, kom til dømes fram slik;

Etter bvl § 6-3 skal det leggest vekt på barnets egen mening, og det bestrides ikke at Gutt ønsker å bo hjemme. Men dette kan ikke være avgjørende, fordi en totalvurdering av guttens behov tilsier at den beste løsning er å plassere ham i fosterhjem (vedtak 6: FNV-2008-188-AGD).

Begge barna gav uttrykk for at de ikke ønsket å flytte

Det vil være til Barn 2 og Barn 1s beste å plasseres i fosterhjem, selv om de selv gir uttrykk for å ikke ville dette. Deres mening skal lyttes til, men kan ikke vere utslagsgivende her. Deres omsorgssituasjon er for alvorlig til det” (Begge sitata – vedtak 7: FNV-184-AGD).

Barna si stemme som ynskje kom også til uttrykk på denne måten; *”Barna ønsker å vere i morens hjem”* (vedtak 12 : FNV-2003-292-ROG), som er eit kort og konkret utsegn og seier akkurat kva barnet ynskjer. Det vert også synleg at barnet har uttrykt eit ynskje fleire gonger; *”Dette at hun ikke vil hjem har hun gjentatt flere ganger”* og *”A har selv sagt at hun ikke vil flytte hjem før moren blir frisk. I dette legger hun at moren skal slutte å drikke”* (begge sitata: vedtak 21: FNV-2002-56-OSL).

I tre vedtak kom også barnet si stemme til uttrykk som hendingar og opplevingar barnet har hatt heime (til dømes krangling og rusmisbruk). I det første utsegnet kom også barnet sitt ynskje fram;

Barn 1 har gitt uttrykk for at hun ønsker å gå på SFO, mens mor sier at datteren ikke ønsker dette. Alle de tre barna har fortalt at de ikke liker den kranglinga som foregår hjemme, og som er med på å skape utrygghet for dem (vedtak 3: FNV-2009-74-ROG).

Det andre sitatet som inneheldt informasjon om hendingar og opplevingar i heimen kom til uttrykk gjennom skulen, men var referert ifrå barneverntenesta under offentlig part; *”Det er også fremkommet at B har fortalt på skolen at mor har kløpet henne i øret”* (Vedtak 14: FNV-2003-112-TRL). I det siste utsegnet refererer barneverntenesta til noko barnet har sagt i samtale med BUP;

Jenta har i samtaler med BUP også fortalt om rusmisbruk da hun var liten. Moren innrømmer bare at hun ved noen anledningar har vært i bakrus, men ikke ruset seg mens jenta har vært tilstede. Mors samboere har alle hatt alkoholproblemer. A har fortalt at D truer moren, og moren har bekreftet at hun

er blitt slått av samboeren ved i alle fall en anledning. A har også fortalt at hun ikke får lov til å fortelle noe fra hjemmet på skolen. Moren er i det hele benektende til hva jenta har fortalt og har bagatellisert dette (vedtak 21: FNV-2002-56-OSL).

Det var eit av vedtaka som gav informasjon om ei kjensle eller noko barnet tenkte på, og kom til uttrykk slik;

Før Barn 1 ble plassert på X snakket han mye negativt om mor. Etter plasseringen har dette endret seg fullstendig. Han gir nå uttrykk for at han tenker mye på mor. Barnevernstjenesten mener han har en utrygg tilknytning til mor, og at han er en gutt som holder tilbake følelsene sine. Når han blir spurt om mor sine samboere, trakk han seg tydelig tilbake og ville ikke si noe om dette. (Vedtak 4: FNV-2008-281-ROG).

Saka si bakgrunn og offentleg part heng til dels saman. Som nemnda visar til er opplysningane i saka si bakgrunn i hovudsak teke ifrå barneverntenesta sitt saksframlegg. Under offentleg part fann eg at barnet si stemme kom til uttrykk i sju av dei 22 vedtaka, noko som var litt mindre enn det som kom fram i saka si bakgrunn. Barnet si stemme inneheldt i hovudsak informasjon om barnet sitt ynskje om kvar dei ville bu. Det eg fann i samband med dette var og at nemnda viste nokre gonger til barneverntenesta si grunningjeving for kvifor barnet sitt ynskje ikkje kunne vera avgjerande fordi ei total vurdering sa noko anna. Det var først under offentleg part, med unntak av eit vedtak i kategori 1 (vedtak 22) at det vart påpeikt at det skal leggjast vekt på barnet si meining etter bvl § 6 – 3. Det var også her totalt sett lite som kom fram av barnet si stemme. Til dømes kom barnet si stemme i offentleg part fram i under ein tredjedel av sakene i analyse materialet mitt.

7.3.3.1 Forskjellar i vedtaka

Eg fann at det var fire vedtak ifrå 2008 – 2009 og tre ifrå 2002 – 2003 av totalt sju vedtak som inneheldt barnet si stemme⁷. Vedtaka frå 2008 – 2009 inneheldt såleis barnet si stemme i eit vedtak meir enn i 2002 – 2003. Det kom fem utsegn til uttrykk i frå 2008 – 2009, og det same gjorde det i vedtaka frå 2002 – 2003. Informasjonen som kom fram i vedtaka var stort sett den same, og barnet vart referert til like mange gonger i dei to ulike periodane. Barnet si stemme kom oftast til uttrykk som ynskjer om kvar barnet ville bu. Dei uttrykte seg også om ulike

⁷ 2008-2009; vedtak 3: FNV-2009-74-ROG, vedtak 4: FNV-2008-281-ROG, vedtak 6: FNV-2008-188-AGD, vedtak 7: FNV-2008-184-AGD. 2002-2003; vedtak 12: FNV-2003-292-ROG, vedtak 14: FNV-2003-112-TRL, vedtak 21: FNV-2002-56-OSL

hendingar dei har opplevd i heimen. Utifrå det eg har vist til, indikerer dette at det er lite forskjellar både med omsyn til omfang og innhald av kva som vert vist til når det gjeld barnet si stemme i vedtaka under denne kategorien.

7.3.4 Barnet si stemme gjennom privat part

I alle vedtak er det ein privat part og som oftast er dette dei biologiske foreldra til det / dei gjeldane barnet / barna. Dersom det skal fattast vedtak for barn som er fylt 15 år er dei sjølv part i eiga sak jfr. bvl § 6-3, samstundes som foreldra også er part. I materialet mitt var det to vedtak der eit av barna var over 15 og difor medrekna som eigen part⁸. Vedtaka var ifrå 2008 og 2003. I begge vedtaka var det også eit søsken under 15 år, på høvesvis ni og 12 år som falt inn under mi aktuelle aldersgruppe som er 7 og 12 år. I ni av 22 vedtak kom barnet si stemme til uttrykk gjennom privat part. I sju vedtak vart barnet si stemme referert til i frå foreldra, og i to vedtak var barnet sjølv eigen part⁹. Det som i hovudsak kom fram av barnet si stemme under privat part inneheldt barnet sitt eige ynskje kring samvær med foreldra eller ynskje om kvar det aller mest ville bu.

Tre av vedtaka inneheldt informasjon som har kome til uttrykk gjennom talsperson, og vart difor presentert under kategori 1 (vedtak 5, 17 og 22). I vedtaka der barnet er part kom ikkje barnet til uttrykk gjennom foreldra, sjølv om det også var søsken i same sak som ikkje var part. Det eg fann gjennom uttrykka som kom fram via privat part var at det barnet ynskte var til fordel for foreldra; *"Guttens egne uttalelser er også viktige. Han ønsker primært å bo hos mor, noe det må legges vekt på både når omsorgsspørsmålet avgjøres og eventuelt med tanke på samværsordning"* (Vedtak 2: FNV-2009-159-AGD). Også i dei neste utsegna omhandlar barnet sine ynskjer det same, om kva dei ville og som retta seg mot ynskjer til fordel for foreldra; *"Barna ønsker mer samvær med far"* (Vedtak 8: FNV-2008-440-OSL) og *"A har spurt far om hun kan bo hos ham"* (Vedtak 10: FNV-2007-203-MRO). I samband med privat part sin påstand og forklaring på kva barnet ynskjer, formulerte dei barnet si stemme som eit ynskje på denne måten; *"A har også uttalt at han ønsker å bo hos mor, og vil overnatte hos henne"* (Vedtak 11: FNV-2007-194-MRO).

⁸ Vedtak 7: FNV-2008-184-AGD og vedtak 12: FNV-2003-292-ROG

⁹ Vedtak 2: FNV-2009-159-AGD, vedtak 5: FNV-2008-217-OPP, vedtak 7: FNV-2008-184-AGD, vedtak 8: FNV-2008-440-OSL, vedtak 10: FNV-2007-203-MRO, vedtak 11: FNV-2007-194-MRO, vedtak 12: FNV-2003-292-ROG, vedtak 17: FNV-2002-144-AGD og vedtak 22: FNV-2002-5-TEL

I vedtak 7 (FNV-2008-184-AGD) der barnet sjølv er part, gav barnet uttrykk for noko det meinte og følte i forhold til mor, samtidig som at barnet sa noko om korleis det har det heime; *”Men Barn 2 har fortalt at mor er kjærleg og omsorgsfull og at hun setter grenser. Barn 2 trives hjemme”*. Utsegnet i det andre vedtaket der barnet var part, dreide seg om eit ynskje barnet sjølv hadde; *”Hun ønsker å flytte på hybel for å gå på Z landbruksskole”* (vedtak 12: FNV-2003-292-ROG). Medan alle referansar til barnet si stemme i privat part støttar oppunder foreldra sine ynskjer, var dette meir nyansert framstilt under offentlig part

Oppsummert vart barnet si stemme som vist til ovanfor referert til i ni vedtak. Informasjonen som kom fram under privat part var barna si stemme i form av ynskjer om kvar det ville bu og ynskjer om samvær med foreldra. Utsegna som kom til uttrykk var relativt korte og var ikkje noko særleg utgreiande, men ein såg tydeleg kva innhaldet i barnet si stemme var og kva barnet formidla, slik dette vart forstått av privat part. I to av vedtaka var barnet sjølv part i saka, og i desse vedtaka vart det ikkje referert til noko ifrå det foreldra har sagt. I vedtaka der barnet sjølv var part kom stemma deira lite til uttrykk. Eit viktig hovudfunn her er at også barnet si stemme gjennom privat part i alt vesentleg er lite synleg.

7.3.4.1 Forskjellar i vedtaka

Eg fann forskjellar i barnet si stemme gjennom privat part. I tre av vedtaka frå 2002 – 2003 kom barnet si stemme til uttrykk gjennom privat part¹⁰. I det eine vedtaket var barnet sjølv part (vedtak 12), medan i dei to andre vedtaka (vedtak 17 og 22) kom barnet si stemme til uttrykk gjennom talsperson og vart difor presentert i kategori 1 i staden for under privat part. I 2008 – 2009 var det seks vedtak der barnet si stemme kom til uttrykk gjennom privat part¹¹, medan det var eit (vedtak 7) der barnet sjølv var rekna som part og eit (vedtak 5) der barnet si stemme var referert til ifrå talsperson. Dette syner at det var referert fleire gonger til barnet si stemme i vedtaka frå 2008 – 2009 enn frå 2002 – 2003, og det vart oftare referert til barnet i denne delen av vedtaket i 2008 – 2009. Det var elles ingen forskjellar i informasjonen som kom til uttrykk i dei ulike periodane. Barnet si stemme kom i alt vesentleg til uttrykk som ynskjer om kvar dei vil bu, i korte utsegn.

¹⁰ vedtak 12: FNV-2003-292-ROG, vedtak 17: FNV-2002-144-AGD, vedtak 22: FNV-2002-5-TEL

¹¹ Vedtak 2: FNV-2009-159-AGD, vedtak 5: FNV-2008-217-OPP, vedtak 7: FNV-2008-184-AGD, vedtak 8: FNV-2008-440-OSL, vedtak 10: FNV-2007-203-MRO, vedtak 11: FNV-2007-194-MRO

7.3.5 Barnet si stemme i fylkesnemnda si slutning

Barnet si stemme i slutningane kom som oftast til uttrykk gjennom det talsperson formidla. Som vist til under kategori 1 var det seks vedtak der det vart referert til talsperson før sjølve slutninga. I fire av desse seks vedtaka vart det også referert til talsperson i slutningane. I slutningane refererte også nemnda til utsegn ifrå andre informantar (skule, SFO, besøksheim / fosterheim og helsesøster). I fire av dei 22 vedtaka eg hadde med i utvalet mitt var det ikkje referert noko som helst til barnet si stemme i nemnda si slutning¹². Eit vedtak var ifrå 2008, og resten var ifrå 2002 – 2003.

Informasjonen som kom fram i nemnda si slutning omhandla i hovudsak barna sine ynskjer om kvar dei ville bu og kven dei ville bu hos. Deretter fann eg informasjon som visar hendingar og opplevingar barnet opplevde i heimen (til dømes krangling og rusmisbruk). For å gjera denne delen mest mogeleg oversiktleg presenterer eg informasjonen som kjem fram i nemnda si slutning i to ulike underpunkt:

1. talsperson
2. andre (skule, lege, SFO etc)

7.3.5.1 Talsperson

Det var 10 av 22 vedtak der det vart referert til talsperson i nemnda si slutning¹³. Mesteparten av informasjonen som vart referert til ifrå talsperson dreidde seg om barnet sitt ynskje. Det var ynskjer om kvar det ville bu og ynskjer for samvær med biologiske foreldre; *”Gutt 1 har gjennom sin talsperson gitt uttrykk for at han ønsker å bo hos mor”* (Vedtak 1: FNV-2009-125-AGD). *”Nemnda fikk høre jentenes syn på saken gjennom deres oppnevnte talsperson. Begge jentene hadde vært veldig klare på at de ville bo hos mamma”* og *”Jente 2 uttalte til talspersonen at de ønsket å bo sammen”* (Begge sitat vedtak 5 - FNV-2008-217-OPP). Eit anna utsegn eg vil vise til og som er uttrykk for barnet si stemme gjennom talsperson, kjem i samband med at nemnda viser til kva dei ser på som det beste for dette barnet; *”Selv om barn 1 klart har gitt uttrykk ovenfor den oppnevnte talspersonen at han vil flytte hjem, anser*

¹² Vedtak 11: FNV-2007-194-MRO, vedtak 15: FNV-2003-105-ROG, vedtak 18: FNV-2002-139-OST og vedtak 20: FNV-2002-103-HSF

¹³ Vedtak 1: FNV-2009-125-AGD, vedtak 2: FNV-2009-159-AGD, vedtak 4: FNV-2008-281-ROG, vedtak 5: FNV-2008-217-OPP, vedtak 7: FNV-2008-184-AGD, vedtak 8: FNV-2008-440-OSL, vedtak 9: FNV-2008-77-MRO, vedtak 13: FNV-2003-239-ROG, vedtak 17: FNV-2002-144-AGD og vedtak 22: FNV-2002-5-TEL

fylkesnemnda at en omsorgsovertakelse også vil være det beste for han” (Vedtak 4: FNV-2008-281-ROG).

I sitatet under kom barnet si meining fram heilt på slutten av nemnda si slutning, ”*barnas mening*”. Det var dessutan berre det som vart referert til nedanfor som kom til uttrykk, og denne delen utgjorde heller ikkje nokon stor del av slutninga. Det utgjorde heller ikkje ein stor del samanlikna med vedtak 18 (FNV:2002-139-OST), der barna fekk stor plass for nemnda si slutning;

Barnas talsperson forklarte i fylkesnemnda guttene var bekymret for å flytte hjemmefra – og at det var deres dårlige oppførsel eventuelt kunne være grunnen til det. Fylkesnemnd ser i ettertid at guttene antakelig ikke har vært modne nok til å kunne ha nytte av talspersonordningen i denne saken (vedtak 8: FNV-2008-440-OSL).

Barna si stemme gjennom talsperson kom også til uttrykk som vist til nedanfor, der nemnda trakk fram element som var viktige å merke seg;

Hans uttalelser til sin talsperson peker dessuten i klar retning av at han ikke vil bo sammen med sin mor når hun fungerer som hun gjør, noe det er grunn til å merke seg når man tar i betraktning hvor lojale barn i hans alder vanligvis er overfor sine foreldre (vedtak 2: FNV-2009-159-AGD).

Gutten selv har ovenfor talsperson gitt uttrykk for noe usikkerhet rundt hva som skal skje. Han har imidlertid ikke gitt uttrykk for noen sterk motforestilling mot en slik løsning. Nemnda har derfor sluttet seg til partenes felles forslag om plassering i fosterhjem (vedtak 9: FNV-2008-77-MRO)

Barnet si stemme kom også til uttrykk ved at nemnda trakk inn bvl § 6 – 3, og viste i samband med dette kva barnet har uttalt til talsperson;

I barnevernsloven § 6-3 heter det at ”et barn skal informeres og tas med på råd når barnets utvikling, modning og sakens art tilsier det”. Fylkesnemnda oppnevnte en talsperson for C som har snakket med han. På spørsmål om hvor han ville bo ga han uttrykk for at han ville bo hos faren, men at han ønsket å besøke moren annenhver helg. Han synes imidlertid ikke å ha blitt klart informert om den aktuelle situasjonen med sak om omsorgsovertakelse. Etter fylkesnemndas vurdering er dette imidlertid en pekepinn om at han virker fornøyd med situasjonen slik den er nå (vedtak 22: FNV-2002-5-TEL).

Utsegna ifrå talsperson kom også til uttrykk i samband med at nemnda har gjort ei heilskapsvurdering. I heilskapsvurderinga tok nemnda ei vurdering av heile saka og tok ei avgjerd på grunnlag av dette. Gjennom ei slik vurdering vart også barnet si stemme eller uttrykk for eit ynskje eller meining teke med. I nokre av dei vedtaka eg har nytta kom barnet si stemme til uttrykk i samband med at nemnda sa at utsegnet inngjekk i ei heilskapsvurdering;

Nemnda finner ikke å kunne legge avgjørende vekt på Barn 1s uttalelse til sin talsperson om at hun helst vil bo hos sine foreldre. Det fremgår av dom inntatt i Rt-1998 side 1702 at barnevernloven § 6-3 ikke innebærer at barnets mening uten videre skal være avgjørende. Utsagnet må tolkes og inngå i en helhetsvurdering. Denne helhetsvurderingen har fylkesnemnda foretatt (vedtak 7: FNV-2008-184-AGD).

Vilkårene for omsorgsovertakelse etter barnevernloven §4-12 første og annet ledd er til stede. Kommunens begjæring om omsorgsovertakelse tas således til følge da det etter en helhetsvurdering også anses å være den beste løsning for A, jf lovens §4-1. I denne vurderingen er hennes mening vektlagt. Hun ønsker å bo hos mor, men på grunn av hennes alder og modning har hennes mening ikke vært utslagsgivende (vedtak 10: FNV-2007-203-MRO).

Her seier nemnda at barnet si meining ikkje har gitt noko utslag på grunnlag av alder og modning. I det øvste sitatet er det referert til barnet si stemme heilt kort, og det utgjør heller ikkje noko stor del av slutninga. Det visar at talspersonen har gjengitt det barnet har fortalt og at nemnda har teke det med, men dei forklarar at dei ikkje kan leggja avgjerande vekt på det barnet seier. Det same gjeld også her; *”Fylkesnemnda har ved samværsfastsettelsen merket seg barnas eget syn på saken, tilkjennegitt via talsperson, men har ikke kunnet legge avgjørende vekt på deres ønsker når det gjelder omfanget av samværsretten”* (vedtak 13: FNV-2003-239-ROG).

Barnet sitt ynskje om samvær kom også til uttrykk via talsperson i slutningane, når nemnda grunnjev vurderingar knytt til samvær; *”I den forbindelse har nemnda lagt stor vekt på Gutt 1s tydelige uttalelse at han ikke vil treffe sin far, slik den er kommet til uttrykk gjennom hans talsperson”* (Vedtak 1: FNV-2009-125-AGD). Barnet si stemme i samband med samvær, kom også til uttrykk på denne måten;

”Jente 2 fortalte til talspersonen at hun ønsket samvær med sin far slik som i dag, men i tillegg ønsket hun litt lengre samvær knyttet til ferier. Jente 2 ønsker å opprettholde dagens samvær med far. Ingen av

jentene klarte å si noe om samvær med mor, i det de var fast bestemte på å bo hos mor og ikke klarte å sette seg inn i situasjonen med å bo i fosterhjem” (Vedtak 5: FNV-2008-217-OPP).

7.3.5.2 Andre

I nemnda si slutning inneheldt seks av dei 22 vedtaka uttrykk for barnet si stemme referert ifrå andre¹⁴. Med ”andre” meiner eg her skule, SFO, besøksheim, helsesøster og fosterheim. I eit av utsegna i slutninga kom barnet sitt ynskje til uttrykk, vedtak 21 (FNV-2002-56-OSL); *”A har selv sagt at hun ikke vil flytte hjem før moren blir frisk. I dette legger hun at moren skal slutte å drikke”*. Dette var det einaste ynskje nemnda formidlar gjennom andre i slutningane.

Dei fleste utsegna som kom ifrå andre omhandla opplevingar og hendingar barnet har hatt i heimen, og som barnet fortalde om; *”De tre barna har for øvrig gitt uttrykk for at det er mye krangling og høylydt snakk i hjemmet”* (vedtak 3: FNV-2009-74-ROG) og *”C sa i desember at mora snakka mye om det B hadde gjort mot ham”* (vedtak 16:FNV-2002-166-AGD). I neste utsegn trekkjer nemnda ut barnet si stemme formidla gjennom SFO; *”SFO har meldt om mors sinne, barna har fortalt om det samme på skolen og B har fortalt at mor og far klyper de og stenger dem inne”* og *”Både B og A har fortalt på skolen at når de spiser frokost på skolen så har de ikke spist siden SFO dagen før”* (begge sitat vedtak 14: FNV-2003-112-TRL).

Utsegna nedanfor omhandla også ei handling eller oppleving barnet har opplevd i heimen, og som barnet har gitt uttrykk for fleire gonger ved ulike tilfeller; *” Hun har fortalt fostermor at far har gjort seksuelle tilnærmelser i forhold til henne”*, *”Etter noen uker i beredskapshjemmet fortalte C om seksuelle tilnærmelser fra fars side”* og *”C har fortalt i beredskapshjemmet at hun har vært utsatt for seksuelle tilnærmelser av far”* (alle sitat frå vedtak 19: FNV-2002-119-BUS). Desse utsegna var utifrå det nemnda vurderer saman med andre opplysningar som låg til grunn, ikkje naudsynte for avgjerda å ta stilling til.

I eit av vedtaka kom barnet si stemme til uttrykk i form av ei handling barnet gjorde (vedtak 22: FNV-2002-5-TEL);

¹⁴ Vedtak 3: FNV-2009-74-ROG, vedtak 14: FNV-2003-112-TRL, vedtak 16: FNV-2002-166-AGD, vedtak 19: FNV-2002-119-BUS, vedtak 21: FNV-2002-56-OSL og vedtak 22: FNV-2002-5-TEL

Bekymringsmelding vedrørende C, født 1991.

C har stort fravær på skolen, vil ikke gå på skolen. Han vil ikke fortelle hvorfor han ikke vil gå på skolen til meg. Han er sliten og trøtt sier mor. Mor sier han synes det er flaut å gå på skolen, på grunn av det store fraværet. De andre ungene erter han med dette. Skolen har meldt saken til barnevernet.

Det var i nemnda si slutning eg såg at barnet si stemme oftast kom til uttrykk. I 18 vedtak vart det på ein eller annan måte referert til barnet. Sjølv om barnet si stemme i stor grad kom til uttrykk, vil det ikkje nødvendigvis seie at barnet si stemme utgjorde ein stor del av sjølve nemnda si slutning. I slutningane vart barnet si stemme tydeleggjort først og fremst ved at nemnda refererte til talspersonen, og det barnet fortalte til denne. I samband med nokre av utsegna som kom til uttrykk vurderte fylkesnemnda barnet sitt modningsnivå. Eg såg at nemnda også ofte trakk barnet si stemme inn som ein del av ei heilskapsvurdering, der dei vurderte heile saka og tok ei avgjerd på grunnlag av dette. Dette syner at sjølv om nemnda ikkje refererer noko særleg til barnet si stemme, påpeiker dei ofte at det er inkludert i ei slik vurdering. Barnet si stemme i form av eit ynskje kom på denne måten til uttrykk, men det vart som oftast etterfulgt av at deira stemme ikkje har vore utslagsgivande eller at nemnda ikkje kan leggja avgjerande vekt på det barnet seier. Alder og modning var det som oftast vart referert til når nemnda skulle ta stilling til kva innverknad barnet si stemme kunne få for avgjerda.

Saman med barnet sitt ynskje, utgjorde også utsegn om hendingar og opplevingar barnet har hatt heime ein del av barnet si stemme gjennom nemnda si slutning, som til dømes kranling eller rusmisbruk i heimen. Eg fann at slik informasjon i slutningane berre kom fram via andre, som til dømes lege, skule og SFO, medan barna sine stemmer som ynskjer og meiningar kom fram via talsperson. Det viktigaste funnet i nemnda si slutning er at det var her barnet si stemme oftast kom til uttrykk. Eit anna funn var at nemnda i slutningane visar til informasjon frå barnet gjennom talsperson i omtrent halvparten av materialet mitt.

7.3.5.3 Forskjellar i vedtaka

Når eg såg etter noko som kan indikere forskjellar i korleis barnet si stemme kom til uttrykk i nemnda si slutning i dei to periodane eg undersøkte, brukte eg framleis inndelinga barnet si

stemme gjennom talsperson og gjennom andre. Av dei 18 vedtaka var det 10 vedtak som inneheldt barnet si stemme gjennom talsperson i slutningane. Det var sju vedtak ifrå 2008 – 2009 der nemnda refererte til talsperson, medan dei resterande tre var ifrå 2002 – 2003¹⁵. Ein kan utifrå dette sjå at det vart oftare referert til talsperson i slutningane i vedtaka frå 2008 – 2009. Informasjonen barnet si stemme inneheldt synast å vera lik i begge tidsperiodane, og det inneheldt i stor grad barna sine ynskjer om kvar dei ville bu og kven dei ville bu hos. Dette kom til uttrykk 12 gonger i vedtaka frå 2008 – 2009 og seks gonger i vedtaka frå 2002 – 2003. Dette indikerer at det kan ha skjedd ei positiv utvikling med omsyn til kor ofte og kor stor plass barnet si stemme får i slutningane.

I seks av slutningane i vedtaka refererte nemnda til barnet si stemme gjennom andre personar. Fem av vedtaka var ifrå 2002 – 2003 medan det berre var eit vedtak ifrå 2008 – 2009 der barnet si stemme her kom til uttrykk gjennom andre¹⁶. Det eg ser utifrå dette kan indikere at nemnda oftare trakk fram barnet si stemme gjennom andre før enn det dei gjer no. Dette er både eit naturleg og interessant funn jamfør talspersonsordninga som er blitt meir synleg og i stor grad har ”overtatt” rolla som barnet sitt talerøyr i deira sak. Det er elles ingen forskjellar i kva barnet si stemme inneheld, og det er same informasjon som kjem til uttrykk i begge periodane.

Etter å ha sett på alle vedtaka i dei to periodane og sett på forskjellar ifrå vedtaka 2008 – 2009 og 2002 – 2003, fann eg at barnet si stemme slik eg har definert det kom til uttrykk frå fylkesnemnda, etter barnekonvensjonen sin artikkel 12 og bvl. § 6 – 3 i vedtak om omsorgsovertaking jfr. bvl § 4 – 12, men svært ulik grad. Eg fann at barnet si stemme kom til uttrykk i 21 av dei 22 vedtaka som utgjorde materialet for undersøkinga mi. I eit av vedtaka frå 2002 – 2003 var det ikkje referert til noko som kunne karakteriserast som barnet si stemme (vedtak 20: FNV-2002-103-HSF). Det var ikkje oppnemnd talsperson i saka sjølv om barnet var 10 år gammalt. Berre eit av vedtaka i 2002 – 2003 inneheldt referanse til barnet si stemme i alle delar (vedtak 17:FNV-2002-144-AGD). I vedtaka frå 2008 – 2009 var det også berre i eit vedtak at barnet si stemme kom fram i alle delar (vedtak 2: FNV-2009-159-AGD).

¹⁵ 2008 – 2009: vedtak 1: FNV-2009-125-AGD, vedtak 2: FNV-2009-159-AGD, vedtak 4: FNV-2008-281-ROG, vedtak 5: FNV-2008-217-OPP, vedtak 7: FNV-2008-184-AGD, vedtak 8: FNV-2008-440-OSL, vedtak 9: FNV-2008-77-MRO. 2002-2003: vedtak 13: FNV-2003-239-ROG, vedtak 17: FNV-2002-144-AGD, vedtak 22: FNV-2002-5-TEL

¹⁶ 2008 – 2009: vedtak 3: FNV-2009-74-ROG. 2002 – 2002: vedtak 14: FNV-2003-112-TRL, vedtak 16: FNV-2002-166-AGD, vedtak 19: FNV-2002-119-BUS, vedtak 21: FNV-2002-56-OSL, vedtak 22: FNV-2002-5-TEL

Sjølv om barnet si stemme kom til uttrykk i vedtaka, fann eg likevel at barnet si stemme fekk liten plass og det kom lite informasjon direkte uttrykt frå barnet, samanlikna med alt anna som kom fram i vedtaket. Barnet si stemme var såleis mindre synleg enn andre si stemme. Saman med barna sine konkrete ynskjer og meiningar om den aktuelle situasjonen, kom det likevel ein del anna informasjon fram som gav oss eit lite innblikk i barnet sitt liv, slik dei sjølv skildrar dette. Dette var informasjon som inneheldt informasjon som visar til konkrete hendingar og opplevingar i barnet sitt liv. Totalt sett fann eg mest informasjon om barnet si stemme i nemnda si slutning, altså i 18 av 22 vedtak. I vedtaka frå 2008 – 2009 fann eg meir bruk av talsperson enn i vedtaka frå 2002 – 2003. Dette kan gje eit lite ymt om at barnet si stemme er blitt meir tydeleggjort i vedtaka, og det etterkvart er blitt meir synleggjering av barnet si stemme gjennom talsperson.

8.0 Drøfting

Hovudfokuset i prosjektet mitt var barnet si stemme i fylkesnemndsvedtak, etter barnekonvensjonen sin artikkel 12 og bvl § 6 – 3 i vedtak om omsorgsovertaking, jfr. bvl § 4 – 12. Eg ville sjå på kvar, korleis og i kva grad deira stemme kom til uttrykk, og om det var forskjellar i vedtaka frå 2002 – 2003 og 2008 – 2009. I denne delen vil eg drøfte korleis eg skal forstå funna mine og kva dei seier om barnet som eige rettssubjekt og som viktig aktør og deltakar i spørsmål om omsorgsovertaking, jfr. bvl § 4 – 12. Barnet si stemme i fylkesnemndsvedtaka er særleg viktig på grunnlag av avgjerdene i artikkel 12 i barnekonvensjonen, samt bvl § 6 - 3. Artikkel 12 i barnekonvensjonen og bvl § 6 – 3 er sentrale både når det gjeld syn på barn som sjølvstendige individ, og syn på barn som berarar av rettar, for dette føremålet, deltakarrettar. Intensjonen i desse paragrafane er å synleggjera barn som deltakarar i eiga sak, og gje dei mogelegheit til å få uttrykkje sine eigne meiningar og synspunkt på kva som er viktige for dei.

Eg har valt å drøfta mine funn samla, og ikkje undervegs. Grunnen er at drøftingstema mine i stor grad går på tvers av kategoriane mine. Ved å ha ei samla drøfting, unngår eg oppattakingar og eg kan sjå funna betre i samanheng. Forskingsspørsmåla mine utgjer også rama for oppbygging av drøftingskapittelet. Eventuelle forskjellar vert drøfta undervegs.

8.1 Oppsummering av mine hovudfunn

Barnet si stemme kom på ein eller annan måte til uttrykk i 21 av dei 22 vedtaka som utgjorde materialet mitt. Eg fann at barnet si stemme oftast vart referert til i nemnda si slutning (18 av 22 vedtak). Totalt sett kom barnet si stemme likevel i liten grad fram og det utgjorde ein liten del samanlikna med all anna informasjon som kom til uttrykk. Det som kom fram av barnet si stemme vart ikkje presentert systematisk, og det synast å vere litt tilfeldig kvar det stod og kva innhaldet var. Berre i eit vedtak av det som utgjorde materialet mitt var barnet si stemme presentert i eigen del, vedtak 18 (FNV-2002-139-OST), og på utfyllande og informasjonsrik måte.

Utsegna som kom til uttrykk som barnet si stemme inneheldt deira ynskjer og meiningar om omsorgsspørsmålet og kva dei ville i samband med dette. Eg fann at barnet si stemme også inneheldt anna informasjon som gav oss eit innblikk i noko barnet har opplevd, og kva følelsar og behov dei har hatt ved ulike tidspunkt. Barnet sine konkrete ynskjer kom i

hovudsak fram gjennom talsperson, medan anna informasjon formidla av barnet kom i hovudsak fram gjennom andre personar, som til dømes barneverntenesta, skule og SFO.

Heile materialet mitt utgjorde 22 vedtak om omsorgsovertaking jamfør § 4 – 12, noko som er for lite til at det er mogeleg å sjå tydelege trendar. Eit hovudfunn var likevel at eg totalt sett fann lite forskjellar i vedtaka frå 2002 – 2003 og 2008 – 2009. Barnet si stemme kom omtrent like mange gonger til uttrykk i vedtaka i begge periodane. Eit viktig funn er likevel at det var referert til talsperson fleire gonger i nemnda si slutning i vedtaka frå 2008 – 2009 samanlikna med andre periode. Dette kan tyde på at nemnda oftare oppnemnar talsperson, og oftare refererer til barnet si stemme via talsperson i dei nyare sakene.

8.2 Kvar fann eg informasjon om barnet si stemme i fylkesnemndsvedtaka?

For å sikra at eg i undersøkinga mi fanga opp barnet si stemme på best mogeleg måte, var eg interessert i å identifisera alle plassar og kvar i vedtaket dette kom til uttrykk. Difor utgjorde kategoriane mine kvar del i vedtaket. Ved at eg har gjort det på denne måten fann eg at barnet si stemme kom til uttrykk på ein eller annan måte i alle vedtaka unntatt eit, men at det var ganske tilfeldig kvar det kom fram, og det var ikkje noko system i kvar nemnda presenterte barnet si stemme. Barnet var dessutan gitt liten plass i vedtaka totalt sett. Barnet si stemme kom oftast til uttrykk i nemnda si slutning, og det var der eg fann mest informasjon om barnet si stemme i fylkesnemndsvedtaka.

Barn sine deltakarrettar er som vist, nedfelt i barnekonvensjonen sine artklar 12, 13, 14, 15 og 17 (Qvortrup, 2010), og nr. 12 er den artikkelen som i all hovudsak regulerer barn sin rett til å bli høyrte. I motesetnad til barnevernlova, set ikkje artikkel 12 noko nedre aldersgrense for deltaking. Barnet skal kunne uttale seg fritt og danne egne synspunkt med omsyn til deira alder og modning. Som Sandberg (2008) viser til, avgjer alder og modning om barnet får uttale seg eller ikkje etter artikkel 12. Saman med bvl. § 6 – 3 om barn sine rettार under sakshandsaminga dannar dette grunnlag for barn si deltaking i avgjerdsprosessen i barnevernet, og skal naturleg nok også liggje til grunn i fylkesnemnda sitt arbeid. I følge mine funn, var barnet si stemme synleg i saker om omsorgsovertaking etter bvl § 4 – 12, noko som artikkel 12 sitt andre ledd i barnekonvensjonen er svært tydeleg på at dei har avgjort rett til i denne type saker. Barnet si stemme i slike saker er med og tydeleggjer barnet sin status som rettssubjekt. Sjølv om det kom lite til uttrykk, fantes altså barnet si stemme der.

Hovudfunnet mitt er likevel at sjølv om stemma deira var synleg, var det lite systematikk i kvar det var referert til barnet si stemme i vedtaka, og barnet si eiga stemme hadde generelt liten plass i vedtaka.

Barn har som påpeikt fått tildelt rettar som medborgarar. Dei skal bli inkludert i og få vera ein del av samfunnet, og ha påverknad i avgjerder som gjeld dei. Slutningsmyndigheita ligg likevel framleis hos foreldre og andre instansar (Liden, 2004). I mitt tilfelle ligg slutningsmyndigheita hjå fylkesnemnda og det er dei som har det siste ordet i sakene der det skal fattast ei avgjerd. Fylkesnemnda har stor innverknad på kva som kjem til uttrykk i vedtaka og kvar det kjem til uttrykk. Ved at eg fann referanse til barna si stemme ein eller fleire stader i alle vedtak unntatt eitt, kan det gje ein indikasjon på at barna har fått ein plass i vedtaka og at deira rettar som medborgarar vert i større grad tekne i betraktning. Nemnda refererer dessutan oftast til barnet si stemme i vedtaka frå 2008 – 2009. Det kan gi oss ein peikepinn på at fokus på barnet som rettssubjekt kan ha vorte enda tydelegare etter inkorporeringa av barnekonvensjonen i norsk lovverk. Dette gjeld særleg bruk av talsperson jfr bvl § 7 – 9 og barnet si stemme uttrykt gjennom den. Talspersonsordninga kom som vist tidlegare, inn i lova 1.januar 1994 etter ei lovendring i 1993.

Same resultat viser Gjertsen (2009) til, som også fann at barnet i liten grad kom til uttrykk som aktør i saker om omsorgsovertaking i fylkesnemnda og i dommar frå tingretten. Undersøkinga til Gjertsen rettar seg mot sjølvne slutningane og om i kva grad barnet si stemme og deltaking kom til uttrykk, medan eg har teke føre meg heile vedtaket. Ho fann òg at barnet si stemme kom til uttrykk, men utgjorde som vist ein liten del av vedtaka og barnet vart ikkje framstilt som tydeleg aktør. Barn skal ifølgje barnekonvensjonen sin artikkel 12 andre ledd ha ein sentral plass i slike vedtak fordi det er dei saka direkte omhandlar. Som deltakar og aktør kjem deira posisjon i vedtaka eg har undersøkt lite til syne.

8.3 Kva informasjon inneheldt barnet si stemme?

Omfang og kva informasjon som kjem fram gjennom barnet si stemme i fylkesnemndsvedtaka, kan gje ein peikepinn på korleis nemnda vektar barnet si stemme versus andre stemmer i slike saker. Samt kva type informasjon som kjem fram gjennom barnet, kan gje oss ein peikepinn på både kva plass nemnda meiner barnet si stemme bør ha i

slike saker og kva type informasjon som er viktig for at rettane deira vert oppfylt og saka godt belyst.

Som vist til i oppsummeringsdelen av mine hovudfunn inneheldt barnet si stemme i hovudsak ynskjer om kva barnet ville og meiningar om sjølv omsorgsovertakingsspørsmålet. I 14 av dei 22 vedtaka i materialet mitt, vart slike ynskjer referert til gjennom talsperson. Dette var ynskjer som i hovudsak fortalde oss noko om kvar barnet ville bu og om samvær med foreldra. Fylkesnemnda kan etter bvl. § 7 – 9 oppnemne talsperson for barnet, og hovudoppgåva til talspersonen er å formidle barnet sitt synspunkt vidare til nemnda etter at han har snakka med barnet (Tjomsland, 2003). Det var difor eit forventa funn at barnet sine synspunkt vart formidla gjennom talsperson. Talspersonen skal fungere som barnet sin representant og talerøyr (Ofstad & Skar, 2009). For at intensjonen i barnekonvensjonen og barnevernlova skal komme tydeleg til uttrykk, stiller eg likevel spørsmålsteikn ved om å berre kort referera til barnet sine ynskjer er tilstrekkeleg nok. Det fortel oss lite om korleis barnet har det og kva dei ser på som viktig i livet sitt. Eg saknar difor meir informasjon frå talsperson, som kan gje eit meir heilskapeleg bilete av kva barnet har formidla eller gitt uttrykk for, utanom barnet sine ynskjer og meiningar om omsorgsspørsmålet. Med dette meiner eg meir informasjon som tydeleggjer barnet sin situasjon og korleis barnet eigentleg har det, sagt med deira eigne ord. Slik informasjon kan vere med å synleggjere barnet si stemme gjennom talsperson enda betre, enn slik det no vert gjort ved i all hovudsak å berre referere til deira ynskjer og meiningar om omsorgsspørsmålet og om kvar dei ville bu.

Barna sine ynskjer kom også til uttrykk referert av andre utanom talsperson, men i mindre grad enn det som vart formidla gjennom talsperson. Informasjonen i barnet si stemme som kom til uttrykk gjennom andre enn talsperson visar også til andre element i barnet sitt liv, som til dømes alvorlege hendingar som har skjedd i heimen og kjensler som gav uttrykk for svolt, trivsel eller andre behov som barnet har hatt. Denne type informasjon, som inneheldt noko anna enn barnet sitt ynskje, såg ein særskild i kategorien saka si bakgrunn, offentleg part og gjennom andre i nemnda si slutning. Det var korte glimt av noko som har hendt i barna sitt liv fortalt av dei sjølv. Gisholt (2007) har også funne at barnet i fylkesnemndsvedtaka uttrykkjer seg om sjølv omsorgsspørsmålet og deira ynskjer i høve dette, men også om ein del faktiske forhold i saka. Dette er det same eg fann, at barnet si stemme også inneheldt anna informasjon utanom deira ynskje og meining om omsorgsspørsmålet. Dette var eit fenomen eg såg igjen i alle kategoriane mine. Denne informasjonen gjev eit betre innblikk i korleis barna har det. Me

får eit litt betre bilete av korleis barna opplever situasjonen sin, og kva dei fortel i samband med ulike hendingar. Eg vurderer dette som eit forsøk frå fylkesnemnda si side å visa til breiare informasjon frå barnet. Gjennom å referera til andre ting barnet har fortalt frå livet sitt kjem barnet såleis betre til uttrykk og blir litt synlegare i vedtaket. Me får likevel ikkje noko utfyllande bilde av det som synast å vere viktig i barna sin kvardag. Det vert ofte vist til korte hendingar om noko barnet har opplevd og vore vitne til, og noko barnet har gitt uttrykk for ved eit spesielt tilfelle (som til dømes redsel). Dette er som påpeikt litt meir lausrivne enkelthendingar og enkeltopplevingar. Sjølv om det er korte utsegn med lite informasjon, får ein eit lite innblikk i korleis dei sjølve opplever situasjonen sin gjennom det som vert referert.

Dette må sjåast på som eit forsøk på å la meir av barn sine eigne stemmer komma til uttrykk, og eit forsøk på betre oppfyljing av intensjonane i lovverket. Det er naturleg at barna sine ynskjer kjem fram, då det er ein av hovudintensjonane i lovverket at barn skal få uttrykke si meining om saka. Eg fann dessutan at barnet si stemme oftare kom til uttrykk i vedtaka frå 2008 – 2009, enn i 2002 – 2003. Dette kan indikere at nemnda synleggjer og tek vare på barn sine deltakarrettar i større grad etter inkorporeringa av barnekonvensjonen i 2003. Etter inkorporeringa skal det generelt leggjast større vekt på barn sine interesser og synspunkt i saker som vedkjem barn (Sandberg, 2008). På tross av inkorporeringa av barnekonvensjonen og krav om større vektlegging av barn sine deltakarrettar, saknar eg likevel meir informasjon som gjev eit betre bilde av barnet sitt liv og som tydeleggjer deira situasjon. Ser ein på informasjonen som kom til uttrykk i vedtaka og i kva grad barnet si stemme kom til uttrykk, kan ein likevel spørje seg om intensjonen i barnekonvensjonen og i barnevernlova er oppfylt, sjølv etter inkorporeringa.

For at barn skal bli oppfatta som tydeleg aktør er det viktig at barnet sin situasjon slik dei sjølve ser det, kjem godt nok fram. For å vurdere kva type deltaking det er eg ser i vedtaka eg har studert, samt kva grad av deltaking eg finn, kan eg på bakgrunn av Shier (2001) og Skivenes & Strandbu (2006) sine prosedyrebaserte modellar for deltaking, gjera meg opp ei meining og prøve å forstå om intensjonen i barnekonvensjonen sin artikkel 12 og bvl § 6 – 3 er oppfylt i desse sakene. Eg vil bruke modellane som utgangspunkt for å vurdere om barnet si deltaking er på det nivået dei meiner barn si deltaking skal vera i saker som gjeld omsorgsovertaking etter bvl § 4 - 12.

Ved å nytte Shier (2001) sin modell for å studera barnet si stemme i fylkesnemndssaker bør ein kunne knytte mine funn til nivå tre og fire i modellen. På desse nivåa skal barn sine synspunkt takast i betraktning og barn skal få vere med i avgjerdsprosessen som aktive deltakarar i eiga sak. Ved at barnet si stemme i mange saker tilsynelatande kjem til uttrykk i form av deira ynskje, og ved at dei fortel om andre alvorlege hendingar og opplevingar som har prega kvardagen deira, kan dette indikere at deira synspunkt eller deira stemme som inneheld aktuell informasjon for saka er teken med, som er eit krav for at nivå tre skal vere oppfylt. Avgjerdene er likevel ikkje alltid gjort i samsvar med det barnet ynskjer, og det er i hovudsak andre vurderingar av kva barnet treng som vert vurdert som viktigare en deira ynskje om kva dei vil. Trass dette, synar ikkje dette barnet som ein aktiv deltakar, noko som Shier (2001) tydeleggjer på nivå fire. Det kjem for lite informasjon til uttrykk for å kunne seie at krava til nivå fire er oppfylt.

I følge Skivenes & Strandbu (2006) sin modell bør ein kunne knytte mine funn til nivå tre. Dette nivået inneheld at barn sine argument må takast på alvor og at argumenta skal inkluderast i ei avgjerd. At barn sine argument for kvifor dei meiner det dei meiner såg eg lite av i vedtaka. Skivenes & Strandbu (2006) påpeiker at informasjonen og argumenta barna kjem med skal takast på alvor. Utifrå mine funn om kva som kom til uttrykk kom det for eksempel ikkje fram konkret informasjon om korleis fylkesnemnda har avvege informasjonen i den grad barnet uttrykkjer ynskjer i strid med den avgjerda som blir fatta i vedtaket. Skivenes & Strandbu (2006) påpeiker også at dersom barn sine synspunkt vert ekskludert, skal det grunngjevast godt.

Grunngjeving av kvifor barnet sine synspunkt vart ekskludert var likevel tilfelle i nokre vedtak, der nemnda i samband med eit utsegn ifrå barnet har grunngjeve at deira meining eller ynskje ikkje kan få avgjerande vekt på grunn av at omsorgssituasjonen er for alvorleg. Eit anna døme er då nemnda legg barnet sin alder og modning til grunn, og seier at barnet si meining på grunnlag av dette ikkje har vore utslagsgivande. Barnet si stemme kjem av og til i nemnda si slutning til uttrykk i samband med at nemnda seier dei har teke med barnet si stemme i ei heilskapsvurdering. Barnet si meining og stemme er eit av fleire moment som skal inngå i ei slik vurdering. Dersom det ligg andre tungtvegande grunnar til grunn, skal ikkje barnet si meining nødvendigvis ha ei avgjerande tyding (Justis – og Politidepartementet, 2003). Nemnda påpeiker at barnet si meining ikkje er avgjerande, men er teken med i ei slik heilskapsvurdering. Eg meiner at det ikkje er tilstrekkeleg at nemnda refererer til at barnet si

stemme inngår i ei heilskapsvurdering, utan at dei tydeleg visar til kva konkrete avvegingar som er gjort. I kontrast til mine funn, fann Gisholt (2007) i si undersøking at fylkesnemnda var flinke til å trekkje fram moment som styrka eller svekka vekta av barn sine meiningar. Dette fann eg i liten grad, utanom meir generelle tilvisingar til alder og modning, ei heilskapsvurdering og liknande.

Føremålet med å publisera desse vedtaka på lovdata, er at offentlegheita skal få innsyn i vedtaka. Dette er også eit tiltak for å auka legitimiteten til barnevernet i befolkninga. På grunnlag av dette tenkjer eg at det vert viktig om barna kjenner seg igjen som tydelege aktørar og hovudpersonar i desse vedtaka. Eit viktig føremål med at barn skal delta i saker som vedkjem dei er at dei skal føle seg anerkjent og akseptert (Kjørholt, 2010). Barn skal ha ei kjensle av at dei bidreg med sine ferdigheitar og kunnskapar dei har som barn og som samfunnet kan ha nytte av (Kjørholt, 2010). Barnet sit inne med informasjon om kva som er viktige for dei, og som er naudsynt for å få fram i barnet si eiga sak (Skivenes, 2007). Slik barnet si stemme er framstilt i vedtaka eg har analysert, er det vanskeleg å sjå kor viktige barna sine innspel har vore, alt i alt. Dette kan signalisere eit syn på barn som mindre viktige aktørar i denne type saker. I neste del vil eg drøfta kor stor plass barnet si stemme er gitt i vedtaket og korleis dette kan forståast.

8.4 Kor stor plass var barnet si stemme gitt i fylkesnemndsvedtaka?

Eit av hovudfunna i oppgåva var som tidlegare nemnd at barnet si stemme har fått plass i vedtaka frå fylkesnemnda jfr. bvl. § 4 - 12. Barnet si stemme utgjorde likevel ein liten del av vedtaka, samanlikna med all anna informasjon som kom til uttrykk. Det var vurderingar gitt av andre som synast å ha størst plass i vedtaket. Vedtaket synast i hovudsak å vise kva andre meiner barnet treng, og kva dei meiner er til barnet sitt beste jfr. bvl. § 4 – 1 og barnekonvensjonen sin artikkel 3. Mine funn visar at andre delar av vurderinga av barnet sitt beste enn barnet sitt eige ynskje, har den største plassen i vedtaka. Dette funnet er heller ikkje unaturleg, sett i lys av at dei vedtaka eg har sett på er vedtak om omsorgsovertaking etter bvl. § 4 – 12.

Barnet si stemme skal som vist vera særleg tydeleg i viktige avgjerder som vedkjem barnet etter barnekonvensjonen sin artikkel 12. Kor stor plass barnet si stemme synast å ha i vedtaka kan forklarast utifrå barnet sin tvitydige rettsstatus, som kan seiast å vere ei utfordring kring

verkeleggjeringa av barn sine deltakarrettar. Ein orsak til at barnet si stemme var gitt så liten plass i vedtaka, og deira deltaking i mindre grad kom til uttrykk kan vera forholdet mellom retten til deltaking og retten til vern. I vedtaka var det gitt stor plass til andre, og det kan tenkjast at vernerettane ligg til grunn for dette.

Barn skal også vernast av vaksne, samtidig som dei skal få uttrykkje si meining og vere deltakande i avgjerder som gjeld dei sjølve og deira liv (Høstmælingen, 2003; Opdal, 2002). Vernerettane er særleg viktig i samband med omsorgsspørsmålet i § 4 – 12 saker. Vedtaka eg har teke føre meg omfattar omsorgsovertaking etter § 4 – 12, og dette kan vere ein av orsakene til at vernerettane kjem tydelegare til uttrykk enn retten til deltaking, og at barnet si stemme er gitt liten plass i vedtaka. Etter § 4 – 12 skal nemnda fatta ei vurdering som er den beste for kvart enkelt barn, jfr. bvl § 4 – 1. Nemnda er i dette tilfelle også pålagt å følgje vernerettane, og barnet sitt beste ligg som ei overordna vurdering. Dette tyder at dersom barnet har eit ynskje som nemnda meiner vi bli til skade for det, skal ikkje nemnda etterkomma barnet sitt ynskje.

Det er andre som avgjer og vurderer korleis barnet sine rettार skal forståast og verkeleggjerast (Opdal, 2002). Barn har rett til å delta, men det ligg i dei vaksne si makt til å avgjere og gje innhald til desse rettane. Det er vaksne som vurderer når og korleis eit barn skal få vere med å delta. Medan lovverket påpeiker at barn har rett til å bli høyrte og skal få anledning til å uttale seg avhengig av alder og modning, er det fylkesnemnda som i desse sakene i stor grad definerer og avgjer korleis barnet si stemme skal komme til uttrykk i vedtaket. Nemnda avgjer korleis barnet si stemme vert sjåande ut i verkelegheita og i kor omfattande grad det kjem til uttrykk. Barn vert også her underlagt dei vaksne si makt, noko som kan resultere i mindre grad av deltaking og lite synleggjering av barnet si stemme også i denne type vedtak.

Maktaspektet som er drøfta ovanfor heng til dels saman med syn på barn, som kan seiast å vere styrande for om barn vert tydeleggjort som rettssubjekt eller ikkje. Dette vil vere med å påverke korleis ein vurderer barn sine behov og kva rettार som vert sett på som mest viktige i ulike samanhengar. Kva som blir lagt vekt på når nemnda utformar vedtaka og korleis dei forstår barn sine deltakarrettar i denne type saker, kan ha grunnlag i ulikt syn på barn. Korleis nemnda oppfattar barna og kva dei legg til grunn for kva som er det viktigaste i vedtaka, kom ikkje til uttrykk og ein fekk ikkje noko førestillingar om kva som låg til grunn for deira vurdering.

I fylkesnemndsaker, slik vedtaka er utforma, synast likevel det vernande perspektivet å vere meir tydeleggjort når nemnda tek ei avgjerd. Det vernande synet er knytt til Archard (2004) si retning *the "caretaker" thesis* og Opdal (2002) sitt paternalistiske syn på barn. I eit slikt syn vert barnet i større grad sett på som ein meir inkompetent aktør, og som treng vern ifrå dei vaksne. Ein motsetnad til det vernande synet på barn er eit meir frigjerande syn som Archard (2004) kallar for *children's liberationists*, også kalla barnefrigjerarane. Ved å ha eit slikt syn på barn som utgangspunkt ser ein i større grad på barnet som kompetent aktør med dei same rettane som vaksne. Ein indikasjon på at eit meir frigjerande syn på barnet kan liggja til grunn, kan sjåast utifrå at barnet si stemme kom oftare til uttrykk gjennom talsperson i nemnda si slutning i vedtaka frå 2008 – 2009. Barnet si stemme vart oftare tydeleggjort, og fekk ein større plass.

Eg meiner at å gi barnet si eiga stemme større (og gjerne ein eigen) plass i vedtaka, og dersom det hadde komme mykje tydelegare fram i slutningane korleis informasjonen frå barnet vart brukt og avvega opp mot anna informasjon, ville dette på ein betre måte oppfylt intensjonen i barnekonvensjonen sin artikkel 12 og bvl § 6 – 3. Dette ville synleggjort barna mykje betre som aktørar og viktige deltakarar i eiga sak. I saker om omsorgsovertaking jfr. bvl § 4 – 12 vil vernerettane nødvendigvis alltid ha ein stor plass, men barn sine deltakarrettar er også ein viktig del av ei barnet sitt beste vurdering i slike saker. Ofte vil det vera slik at barn ikkje kan ha det endelege ordet i saker om omsorgsovertaking. Barna kan likevel synleggjerast som viktige aktørar i eiga sak på ein mykje tydelegare måte enn det som skjer i dag, både fordi den informasjonen dei bringar inn er viktig og fordi dei har rett til å veta kva tyding deira innspel er gitt og kvifor utfallet eventuelt må bli slik det blir.

For å forstå funne mine er det heile tida viktig å minna om vedtaka sin kontekst. Det er viktig å gjere greie for og å ta omsyn til kva kontekst vedtaka er skrivne innanfor. Det som kjem til uttrykk i vedtaka og som er det materialet eg har hatt tilgjengeleg er kort og samanfatta, og er eit resymé av forhandlingar som kan ha føregått innanfor eit tidsrom mellom ein til fire dagar. Til grunn ligg også eit omfattande skriftleg materialet som er lagt fram for nemnda i forkant. Nemnda må gjere eit val med omsyn til kva som skal inn i vedtaket og kva dei får plass til av det som kjem fram av det skriftlege materialet og dei munnlege forhandlingane. Likevel er det berre vedtaket, slik det ser ut når det vert lagt ut på Lovdata, allmennheita får tilgang til. Difor

blir dette eit viktig dokument å studere, og for mitt formål kor synleg barnet vert gjort i desse sakene.

9.0 Avslutning

Formålet med denne oppgåva var å sjå nærmare på barnet si stemme i fylkesnemndsvedtak, og finne ut kvar, korleis og i kva grad deira stemme kom til uttrykk i vedtaka. Samt om det var forskjellar i vedtak frå 2002 – 2003 og 2008 – 2009. Eg var vidare interessert i kva dette fortalte om barnet som eige rettssubjekt og som viktig aktør og deltakar i slike saker.

Oppgåva er ei kvalitativ studie som inneheld dokumentanalyse av 22 fylkesnemndsvedtak om omsorgsovertaking jfr. bvl § 4 – 12, som ligg tilgjengeleg på Lovdata. Eg har nytta meg av 11 vedtak frå 2002 – 2003 og 11 vedtak frå 2008 – 2009.

Forskingsspørsmåla eg har kasta lys over i dette prosjektet var som følgjer:

- *Kvar, korleis og i kva grad kjem barn si stemme til uttrykk i vedtak frå fylkesnemnda, jamfør Lov om Barnevernstenester § 4 – 12?*
- *Er det forskjell på kvar, korleis og i kva grad barnet si stemme kjem til uttrykk i vedtaka frå perioden 2002 – 2003 og 2008 – 2009?*
- *Kva fortel dette om barnet som eige rettssubjekt og viktig aktør i slike saker?*

Fokuset mitt i oppgåva har vore retta mot barn sine deltakarrettar, særleg retten til å bli høyrte i rettslege og administrative settingar, jamfør artikkel 12.2 i barnekonvensjonen. Barnevernlova § 6 – 3 om barn sine rettार under sakshandsaminga er også sentral når det gjeld barn sine deltakarrettar. For å kaste lys over temaet mitt på best mogeleg måte og for å kunne svare på forkingsspørsmåla mine, har eg sett på barn si stemme i fylkesnemndsvedtak jfr § 4 – 12 i lys av viktige utfordringar kring verkeleggjeringa av barn sine deltakarrettar. Eg har drøfta mine funn i lys av teori knytt til barn som berarar av rettार og barn sin tvitydige rettsstatus.

Mine mest sentrale funn i oppgåva var at barnet si stemme kom til uttrykk ein eller fleire gonger i 21 av dei 22 vedtaka som utgjorde materialet for undersøkinga mi. Eg fann likevel at barnet si stemme totalt sett kom lite fram, og utgjorde ein liten del samanlikna med all anna informasjon som kom til uttrykk i vedtaket. Det var ikkje noko tydeleg system i kvar og korleis barnet si stemme kom til uttrykk, det var litt tilfeldig kvar det stod og kva som kom fram. Informasjonen som kom til uttrykk gjennom barnet si stemme inneheldt deira ynskjer i hovudsak om kvar dei ville bu og kven dei ville bu saman med, men eg fann også informasjon som refererte seg til andre ting barnet hadde fortalt, til dømes ulike hendingar barnet hadde vore vitne til eller opplevd, kjensler barnet hadde hatt i samband med ulike hendingar og

opplevingar og liknande. Denne informasjonen gav eit litt breiare bilete av barnet sitt liv, men likevel framleis i avgrensa grad, då denne informasjonen ofte var korte og lausrivne glimt av noko barna har opplevd fortalt av dei sjølv. Eg fann totalt sett lite forskjellar i vedtaka frå dei to tidsperiodane i materialet mitt (2002 – 2003 og 2008 – 2009). I vedtaka mine fann eg likevel meir bruk av talsperson i nemnda sine slutningar i vedtaka frå denne siste perioden eg såg, 2008 – 2009.

I mi oppgåve har eg undersøkt kor synleg barnet si stemme er i fylkesnemndsvedtak jfr bvl § 4- 12, og om barnet som eige rettssubjekt og viktig aktør og deltakar kjem tydeleg til syne i desse sakene. Som nemnt i siste avsnitt i drøftinga, må mine funn lesast i kontekst, det vil sei i lys av det viktigaste av ei mengd informasjon. Oppgåva mi gjev likevel kunnskap om i kva omfang og korleis barnet si stemme i dag kjem til uttrykk i fylkesnemndsvedtak jfr bvl § 4 – 12, samanlikna med før barnekonvensjonen vart inkorporert i norsk lov i 2003. Dette seier oss noko om kor tydeleg barn si stemme er i viktige avgjerdsprosessar i barnevernet, for mitt føremål i vedtak om omsorgsovertaking i følgje bvl § 4 – 12.

Dette er noko praksisfeltet kan dra nytte av, ved at mine funn i oppgåva bidreg til å auke fokuset på viktigheita av barnet si stemme i slike saker, også i sjølve vedtaksutforminga, og at barnet si stemme også her synast mindre tydeleg enn det intensjonen i barnekonvensjonen artikkel 12 og bvl § 6 – 3 er. Det er likevel viktig å påpeika funnet om den auka bruk av talsperson eg fann i vedtaka frå 2008 – 2009. Her synes det å vera ei positiv utvikling, men funna mine reiser òg spørsmålet om talspersonordninga er godt nok utnytta med omsyn til å tydeleggjera barnet si stemme inn i desse sakene.

Med utgangspunkt i det eg har funne synes det naudsynt å forske vidare på barn sine deltakarrettar i avgjerdsprosessar i barnevernet, også i meir alvorlege saker som omsorgsovertaking jfr bvl § 4 – 12. Det vil til dømes vera interessant å forske vidare på kva tyding syn på barn og barnet som berar av rettar tyder for i kva grad barnet si stemme vert gjort synleg i slike saker og kva type informasjon som vert sett på som viktig å innhenta og synleggjera frå barn i fylkesnemndsvedtak, som har vore fokus i mitt prosjekt. Det kunne òg vore interessant å sjå på korleis allmennheita forstår barnet sin posisjon og aktørstatus med utgangspunkt i fylkesnemndsvedtak lagt ut på lovdata. Dette kunne ha gjeve viktig informasjon om i kva grad ein her greier å formidla det barnekonvensjonen sin artikkel 12 og barnevernslova § 6 – 3 legg til grunn, at barnet skal ha ein tydeleg aktørstatus i saker som

vedkjem dei. Det bør vera eit mål at barn også utifrå desse vedtaka, eller kanskje særleg i slike avgjerande vedtak for eit barn sitt liv, bør kunna sjå at det dei formidlar vert teke omsyn til, vekta og vurdert, og kva som eventuelt er hovudgrunnen til at deira syn ikkje kan vera avgjerande. Dette skjer ikkje i dag.

Litteratur

Bøker / artiklar:

- Alvesson, M., & Sköldberg, K. (1994). *Tolkning och reflektion: vetenskapsfilosofi och kvalitativ metod*. Lund: Studentlitteratur.
- Archard, D. (2004). *Children. Rights and childhood*. London: Routledge.
- Archard, D., & Skivenes, M. (2009). Hearing the child. *Child & Family Social Work, 14 (4)*, 391 - 399.
- Barne – og Familiedepartementet. (2002). *Om barne- og ungdomsvernet*. St.meld. nr 40 (2001 – 2002). Oslo: Barne – og Familiedepartementet.
- Barne – Likestillings – og Inkluderingsdepartementet. (2000). *Barnevernet i Norge. Tilstandsvurderinger, nye perspektiver og forslag til reformer*. NOU 2000:12. Oslo: Statens forvaltningsteneste
- Befring, E. (2007). *Forskingsmetode med etikk og statistikk (2 utg.)*. Oslo Samlaget.
- Berg, B. L. (2007). *Qualitative Reserach Methods for Social Science (6 utg.)*. Boston: Pearson Ed.
- Burr, V. (1996). *An introduction to social constructionism*. London: Routledge.
- Falck, S. (2000). Hvorfor fylkesnemnd? I S. Falck & T. Havik (Red.), *Barnevern og Fylkesnemnd*. Oslo: Kommuneforlaget AS.
- GC. (2009). *General Comment No. 12 - The right of the child to be heard*. Committee on the rights of the child.
- Gilje, N., & Grimen, H. (1993). *Samfunnsvitenskapenes forutsetninger (3. utg.)*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Gisholt, M. A. (2007). *Barns rett til å bli hørt ved omsorgsovertakelse*. Det juridiske fakultet, Oslo.
- Gjersten, V. (2009). *Se på den ungen!: en kvalitativ studie i syn på barn i saker om omsorgsovertakelser*. Universitetet i Stavanger, Stavanger.
- Grinde, T. V. (2000). Fakta om fylkesnemndene og aktuelle spørsmål. I S. Falck & T. Havik (Red.), *Barnevern og Fylkesnemnd*. Oslo: Kommuneforlaget AS.
- Grønmo, S. (2004). *Samfunnsvitenskapelige metoder*. Bergen: Fagbokforlaget.
- Habermas, J. (1990). *Moral Consciousness and Communicative Action*. Cambridge, Massachusetts: The MIT Press.
- Halvorsen, K. (2008). *Å forske på samfunnet. En innføring i samfunnsvitenskapelig metode*. Oslo: Cappelens Forlag AS.

- Hatch, J. A. (2002). *Doing Qualitative Research in Education Settings*: Albany, N.Y. : State University of New York Press
- Haugli, T. (2008). Hensynet til barnets beste. I N. Høstmælingen, E. S. Kjørholt & K. Sandberg (Red.), *Barnekonvensjonen: barns rettigheter i Norge* (s. 46-62). Oslo: Universitetsforlaget.
- Holgersen, G., & Tellefsen, M. (2003). *Barnet og loven: lovttekster med kommentarer for deg som arbeider med barn*. Oslo: Kommuneforlaget.
- Høstmælingen, N. (2003). *Internasjonale menneskerettigheter*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Høstmælingen, N., Kjørholt, E. S., & Sandberg, K. (2008). *Barnekonvensjonen. Barns rettigheter i Norge*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Høyland, J. (2003). Saksbehandling i fylkesnemnda. I S. Tjomsland (Red.), *Barnevern og omsorgsovertakelse*. Oslo: Kommuneforlaget AS.
- Johannessen, A., Tufte, P. A., & Kristoffersen, L. (2006). *Introduksjon til samfunnsvitenskapelig metode*. (3 utg.). Otta: Abstrakt forlag AS.
- Johannessen, A., Tufte, P. A., & Kristoffersen, L. (2010). *Introduksjon til samfunnsvitenskapelig metode* (4 utg.). Otta: Abstrakt forlag AS.
- Kjeldstadli, K. (1999). *Fortida er ikke en gang hva den var: en innføring i historiefaget*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Kjørholt, A. T. (2010). Barn som samfunnsborgere - til barnets beste? I A. T. Kjørholt (Red.), *Barn som samfunnsborgere - til barnets beste?* (s. 11-29). Oslo: Universitetsforlaget.
- Krippendorff, K. (2004). *Content analysis: an introduction to its methodology*. Thousand Oaks, California: Sage Publications.
- Kvale, S., & Brinkman, S. (2009). *Det kvalitative forskningsintervju*. Oslo: Ad notam Gyldendal AS.
- Larsen, Y. M. (2004). Barnets rettslige stilling i barnevernloven. I T. Havik, Y. M. Larsen, S. Nordstoga & J. Veland (Red.), *Barnevernet: forutsetninger og gjennomføring*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Leedy, P. D., & Ormrod, J. E. (2005). *Practical Research: planning and design*. Upper Saddle River, New Jersey: Pearson.
- Liden, H. (2004). Barns rettigheter - en realiserbar intensjon? *Tidsskrift for velfersforskning*, 7, 196 - 212.
- Neuendorf, K. A. (2002). *The Content Analysis Guidebook*. Thousand Oaks, California: Sage.
- Ofstad, K., & Skar, R. (2009). *Barnevernloven med kommentarer*. Oslo: Gyldendal akademisk.

- Omre, C., & Schjelderup, L. E. (2009). *Barn i barnevernet: en studie om barns deltakelse og styrkeprosesser i familieråd*. Trondheim: Tapir akademisk forlag.
- Opdal, P. M. (2002). Barnerettighetene. *Mennesker & Rettigheter*, 4.
- Oppedal, M. (1997). Blir barn sett og hørt ved akutte vedtak? I E. Backe-Hansen & T. Havik (Red.), *Barnevern på barns premisser* (s. 231 - 241). Oslo: Ab Notam Gyldendal.
- Ponterotto, J. G. (2005). Qualitative Research in Counseling Psychology: A Primer on Research Paradigms and Philosophy of Science. *Journal of Counseling Psychology*, 52(2), 126-136.
- Prout, A. (2005). *The future of childhood: towards the interdisciplinary study of children*. London: RoutledgeFalmer.
- Qvortrup, J. (2010). Om børns rettigheder i voksensamfundet. I A. T. Kjørholt (Red.), *Barn som samfunnsborgere - til barnets beste?* (s.30 – 46). Oslo: Universitetsforlaget.
- Robson, C. (2002). *Real world research : a resource for social scientists and practitioner-researchers* (2 utg.). Oxford: Blackwell.
- Sandberg, K. (2004). Inkorporering av Fns barnekonvensjon i norsk rett. *Kritisk Juss*, 30, 316 - 329.
- Sandberg, K. (2008). Barns rett til å bli hørt. I N. Høstmælingen, E. S. Kjørholt & K. Sandberg (Red.), *Barnekonvensjonen. Barns rettigheter i Norge*. (s.77 – 96). Oslo: Universitetsforlaget.
- Sandberg, K. (2010). Barns rett til medbestemmelse - et juridisk perspektiv. I A. T. Kjørholt (Red.), *Barn som samfunnsborgere - til barnets beste?* (s.47 – 70). Oslo: Universitetsforlaget.
- Shier, H. (2001). Pathways to Participation: Openings, Opportunities and Obligations. *Children & Society*, 15, 107 - 117.
- Skauge, B. (2010). *Er det noen som vil høre på meg?*. NTNU, Trondheim.
- Skivenes, M. (2007). Rett til medbestemmelse - også på fritiden. *Voksne for Barn*, 5, 19 - 20.
- Skivenes, M., & Strandbu, A. (2006). A Child Perspective and Children's Participation. *Children, Youth and Environments*, 16 (2).
- Smith, L. (2008). FNs konvensjon om barnets rettigheter. I N. Høstmælingen, E. S. Kjørholt & K. Sandberg (Red.), *Barnekonvensjonen. Barns rettigheter i Norge*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Stang, E. G. (2007). *Det er barnets sak: barnets rettsstilling i sak om hjelpetiltak etter barnevernloven § 4-4*. Universitetsforlaget, Oslo.

- Stern, R. (2006). *The child's right to participation: reality or rhetoric?* , Upsala Universitet, Sverige: Uppsala.
- Stern, R. (2007). Ratten til deltagande enligt FN:s barnekonvensjon. *Nordisk tidsskrift for Menneskerettigheter*, 1, 18 - 31.
- Strandbu, A. (2007a). *Barns rett til deltagelse og barneperspektivet i familierådsmodellen*. Universitetet i Tromsø, Tromsø.
- Thagaard, T. (2003). *Systematikk og innlevelse: en innføring i kvalitativ metode*. Bergen: Fagbokforlaget.
- Thomas, N. (2007). Towards a Theory of Children's Participation. *The international Journal of Children's Rights*, 15, 199 - 218.
- Tjomsland, S. (Red.). (2003). *Barnevern og omsorgsovertakelse*. Oslo: Kommuneforlaget.
- Vis, S. A. (2004). *Samtaler med barn i barnevernet*: Barnevernets Utviklingssenter i Nord Norge.
- Vis, S. A., & Thomas, N. (2009). Beyond talking - children's participation in Norwegian care and protection cases. *European Journal of Social Work*, 1 - 13.
- Wille, P. F. (2008). FNs Konvensjon om barnets rettigheter med protokoller. I M. A. Hedlund (Red.), *Barnerett - i et internasjonalt perspektiv*. Bergen: Fagbokforlaget.

Lover / konvensjonar:

- Barnekonvensjonen (1989). FNs konvensjon om barnets rettigheter. Henta ifrå http://www.regjeringen.no/upload/kilde/bfd/red/2000/0047/ddd/pdfv/178931-fns_barnekonvensjon.pdf
- Barnevernloven. (1992). *Lov om barnevernstjenester av 17.juli nr 100*. Henta frå <http://lovdata.no/all/nl-19920717-100.html>
- Forskrift om barnets talsperson. (1993). *Forskrift om barnets talsperson i saker som skal behandles i fylkesnemnda*. Fastsatt ved kgl. res. 22.desember 1993 nr. 1430 med hjemmel i lov 17.juli 1992 nr. 100 om Lov om barneverntjenester. Henta frå <http://www.lovdata.no/cgi-wift/ldles?doc=/sf/sf/sf-19931222-1430.html>
- Forvaltningsloven. (1967). *Lov om behandlingsmåten i forvaltningssaker av 10.februar nr. .* Henta frå <http://lovdata.no/all/nl-19670210-000.html>
- Menneskerettsloven. (1999). *Lov om styrking av menneskerettighetenes stilling i norsk rett av 21.mai nr. 30*. Henta frå <http://lovdata.no/all/nl-19990521-030.html>
- Sosialtenesteloven. (1991). *Lov om sosiale tenester av 13.desember nr 81*. Henta frå <http://lovdata.no/all/nl-19911213-081.html>

Verdserklæringa om menneskerettighetene (1948). *FNs verdserklæring om menneskerettigheter*. Henta frå <http://www.fn.no/FN-informasjon/Konvensjoner-og-erklæringer/Menneskerettigheter/FNs-verdenserklæring-om-menneskerettigheter>

Nettsider:

Barne – og Likestillingsdepartementet. (2006). *Deltakelse og innflytelse fra barn og ungdom. Informasjon og veiledning for arbeidet i kommunene*. Rundskriv Q-27/2006B. Henta frå

http://www.regjeringen.no/upload/BLD/Rundskriv/Rundskriv_Deltagelse_og_innflytelse_barn_og_ungdom.pdf

Barne – Likestillings – og inkluderingsdepartementet (2010). *Fylkesnemndene for Barnevern og Sosiale saker*. Henta frå <http://www.regjeringen.no/nb/dep/bld/dep/tilknyttede-virksomheter/fylkesnemndene-for-sosiale-saker.html?id=418110>

Barne – Likestillings – og Inkluderingsdepartementet. (2000). *Barnets talsperson i saker som skal behandles i fylkesnemnda. Kommentar til forskrift av 22. desember 1993*. Rundskriv. Henta frå

<http://www.regjeringen.no/nb/dep/bld/dok/rundskriv/2000/barnets-talsperson-i-saker-som-skal-beha.html?id=108619>

Forskningsetiskekomiteer. (2006). *Forskningsetiske retningslinjer for naturvitenskap og teknologi*. Henta frå www.etikkom.no

Fylkesnemnda for Barnevern og Sosiale saker. (2009). *Årsrapport 2009*. Henta frå http://www.regjeringen.no/upload/BLD/Fylkesnemnda/Årsrapport_2009_Fylkesnemndene.pdf

Justis – og Politidepartementet. (2003). *Om lov om endring i menneskerettsloven mv. (innarbeiding av barnekonvensjonen i norsk lov)*. Ot.prp. 45 (2002 – 2003). Oslo: Justis – og Politidepartementet. Henta frå

<http://www.regjeringen.no/nb/dep/jd/dok/regpubl/otprp/20022003/otprp-nr-45-2002-2003-.html?id=172802>

Lovdata. (2010, 20. desember). *Informasjon om Lovdata*. Henta frå <http://www.lovdata.no/info/info.html>

Vedlegg 1:

Vedtaka som utgjorde analysematerialet mitt, henta frå
<http://websir.lovdata.no/cgi-lex/wiftbasdir>

2009:

1. FNV-2009-125-AGD
2. FNV-2009-159-AGD
3. FNV-2009-74-ROG
4. FNV-2008-281-ROG
5. FNV-2008-217-OPP

2008:

6. FNV-2008-188-AGD
7. FNV-2008-184-ADG
8. FNV-2008-440-OSL
9. FNV-2008-77-MRO
10. FNV-2007-203-MRO
11. FNV-2007-194-MRO

2003:

12. FNV-2003-292-ROG
13. FNV-2003-239-ROG
14. FNV-2003-112-TRL
15. FNV-2003-105-ROG
16. FNV-2002-166-AGD

2002:

17. FNV-2002-144-AGD
18. FNV-2002-139-OST
19. FNV-2002-119-BUS
20. FNV-2002-103-HSF
21. FNV-2002-56-OSL
22. FNV-2002-5-TEL